

GISKE KOMMUNE

Handlings- og økonomiplan
2024 - 2027

Kommunestyret sitt vedtak og kommunedirektøren sitt forslag.
Kommunestyret sitt vedtak, Sak nr 91/23, i møte 7.12.2023

GREITT Å VITE

OM BUDSJETTET

ØKONOMI

Kommunestyret sitt vedtak

Handlings- og økonomiplanen er todelt.

Kommunestyret sitt vedtak kjem fram som vedtakstekst og tabellar i fremste del av dokumentet, lenke til fullstendige sakspapir finn de her:

Dokument 23/41290 - Handlings - og økonomiplan 2024 - 2027 - Giske kommune - Hovedportal

I andre del av dokumentet ligg kommunedirektøren sitt forslag. Kommunedirektøren sitt forslag er utarbeidd med bakgrunn i regjeringa Solberg sitt forslag til statsbudsjett.

Støre regjeringa gjorde endringar som kom fram av kommuneproposisjonen 2024. Desse endringane vart arbeidd inn i formannskapet si tilråding som vart lagt ut på høyring i perioden 21.11 - 5.12.2023. Formannskapet si tilråding er ikkje tatt med i dokumentet. Høyringsdokumenta finn de her:

Handlings- og økonomiplan 2024 - 2027 - Hovedportal (giske.kommune.no)

Vedtak - Sak nr. 91/23 i møte 7.12.2023

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2024 – 2027 inkludert årsbudsjettet for 2024

- Driftsbudsjettet for 2024 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på kr 599 350 196.
- Investeringsbudsjettet for 2024 vert godkjent med samla netto investeringsramme på kr 100 125 000.
- Kommune sine skatter for 2024 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2024 vert tatt opp rammelån på inntil kr 98 525 000 til investeringar og inntil kr 8 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2024 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jfr. Kommunelova § 14-18.

3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr

4. Giske kommunestyre gir: Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.

5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 40 nye flyktningar i 2024

6. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2024:

a. Faste eigedomar i heile kommunen

b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).

c. Eigedomsskattesatsen er 3‰. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar.

d. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.

e. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda.

Oversendings- og verbalforslag:

- Pasient og pårørandekoordinator. Giske kommunestyre ber kommunedirektør om ei utgreiing med tanke på å opprette ei slik stilling i Giske kommune.
- Giske kommunestyre ber om å få saka om tilskudd til Giske sogelag til politisk handsaming.
- Giske kommunestyre ber om å få fram ei sak om kva effekt ei auka grunnbemanning kan gi innan rammeområda oppvekst, helse og omsorg.
- Giske kommunestyre ber om at det blir sett av midlar til å utarbeide ei enkel kalkyle for å kartlegge kostnadar knytta til regulering og prosjektering, med tanke på videreføring av gangvegen mellom Reset og Gatå på Vigra.
- Giske kommunestyre ber om at det blir sett av midlar til å utarbeide ei kalkyle for å kartlegge kostnadar knytta til regulering og med tanke på fullføring av gangvegen mellom Flatebøen og Godøy bedehus.
- Giske kommunestyre ønsker å prioritere lovleg drift knytt til til bruk av læremiddel for alle trinn i grunnskulen.
- Giske kommunestyre ber om kommunedirektøren om å utvikle ein langsiktig plan for dette, med god samanheng og variasjon for inkluderande praksis.-
- Giske kommunestyre ber kommunedirektøren sjå på organiseringa av branntenesta i kommunen, om den, saman med andre samarbeidstenester, er noko vi kan gjere rimligare på eiga hand.

Kommunestyret sitt vedtak - Løyvingsoversikt drift jfr § 5-4 første ledd

alle tal i heile 1 000

Løyvingsoversikt drift jfr § 5-4 første ledd	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Kommunestyret sitt vedtak						
Rammetilskudd	- 262 905	- 283 486	- 300 391	- 305 227	- 305 230	- 305 239
Inntekts- og formuesskatt	- 311 009	- 298 826	- 320 363	- 320 363	- 320 363	- 320 363
Eiendomsskatt	- 28 024	- 21 375	- 22 500	- 23 000	- 23 000	- 23 000
Andre generelle driftsinntekter	- 24 894	- 19 383	- 33 577	- 31 964	- 33 577	- 32 164
SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	**- 626 833**	**- 623 070**	**- 676 831**	**- 680 554**	**- 682 170**	**- 680 766**
	-	-	-	-	-	-
Sum bevilgninger drift, netto	529 102	556 897	599 350	593 374	586 902	582 261
Avskrivinger	40 650	40 650	39 616	39 616	39 616	39 616
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	**569 753**	**597 547**	**638 966**	**632 990**	**626 518**	**621 877**
	-	-	-	-	-	-
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	**- 57 080**	**- 25 523**	**- 37 865**	**- 47 564**	**- 55 651**	**- 58 888**
	-	-	-	-	-	-
Renteinntekter	- 2 518	- 3 168	- 6 594	- 6 119	- 5 582	- 5 450
Utbytter	- 93	- 50	- 50	- 50	- 50	- 50
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	3 901	- 6 000	- 8 500	- 8 500	- 8 500	- 8 500
Renteutgifter	26 055	37 911	53 329	53 421	53 551	60 209
Avdrag på lån	37 790	43 130	43 312	45 456	47 558	52 302
NETTO FINANSUTGIFTER	**65 136**	**71 823**	**81 497**	**84 208**	**86 977**	**98 510**
	-	-	-	-	-	-
Motpost avskrivinger	- 40 650	- 40 650	- 39 616	- 39 616	- 39 616	- 39 616
	-	-	-	-	-	-
NETTO DRIFTSRESULTAT	**- 32 595**	**5 650**	**4 017**	**- 2 971**	**- 8 291**	**6**
	-	-	-	-	-	-
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	-	-	-	-	-	-
Overføring til investering	1 500	1 550	1 600	1 650	1 650	1 650
Avsetninger til bundne driftsfond	4 406	5	523	523	523	523
Bruk av bundne driftsfond	- 6 043	- 8 343	- 3 990	- 3 990	- 3 990	- 3 990
Avsetninger til disposisjonsfond	33 829	1 138	-	4 788	10 108	1 811
Bruk av disposisjonsfond	- 1 097	-	- 2 150	-	-	-
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
SUM DISPONERINGERELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	32 595	- 5 650	- 4 017	2 971	8 291	- 6
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	**0**	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**

Kommunestyret sitt vedtak - Løyvingsoversikt drift jfr § 5-4 første ledd, Rammeområde

alle tal i heile 1 000

Ramme	Løyvingsoversikt drift jfr § 5-4 første leddm Rammeområde	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
	Kommunestyret sitt vedtak						
1	POLITISK STYRING	4 484	4 766	5 143	5 361	4 993	5 383
2	KOMMUNE LEIING - STAB, KULTUR, SERVICE OG NÆRING	22 868	25 933	31 884	31 584	31 384	31 384
3	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	-8 722	14 403	14 431	12 417	11 543	11 543
4	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	8 547	8 694	12 992	12 992	12 992	12 992
5	OPPVEKST	221 252	234 364	256 913	257 878	257 847	257 817
6	BARN, FAMILIE, HELSE	54 470	57 544	66 043	66 043	66 043	66 043
7	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	199 758	180 818	189 251	189 401	189 401	189 401
8	MILJØ OG KULTUR	0	0	0	0	0	0
9	TEKNISK	20 457	25 737	18 003	13 003	8 003	3 003
10	KYRKJELEGE FØREMÅL	5 505	5 751	6 164	6 164	6 164	6 164
12	SKATT, RAMMETILSKOT, FINANS	484	-1 114	-1 473	-1 468	-1 468	-1 468
	Sum bevilgninger drift, netto,	**529 102**	**556 897**	**599 350**	**593 374**	**586 902**	**582 261**

Kommunetyret sitt vedtak - Økonomisk oversikt drift jf KL 5-4 1. ledd

Alle tal i heile 1 000

Økonomisk oversikt drift jf § 5 - 6 Kommunestyret sitt vedtak	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Rammetilskudd	- 262 905	- 283 486	- 300 391	- 305 227	- 305 230	- 305 239
Inntekts- og formuesskatt	- 311 009	- 298 826	- 320 363	- 320 363	- 320 363	- 320 363
Eiendomsskatt	- 28 024	- 21 375	- 22 500	- 23 000	- 23 000	- 23 000
Andre skatteinntekter	-	-	-	-	-	-
Andre overføringer og tilskudd fra staten	- 24 894	- 19 383	- 33 577	- 31 964	- 33 577	- 32 164
Overføringer og tilskudd fra andre	- 94 060	- 52 694	- 53 731	- 53 690	- 53 451	- 53 490
Brukerbetalinger	- 20 302	- 20 455	- 19 669	- 19 094	- 19 094	- 19 094
Salgs- og leieinntekter	- 62 204	- 65 048	- 83 582	- 88 582	- 93 582	- 98 582
SUM DRIFTSINNTEKTER	**- 803 398**	**- 761 267**	**- 833 812**	**- 841 920**	**- 848 296**	**- 851 932**
	-	-	-	-	-	-
Lønnsutgifter	365 756	347 212	373 339	373 381	373 199	373 364
Sosiale utgifter	86 448	98 032	105 036	103 006	102 103	102 096
Kjøp av varer og tjenester	223 985	225 523	248 363	248 944	248 358	248 598
Overføringer og tilskudd til andre	29 479	24 327	29 594	29 408	29 369	29 369
Avskrivninger	40 650	40 650	39 616	39 616	39 616	39 616
SUM DRIFTSUTGIFTER	**746 318**	**735 744**	**795 948**	**794 356**	**792 645**	**793 043**
	-	-	-	-	-	-
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	**- 57 080**	**- 25 523**	**- 37 865**	**- 47 564**	**- 55 651**	**- 58 888**
	-	-	-	-	-	-
Renteinntekter	- 2 518	- 3 168	- 6 594	- 6 119	- 5 582	- 5 450
Utbytter	- 93	- 50	- 50	- 50	- 50	- 50
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	3 901	- 6 000	- 8 500	- 8 500	- 8 500	- 8 500
Renteutgifter	26 055	37 911	53 329	53 421	53 551	60 209
Avdrag på lån	37 790	43 130	43 312	45 456	47 558	52 302
NETTO FINANSUTGIFTER	**65 136**	**71 823**	**81 497**	**84 208**	**86 977**	**98 510**
	-	-	-	-	-	-
Motpost avskrivninger	- 40 650	- 40 650	- 39 616	- 39 616	- 39 616	- 39 616
	-	-	-	-	-	-
NETTO DRIFTSRESULTAT	**- 32 595**	**5 650**	**4 017**	**- 2 971**	**- 8 291**	**6**
	-	-	-	-	-	-
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	-	-	-	-	-	-
Overføring til investering	1 500	1 550	1 600	1 650	1 650	1 650
Avsetninger til bundne driftsfond	4 406	5	523	523	523	523
Bruk av bundne driftsfond	- 6 043	- 8 343	- 3 990	- 3 990	- 3 990	- 3 990
Avsetninger til disposisjonsfond	33 829	1 138	-	4 788	10 108	1 811
Bruk av disposisjonsfond	- 1 097	-	- 2 150	-	-	-
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	**32 595**	**- 5 650**	**- 4 017**	**2 971**	**8 291**	**- 6**
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	**0**	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**

Kommunestyret sitt vedtak - Bevillingsoversikt Investering A

Alle tal i heile 1 000

Løyvingsoversikt investering jf. § 5-5 første ledd	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Kommunestyret sitt vedtak						
Investeringer i varige driftsmidler	145 504	92 053	109 423	131 961	207 593	146 943
Tilskudd til andres investeringer	2 459	-	-	200	5 200	5 200
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 217	1 550	1 600	1 650	1 700	1 750
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	**149 180**	**93 603**	**111 023**	**133 811**	**214 493**	**153 893**
	-	-	-	-	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	- 25 527	- 7 868	- 10 898	- 19 741	- 32 023	- 20 943
Tilskudd fra andre	- 3 550	-	-	-	-	-
Salg av varige driftsmidler	- 2 797	-	-	- 8 900	- 5 000	- 7 000
Bruk av lån	- 113 708	- 84 185	- 98 525	- 103 520	- 175 770	- 124 200
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	**- 145 581**	**- 92 053**	**- 109 423**	**- 132 161**	**- 212 793**	**- 152 143**
	-	-	-	-	-	-
Videreutlån	13 304	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000
Bruk av lån til videreutlån	- 13 304	- 8 000	- 8 000	- 8 000	- 8 000	- 8 000
Avdrag på lån til videreutlån	6 332	2 500	5 000	5 000	5 000	5 000
Mottatte avdrag på videreutlån	- 5 297	- 2 500	- 5 000	- 5 000	- 5 000	- 5 000
NETTO UTGIFTER VIDEREUTLÅN	**1 035**	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**
	-	-	-	-	-	-
Overføring fra drift	- 1 500	- 1 550	- 1 600	- 1 650	- 1 700	- 1 750
Avsetninger til bundne investeringsfond	11 015	-	-	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	- 14 150	-	-	-	-	-
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	**- 4 634**	**- 1 550**	**- 1 600**	**- 1 650**	**- 1 700**	**- 1 750**

Kommunestyret sitt vedtak - Bevillingsoversikt investering jf. § 5-5 andre ledd alle tal i heile 1 000

Prosjekt	Bevillingsoversikt investering jf. § 5-5 andre ledd,	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
	Kommunestyret sitt vedtak						
1	Oppgradering eksisterande leidning til Vigra	-	-	3 000	-	-	-
3	Renovering av omsorgsbustader ved Gudmundvegen	-	-	-	1 450	2 400	2 150
6	Renseanlegg Valderhaug	-	-	-	1 000	15 000	14 000
12	Overføring Sætra - Blomvika	-	-	450	-	-	-
14	Oppgradering utleigebustadar Ansvar 5100	-	-	630	630	1 880	1 880
35	Oppgradering sydfasaden Giske idrettshall	-	-	-	1 500	-	-
39	Renseanlegg Giske	-	-	-	-	-	700
40	Godøy skule	-	-	-	-	1 630	-
52	Vøle fasade Godøy skule A-bygg	-	-	-	-	2 500	-
57	Renovering garderober Godøy skule B-bygget	-	-	-	1 880	1 880	-
58	Renovering toalett Godøy skule B-bygget	-	-	-	-	1 250	-
59	Oppgradere lokaler ved symjehall Godøy skule	-	-	-	-	1 250	-
71	Vøling av gymbygg og streeten ved Giske ungdomsskule	-	-	-	-	-	5 250
80	Digitalisering og avhending av arkivmateriale	-	-	1 363	1 363	1 363	1 363
83	Innvendig vøling fellesrom - Godøy bukollektiv	-	-	-	315	315	-
84	Ombygging skyllerom - Godøy bukollektiv	-	-	-	-	-	160
85	Utviding parkeringsplass - Godøy bukollektiv	-	-	-	-	310	185
90	Vøling fasade Hustruhamna	-	-	-	3 750	-	-
92	Ledningsanlegg Gjerdevegen	-	-	3 500	4 000	-	-
93	Sykkelskur Godøy skule	-	-	-	-	1 880	-
97	Utviding parkeringsareal Alnes besøkssenter	-	-	-	-	1 880	-
119	Ombygging gamle Daggry barnehage	-	-	4 688	4 688	-	-
121	Jusspimarka - opparbeiding utbyggingsområde	-	-	6 150	-	-	-
124	Vigra omsorgssenter - innkjøp utstyr institusjonsdrift	-	-	1 000	-	-	-
125	Trygghetsalarmer	-	-	1 187	-	-	-
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI	446	5 000	2 500	2 500	1 250	1 250
1304	EIGENKAPITALINNSKOT KLP	1 217	1 550	1 600	1 650	1 700	1 750
2302	IKT-UTSTYR SKULAR	469	600	-	-	-	-
2336	Oppgradering skulekjøkken Giske ungdomsskule	-	2 000	-	-	-	-
2337	Enøk tiltak Formålsbygg	-	250	-	-	-	-
2338	Innvendig vøling Vigra barnehage	-	440	-	-	-	-
2339	Omlegging tak på rådhuset	-	940	-	-	-	-

Prosjekt	Bevillingsoversikt investering jf. § 5-5 andre ledd,	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
	Kommunestyret sitt vedtak						
2340	Oppgradering Skomakervegen BF	-	440	440	440	440	440
2343	Oppgradering utstyr bygg og eigedom	-	500	315	315	315	315
2344	Sanering symjehall Godøy skule	-	1 280	2 530	-	-	-
2345	Tilstandsvurdering Giske idrettshall	-	625	-	-	-	-
2346	GISKE UNGDOMSSKULE IT-UTSTYR	-	125	-	-	-	-
2347	Utvendig vøling - Vigra omsorgssenter	-	380	-	380	250	-
2348	Ny varmepumpe - Valderøy barneskule	-	1 250	1 250	-	-	-
5108	RENOVERING GISKE IDRETTSHALL	-	-	790	-	-	-
5122	Kjøp/sal tomter	17	-	-	-	-	-
5123	SAL GISKE KVILEHEIM - BURMAVEGEN 13	109	-	-	-	-	-
5130	NÆRMILJØTILTAK	118	4 070	-	-	-	-
5168	Vigra Skule tilbygg/påbygg/nybygg	163	2 380	2 500	60 000	125 000	76 500
5303	GODØY BRANNSTASJON - UTBETRIN	-	-	-	-	-	1 250
5304	Tankbil brannvesen/vassforsyning	5	-	-	-	-	-
5410	FELLES TEKNISK UTSTYR	183	200	200	200	200	200
5605	SKULEVEGEN GISKE	171	-	-	-	-	-
5702	YTTERLAND NÆRINGSOMR.	1 459	-	-	-	-	-
5756	UTVIKLING AV GJØSUND HAMNE- OG NÆRINGSOMRÅDE	1 799	6 250	6 300	6 300	6 300	6 300
5857	MUDRING GJØSUNDET	115 833	-	-	-	-	-
5858	Opparbeiding av næringsområde Gjøsund	7 669	-	6 300	6 300	6 300	6 300
6056	GANGV./LEIDN.ANL. RESET	-	9 750	15 000	5 250	-	-
6059	Gangveg Geilevika - Teppemyra	-	7 613	12 500	-	-	-
6060	Hovudplan veg	-	1 500	-	-	-	-
6154	GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T	-	9 710	10 000	-	-	-
6201	MINDRE VEGANLEGG	117	500	500	500	500	500
6202	GATELYS	200	200	200	200	200	200
6204	TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK	-	200	200	200	200	200
6212	Transpormidler og maskiner til uteseksjonen	512	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200
6213	Utstyr og lisensar til prosjektleiarane	-	100	-	-	-	-
6221	ASFALTERING/REPARASJON KOMMUNALE VEGAR	1 499	2 500	-	-	-	-
6250	Modernisering av leidningsanlegg/lekkasjered/Hovudplan	1 297	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200
6252	Overføringsledning Godøy - Giske	610	-	-	-	-	-
6253	Vassledning Giske - Staurneset	2 257	-	-	-	-	-
6256	BYTTE AV GENERATOR ALNES VASSVERK	-	-	2 500	2 500	-	-
6257	NAUDSTRAUMSAGGREGAT TIL HENGAR	-	500	-	-	-	-
6309	OVERVATN ROKKEVEGEN	541	-	-	-	-	-
6310	Sanering nedlagt anlegg	-	500	-	2 500	-	-
6365	LEIDNINGSANLEGG DYB VEST	-	-	180	-	-	-
6372	Nytt hovudnett på Molnes	3 262	-	-	-	-	-

Prosjekt	Bevillingsoversikt investering jf. § 5-5 andre ledd,	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
	Kommunestyret sitt vedtak						
6373	LEIDNINGSANLEGG OG PUMPESTASJONAR VALDERØY	-	7 500	7 500	7 500	7 500	-
6380	TILBYGG ALNES RENSEANLEGG	-	5 000	-	-	-	-
6381	MINDRE LEIDNINGSANLEGG	752	1 350	1 350	1 400	1 400	1 400
6382	PUMPESTASJONAR OPPGRADERING	-	3 000	-	-	-	3 000
6383	FORNYING LEIDNINGSANLEGG	6 917	12 000	12 000	12 500	12 500	12 500
6386	HOVUDPLAN VATN/AVLØP	423	-	-	-	-	-
6390	RENSEANLEGG ROALD	52	1 000	-	-	9 300	8 500
6501	MVA JUSTERINGSRETT	82	-	-	-	-	-
7101	Giske Kyrkje - forprosjekt murverk	200	-	-	-	-	-
7300	VALDERØY KYRKJEGARD	800	-	-	-	-	-
7320	Godøy gravplass utviding	-	-	-	200	5 200	5 200
	Sum investeringsutgifter bevillingsoversikt investering jf. § 5-5 første ledd	**149 180**	**93 603**	**111 023**	**133 811**	**214 493**	**153 893**

Bruk av lån

Bruk av lån						
Kommunestyret sitt vedtak	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Bruk av lån eks husbank, bevillingsoversikt investering	-113 707 909	-84 185 000	-98 525 000	-103 520 000	-175 770 000	-124 200 000
Herav VAR	16 622 560	52 810 000	55 380 000	33 800 000	48 100 000	42 500 000
Lån til investeringar ut over VAR	**-97 085 349**	**-31 375 000**	**-43 145 000**	**-69 720 000**	**-127 670 000**	**-81 700 000**



Greitt å vite

Frie inntekter

Rammetilskot	**300 391 000**
Inntekts- og formuesskatt	**317 363 000**
Eigedomsskatt	**30 000 000**
Andre generelle driftsinntekter	**33 576 600**
Sum frie disponible inntekter	**681 330 600**

Driftsresultat

Driftsresultat

836
mill. kr

Totale driftsinntekter 2023

793
mill. kr


Totale driftsutgifter 2023

- 1,8
mill. kr

Netto driftsresultat 2023

÷0,25%


Netto driftsresultat av brutto driftsinntekter



Netto driftsresultat

÷1,867 mill. kr

Fordeling mellom områda


POLITISK STYRING
4 993 187
KOMMUNE LEIING - STAB, KULTUR, SERVICE OG NÆRING
31 492 023
FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER
15 513 524
DIVERSE TENESTEOMRÅDE
12 991 583
OPPVEKST
254 063 233
BARN, FAMILIE, HELSE
66 043 280
PLEIE, OMSORG OG SOSIAL
189 634 623
MILJØ OG KULTUR
0
TEKNISK
68 070608
KYRKJELEGE FØREMÅL
6 163 970
0
50000000
100000000
150000000
200000000
250000000
300000000

1. Kommunedirektøren si innleiing

"Vi må nok klatre over ein topp til, og då er det større moglegheiter for at landskapet opnar seg opp."

Karl André Birkhol, kommunedirektør



Giske - historisk og framtidsretta

Vi må nok klatre over ein topp til...

I «Kommunebiletet» for Giske kommune, har Statsforvaltaren samla inn data frå kommunen for å danne seg eit bilete av kva som er bra og kva ein ser på som utfordringar i kommunen sine tenester.

«Kommunebiletet» viser at mykje er bra i Giske kommune.

I framtidsperspektivet meiner Statsforvaltar at Giske bør arbeide vidare med:

- strategisk kompetanseplanlegging for å sikre rett kompetanse på rett plass.
- innovasjon og omstilling, for å sikre framtidige berekraftige omsorgstenester.
- tiltak for å forebygge vidare negativ utvikling for barn i familiar med låg inntekt og unge sosialhjelpsmottakarar

Sjølv om mykje er bra, er det likevel behov for omstilling. Utgiftene må ned og inntektene opp. Giske har høg lånegjeld og med aukande rente går også desse utgiftene kraftig opp. Dei neste åra er det viktig å prioritere det viktigaste. Etter mitt syn er første prioritet å stette lovkrav i dei enkelte tenestene, og då må primærtenestene kome først. Når ubalansen mellom inntekter og utgifter er så store som dei er, og har vore over tid, er det heilt nødvendig å stramme inn drifta vidare.

Kommunedirektøren meiner det er avgjerande at ein i tillegg til å sørgje for auka inntekter, også ser på moglege strukturendringar for å kome i økonomisk balanse. Det er behov for at ein samlar tenestene, komprimerer og har færre lokalitetar. Dette handlar både om økonomisk effektiv drift og tilgang på nok arbeidskraft med riktig kompetanse.

Ekstraordinære inntekter dei siste åra har gitt eit lite pusterom frå ROBEK, men utan nødvendige tiltak er vegen tilbake kortare enn vi skulle ønske. Vi må nok klatre over ein topp til, og då er det større moglegheiter for at landskapet opnar seg opp.


Kommunen må også legge betre til rette for eit godt samspel med frivillige ressursar som kan vere eit supplement til dei kommunale tenestene. Vi må utnytte potensialet vi har for vekst og utvikling på best mogleg måte. Giske har ein relativt ung befolkning, det er stor byggeaktivitet og stor tilflytting. Faktisk den raskast veksande kommunen i fylket dei siste åra. Her er tilgang på bustadareal og store næringsareal. Når det gjeld

næringsutvikling er det mykje spennande som skjer, spesielt på Gjøsund. Der blir det klare næringstomter og planane for oppbygging av ei ny og moderne hamn med tilhøyrande næringsareal er lagt.

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2023 til 2033 vart vedteken no i vår, og planen er eit viktig dokument og verktøy for både kommuneadministrasjonen, politikarane og ikkje minst innbyggarane i kommunen. No har også arbeidet med kommuneplanen sin arealdel starta opp, og den blir viktig for å utnytte det potensialet kommunen har for vidare vekst og utvikling. Administrasjonen ønskjer seg mange innspel i løpet av planprosessen slik at vi får nytta arealet i kommunen slik at det samsvarar med dei målsettingane som er definert i samfunnsdelen.

Vi går ei spennande tid i møte med mange nye politikarar på plass denne hausten. Dei gjer ein viktig og krevjande jobb for innbyggarane våre. Den viktigaste oppgåva er å få ein sunn kommuneøkonomi med gode og tilpassa tenester dei neste åra. Dette skal vi klare saman!


Karl Andre Birkhol



Kommune- og økonomiplan

Den raude tråden

Økonomiplanen er handlingsdelen til kommuneplanen og skal syne korleis kommunestyret prioriterer dei økonomiske ressursane for å nå måla som er nedfelte i kommuneplanen. Gjennom samfunnsdelen i kommuneplanen har kommunestyret tatt stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for samfunnet som heilskap og for kommunen som organisasjon.



Visjon og hovudgrep

Visjonen "historisk og framtidsretta" skal inspirere til felles utvikling og endring.

Energien som finst hos innbyggarar, naturgjevne forutsetningar, næringsliv, kultur og historie er viktig for utviklinga. Kommuneplanen sin samfunnsdel er rullert, og kommunedirektøren sitt framlegg til handlings- og økonomiplan byggjer på framlegget til ny samfunnsdel.

Det er valt tre satsingsområde frå 2022-2032:

- **Giske som bukommune** - *ein god plass å leve heile livet*
  Gode levekår gjennom heile livsløpet
- **Giske som næringskommune** - *eit framtidsretta næringsliv*
  Aktiv medspelar overfor eksisterande næringsliv samt legge til rette for etablering av nye berekraftige verksemder og næringar
- **Giske som samspelskommune** - *Giske på lag med Sunnmøre - betre saman*
  Godt samspel mellom det offentlege, private, frivillige organisasjonar og Ålesundsregionen



FNs berekraftsmål si betydning for planen

FNs berekraftsmål gir viktige premissar for berekraftig samfunnsutvikling i norske kommunar. FNs barnekonvensjon blir lagt til grunn for alt arbeid overfor barn og unge.

Berekraftsmåla byggjer på tre dimensjonar som må sjåast i samanheng for å oppnå ei berekraftig utvikling:

- **Økologisk berekraft** handlar om å utvikle samfunnet innanfor planeten sin tålegrenser og redusere tapet av biologisk mangfald. Klimaendringane må reduserast, og samtidig må samfunnet tilpasse seg konsekvensane av endringane som allereie pågår.
- **Sosial berekraft** handlar om å sikre innbyggarane like moglegheiter til å delta i samfunnet, å invistere i gode oppvekst- og levekår, helse, utdanning, likestilling, inkludering og mangfald. Samhaldet i samfunnet, tillit, demokrati og opplevd tilhørigheit er avgjerande for berekraftig utvikling.
- **Økonomisk berekraft** handlar om ansvarleg forbruk og produksjon, økonomisk vekst med mindre miljøbelastning, samt rettferdig og anstendig arbeid. Berekraftig utvikling føreset at det vert skapt verdiar i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferds- og tenestetilbod.



2. Utvikling og mål i planperioden

Utfordringar


Det overordna målet for perioden er drift i balanse - å sikre god økonomisk styring og kontroll, og å tilpasse tenestetilbodet i høve økonomiske rammer.

Dei nasjonale utfordringane er knytt til reformarbeid, digitalisering og overføring av statlege oppgåver til kommunane. Overføring av oppgåver inneber mellom anna auka ansvar for rehabilitering og lokal behandling av fleire somatisk og psykisk sjuke pasientar. Dette gir behov for fleire tilsette og auka spesialisert kompetanse innanfor helse- og omsorgstenestene. Samtidig løyser det ut behov for, og stiller større krav til tverrfagleg samarbeid og heilskapleg tenking kring behandling.

Dei lokale utfordringane er knytt til høg lånegjeld og til å sikre ei berekraftig økonomisk utvikling. Realisme inneber at inntektene dekker forventa utgifter, og at forventa utgifter gir forsvarleg drift. Vidare er det utfordrande å dekke det auka kompetansebehovet, særlig gjeld dette innanfor helse og omsorgssektoren.

Mål og muligheiter

- vidare satsing på digitalisering og auka bruk av teknologi i tenesteytinga - gevinstrealisering
- auka bruk av sjølvbetjente løysingar og automatiserte teneste
- vidare fokus på tverrfagleg samarbeid i og mellom fagområde - koordinerte tenester
- vidare gjennomgang av organisering og tenestenivå for å sikre at dette er tilpassa den økonomiske situasjonen kommunen er i. Vurdere yttarlegare strukturendringar
- vidareføre samarbeidet med NAV i form av prosjektet "Ressursar finn kvarandre"
- vidare organisasjonsutvikling gjennom:
  - implementering av prosjektet "Omstilling av fellesfunksjonar i Giske kommune". Ny organisering og arbeidsfordeling mellom stab og linje skal iverksetjast
  - intensivering av innsats for å sikre rett kompetanse i alle tenesteområde
  - styrka fokus på arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær
  - styrka leiarkompetanse
  - styrka fokus på internkontroll og kvalitetsarbeid



2.1 Samfunnsutvikling

Befolkningsutvikling med framskrivingar



Giske er ein "annleis" kommune både når ein samanliknar med kommunane i fylket og i landet elles. Det har vore stor tilflytting dei siste åra, og det er ei forholdsvis ung befolkning. I fylkessamanheng er Giske den kommunen som har størst innbyggarvekst dei siste 10 åra. Sjølv om gjennomsnittsalderen aukar også i Giske, har vi framleis ei ung befolkning. Framover ser det ut til at tal på barn i barnehage går nedover, medan tal på eldre med hjelpebehov aukar også her i kommunen. Det er desse tenestene som vil prege økonomien i perioden.

I **Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033** er desse utviklingstrekka behandla i større detalj.

Sjå meir her:

- Statsforvaltaren sitt kommunebilete
- Kommunefakta Giske (SSB)
- Kommunestatistikk for Giske (Møre og Romsdal Fylkeskommune)

Bustadutbygging

Kommuneplanens arealdel (2018) legg føringar for ei stor bustadutbygging i kommunen. Fram til og med 2020 har det vore etter måten bra aktivitet når det gjeld utarbeiding av nye reguleringsplanar. Frå og med 2021 er det imidlertid kun oppstarta eit fåtal nye planarbeid . Tidlegare prognose om opptrapping av utbygging mot slutten av økonomiplanperioden har difor ikkje skjedd.

Avhending av kommunal grunn som er regulert- eller som i kommuneplanens arealdel er avsett til utbyggingsføremål vert i det vidare å avhende som råtomtareal. Øvrige kommunale bygg som ikkje skal nyttast vidare som føremålsbygg vert å avhende i samsvar med rullert arealdel.

Giske skal igjen ta i bruk verktøyet «utbyggingsavtale» for å få fortgang i bustad- og næringsutviklinga. Det vil seie at private som ønsker å bygge ut bustadområde, etter avtale med kommunen, kan bygge ut teknisk infrastruktur for eiga rekning og overlevere tekniske anlegg til kommunen når dei er ferdig utbygde.

Næringsutvikling

Giske er blant dei 5 største fiskerikommunane i landet. Gjøsund, mellom Vigra og Valderøya, er prioritert satsingsområde for næringsutvikling med eit 30-tals bedrifter og meir enn 700 tilsette. Fiskerinæringa og leverandørar har ca 4 mrd kroner i omsetning. Kommunen er no i gang med mudringsarbeidet i Gjøsundet med Aurstad Tunnel AS som utførande entreprenør. Giske kommune er byggherre. Det vert etterkvart opna for nye næringsetableringar på begge sider av sundet, og landområda vert utvida med mudringsmasse.



2.2 Oppfølging av kommunen sin planstrategi og tidlegare vedtekne planar

Attståande planoppgåver i samsvar med planstrategi

Tenesteområde/plan	Type	Vedtatt	2023	2024-26
Sentraladministrasjonen				
* Kommuneplanens samfunnsdel 2022 - 2032	KP	2022		
Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030	KP	2018	Rull. oppstart	Rull
Kommunedelplan naturmangfald	KD	2018	Rull.	
- handlingsdelen				
handlings- og økonomiplan	KP	årleg	årleg	årleg
Digitalisering og omstilling	T	2016		
Stab				
Strategisk næringsplan 2016 - 2025	KD	2016	Rull.	
Beredskapsplan	TP	2022	Rull	Rull årleg
Oppvekst				
Kompetanseutvikling for grunnskulen	TP	2019	Rull	Rull årleg
Kompetanseutvikling for barnehagen 2014-2017	TP	2015		
Barnehageplan 2008 – 2011	TP	2008		Rull
Kvalitetsplan for oppvekst 2023-2026	TP	2022		
IKT plan – pedagogisk bruk	TP	2020		
Helse, sosial og omsorg				
Helse- og omsorgsplan 2021 - 2025	TP	2021		
Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050	TP	2022		
Bustadsosial handlingsplan	TP			
Alkoholpolitiske retningslinjer (Alkoholpolitisk handlingsplan) 2022 - 2028	TP	2022		
Kompetanse og rekrutteringsplan 2019-2022	TP	2019		
Pandemiplan 2020 - 2024	F			
Smittevernplan 2020	F			
Teknisk				
Kommunedelplan avløp	KD	2012		
Hovudplan vatn og avløp	KD		Ny	
** Klima- og energiplan	TP	2010		
Kommunedelplan trafikktrygging	KD	2012	Ny	
Områdeplan for Roald (delsenter)	O			
*** Områdeplan Sætra og Gjøsund, (oppstart 2018)	O			
Miljø og kultur				
Kulturplan 2016 – 2026	TP	2016		
Museums/-kulturminneplan 2020 - 2030	TP	2022		
Plan for friluftslivets ferdselsårer	TP		Ny	
Landbruk				
Landbruksplan	TP	2009		
Interkommunale planar Veteranplan	TP		Ny	
Plan for areal, klima og transport i Ålesundsregionen (PAKT)	R	2022		

KP – Kommuneplan, KD – Kommunedelplan, TP – Temaplan, R - Regional plan, O - Områdeplan, F - Fagplan

** Samfunnsdelen av kommuneplanen blir lagt fram til vedtak i desember 2022*

*** Klima- og energiplanen blir av ressursmessige grunnar ikkje fullført i denne planperioden. Kommunen vil sørge for at klima- og*

energiplanlegging blir ein integrert del av kommuneplanen sin samfunns- og arealdel.
**** Planarbeidet stoppa opp pga. uavklart framtidig hovudkryssløysing.*

2.3 Prioritert oppfølging av vedtekne planar

Giske kommune har, som alle andre kommunar, vedtekne planar som legg føringar for kva kommunen skal ha fokus på, og kva det skal arbeidast med. Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føring for samfunnsutviklinga. Kommuneplanen sin arealdel blei vedteken i 2018 og legg føringar for arealbruken.

Alle planane våre finn du i Planstrategien .



Giske som bukommune – ein god plass å leve heile livet

Med inspirasjon frå kvalitetsreforma for eldre, *Stortingsmelding nr. 15 (2017-2018) Leve hele livet,* ønskjer vi at Giske kommune skal vere ein god plass å leve heile livet for alle. Giske kommune har dei siste åra hatt den forholdsvis største folketalsauken av kommunane i Møre og Romsdal og med noko nedgang vil denne trenden fortsette og i neste planperiode.

Kommunen har og ei relativ ung befolkning med mange barnefamiliar. Kommunen skal legge til rette for å utvikle lavutsleppssamfunnet basert på lokale tilhøve, sosial rettferd, deling av kunnskap og ein dugnad som inkluderer alle.

Det er lagt til rette for god beredskap, mindre ressursbruk og god forvaltning av naturmangfald, kulturlandskap og dyrkbar mark for framtidige generasjonar. Samtidig skal kommunen medverke til ansvarlig forbruk, produksjon og berekraftig bruk av økosystem i havet og på land. Vidare vil kommunen utvikle sentrum og delsentra med gode kvalitetar for innbyggarane sitt nærmiljø.

Slik vil vi ha det

- Giske kommune har unik og flott natur på sjøen, i strandsona og på fjellet som innbyggarane kan nytte.



Slik gjer vi det

- Verne om naturen sin eigenverdi.
- Utvikle kompetanse og ansvarskjensle for berekraftig bruk av havrommet til friluftsaktivitet.
- Fortsette med merking og utbetring av eksisterande stiar og turvegar.
- Trygge Alnesvatnet som drikkevasskjelde og nedbørsfeltet rundt.
- Betre informasjon om friluftsområda, parkering og merking, samt verneområda i samarbeid med statsforvaltaren.
- Legge til rette for gode nærleikeplassar/møteplassar og grøne lunger på land og ved sjø.
- Utvikle eigarskap og ta sterkare styring i planarbeidet.

- Overvake slitasje på naturen og styre tilgangen med tilrettelegging og informasjon. Stimulere til berekraftig viltforvaltning.

Slik vil vi ha det

- Giske kommune skal ha gode og innovative tenester, mellom anna gjennom bruk av digitale verktøy og velferdsteknologi. Innbyggarane skal meistre eigne liv så lenge som mogleg



Slik gjer vi det

- Prioritere før-førebyggande tiltak, aktivitet og fellesskap, og helse og kommune 3.0
- Samskaping med innbyggarane og opne for involvering i tenesteutvikling
- Tidleg innsats og tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid
- Vi bestemmer saman , "Kva skal vi få til i fellesskap i dag?"
- Utvikle gode lovpålagde tenester
- Kommunen vil vere leiande i å ta i bruk digitale verktøy innan helse og omsorg
- Omsorgsbustader, demens og aldersvenlege bustader skal byggast i sentrum
- Legge til rette for aldersvenleg stadutvikling, - rullatoravstand
- Legge til rette for at det vert etablert nye buformer som sikrar at eldre kan bu lenger heime
- Opne for samarbeid med private aktørar og andre aktørar som kan bidra til å realisere kommunen sine mål

Slik vil vi ha det

- Giske kommune har den beste Frivilligsentralen



Slik gjer vi det

- Involvering kommune 3.0, vidareutvikle inn i kommunale teneter
- Stimulere pensjonistar til å bidra meir
- Målrette seniorpolitikken for å oppmuntre til deling av kunnskap og kompetanse

Slik vil vi ha det

- Attraktiv bukommune, arealmessig kompakt - kort veg til alt



Slik gjer vi det

- Forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt i vare over tid
- Utvikle og styrke sentrum og delsentra i kommunen
- Regulere og byggje bustadfelt med god nok kvalitet
- Arbeide for ein inkluderande oppvekstsektor med likeverdige tenester
- Samordne skule, barnehage, helse, idrett og bibliotek i kommunesenteret Valderhaugstrand
- Auke antalet livsløptilpassa sentrumsnære leiligheiter, bufellesskap og andre småhus innanfor 10 minutt gåavstand
- Legge opp til lavterskel aktivitetstilbod for alle
- Vi vil legge opp til god informasjon til/med innbyggarane
- Gjennom arealplanlegginga legge til rette for formelle og uformelle møteplassar og på tvers av ulike aldersgrupper
- Sluttføre områdeplan for handelssenter Sætra/Gjøsund med framtidig hovudkryssløysing i dialog med vegeigarane
- Delta aktivt i utviklinga av trafikknutepunkt Ytterland
- Starte områdeplanlegging for delsenter Roald i 2023
- Vurdere løysingar for kollektiv, sykkel og gange ved alle byggesøknader
- Bruke ungdomsråda som høyringspart i aktuelle plansaker

Slik vil vi ha det

Nærheit til Ålesund med arbeidsmarknad, handel og kulturtilbod



Slik gjer vi det

- Arbeide for betre kollektivløysingar med buss og båt
- Arbeide for å utvikle Ytterland med moderne innfartsparkering og sykkelhotell, samt sykkelparkering ved Valderhaugstrand hurtigbåtkai



Giske som næringskommune – eit framtidsretta næringsliv

Giske kommune er ein av dei største fiskerikommunane i landet med både sjø- og landbaserte verksemder samt store og viktige hamneområde. Ålesund lufthamn Vigra er eit sentralt element i Giske kommune og er dels årsak til veksten i kommunen, trafikkmengde og utgangspunkt for lokalisering av verksemder. Det er omlag 10.000 dekar jordbruksareal i kommunen og dette er av dei viktigaste landbruksareala i fylket. **Arbeidsplassdekninga er 63 % (2021, lågast I fylket) og mange pendlar ut (>2300), omlag 650 pendlar inn (2021).**

Gjøsund hamn og næringsområde

Giske kommune saman med fiskerinæringa lykkast i 2015 å få mudring av Gjøsund nasjonale fiskerihamn inn på nasjonal transportplan (NTP). Giske kommune søkte i 2018/19 om å forskottere mudringa, noko som vart innvilga, og avtale vart inngått hausten 2019. Grunna økonomi og at kommunen var på Robek, kom arbeidet i gang først i 2021 og arbeidet vart fullført våren 2023. Muddermassen vart då lagt på landdeponi på austsida av Gjøsundet og har som resultat av mudringa bygd nytt land. Til saman eig Giske kommune om lag 300 daa nytt og ubygd næringsareal på Gjøsundet. Kommunen kjøpte til Olmannsvika i 2021. Olmannsvika var i kommuneplanen sin arealdel godkjent i 2018 avsett til næringsareal. Statsforvaltar krevde likevel regulering av området og dette arbeidet er no i gang. i 2022 vart det sett i gang eit prosjekt med mål å lage ein utviklingsplan for vidare utvikling Gjøsund hamn og næringsområde. Planen med tilhøyrande handlingsplan for vidare arbeid vart godkjent politisk første halvår 2023. Kommunen har frå 1. oktober 2023 tilsett ein prosjektleiar som skal arbeide i tråd med vedteken handlingsplan. Det er stor interesse for å etablere seg på området, og kommunen må framover prioritere ein masterplan og utgreie m.a. alternative forretningsmodellar og organisering, samt å ta stilling til forhaldet til Ålesundregionens interkommunale havnevesen.

Slik vil vi ha det

Giske kommune er ei aktiv fiskerikommune innan fangst og foredling. Havrom med stort potensiale.



Slik gjer vi det

- Samarbeide med næringslivet om å nytte teknologikompetanse i regionen til å utvikle nye moglegheiter lokalt og globalt.
- Medverke til å oppgradere infrastruktur og omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med meir effektiv bruk av ressursar og meir utstrekt bruk av reine og miljøvennlege teknologiformer og industriprosessar.
- Delta i regionalt plansamarbeid for arealplan i sjø i Ålesundregionen.
- Ta i bruk marine grunnkart for kunnskapsbasert arealplanlegging.
- Få på plass handlingsdelen i kommunedelplan for naturmangfald.
- Verne viktige naturtypar mot inngrep, bruke arealrekneskap til å samle næringsareal.
- Hindre og i vesentleg grad redusere alle former for havforureining, særleg frå landbasert verksemd, inkludert marin forsøpling og utslepp av næringssalt.
- Søke å lokalisere alle planlagte inngrep i sjø der det gjer minst skade på miljøet.
- Sjå samanhengen mellom bruk av land og sjø i kommuneplanarbeid.

Slik vil vi ha det

- Giske kommune er ei framtidsretta og viktig landbrukskommune



Slik gjer vi det

- Styrke jordvernet og støtte opp om FNs berekraftsmål nr. 2 Utrydde svolt, - om å redusere jordtapet og produsere mat på den jorda vi har.
- Vurdere om lokal matproduksjon skal inngå som ein vesentleg del av beredskapsarbeidet.
- Ta vår del av ambisjonen av minstemål i Landbruksmeldinga i Møre og Romsdal om å halde omdisponert dyrkaareal under 200 daa i året.
- Oppretthalde og om mogeleg auke beitinga for å halde kulturlandskapa i hevd.
- Tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem.
- Vurdere å omregulere ueigna og usentralt bustadarel til LNF-område.
- Legge til rette i arealplanlegginga for kolonihagar på inneklemt jordbruksareal.Revidere landbruksplanen frå 2009.

Slik vil vi ha det

- Giske kommune har eit anerkjent eventmiljø og eit verdskjend studio.

- Kommunen er ein attraktiv kunstnarkommune.



Slik gjer vi det

- I samarbeid med lokale kunstnarar etablere felles lokalitetar for samhandling/nettverk og utstillingar.
- Støtte opp om og tilrettelegge for vidareutvikling av Kulturnæringsklynga Øygardshamna på Giske.
- Styrke Giske kommune sin identitet og sitt omdømme gjennom aktiv formidling av informasjon og kunnskap om kommunen som arbeidsstad, bustad, kultur- og reisemål.
- Sette av areal for bubilparkering.
- Samarbeide med regionen for å utvikle turisme.
- Utvikle og satse på turisme på utvalde stader til dømes Furkenholmen
- Støtte opp om tilrettelegging og vidareutvikling av Giskespelet og tilhøyrande reiselivsaktivitet
- Kommunen har eit stort potensiale til å vidareutvikle reiseliv

Slik vil vi ha det

- Giske kommune har regionens største næringsareal med tilknyting til hamn midt i skipsleia



Slik gjer vi det

- Utvikle Gjøsundneset industriområde som nasjonal fiskerihamn til eit moderne og attraktivt næringsområde for etablering av nye verksemder innan fiskeri, havbruk og annan relevant industri. Utviklinga skal skje i tråd med berekraftsmåla med vekt på innovasjon og framtidige energiberarar.
- Opparbeide industritomter for utleie, sal og fellesfunksjonar jamfør politisk vedteken utviklingsplan.
- Fremje tettare samarbeid mellom næringsområda på alle øyane for å fremje synergieffektar.
- Utvikle berekraftig næringsliv og arbeide for få gods over på kjøl.
- Legge til rette for eit mangfald av arbeidsplassar saman med næringslivet og tiltrekke seg nye næringsaktørar som passar saman som i ein symbiose.
- Sikre solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon.
- Forvalte kommunen sitt 300 dekar store industriområde i tråd med formuesbevaringsprinsippet i kommunelova.
- Vurdere å samle meir av kommunen sitt næringsområde på Gjøsund.

Giske som samspelkommune – Giske på lag med Sunnmøre – betre saman

Giske kommune er ein del av Ålesundregionen og berekraftssatsinga i regionen. Frå 2020 vart Giske kommune nabo med nye Ålesund kommune. Som følgje av samanslåinga er alle tidlegare selskapsavtalar, IKS og private avtalar reforhandla. Ei rekkje utfordringar innafor til dømes samferdsel, beredskap, areal og næringsutvikling må framleis løysast på tvers av kommunegrensene. I regionen vil Giske kommune vere kjend som samhandlingskommunen.

Lokalt vil Giske kommune spele på lag med private og frivillige organisasjonar.

Slik vil vi ha det

Sentral i regionen med flyplass og inngangsport til Sunnmøre



Slik gjer vi det


- Giske kommune samarbeider med regionen på områda beredskap, politi, brann, havn og infrastruktur m.m.
- På plansida har vi samarbeid på plan for areal, klima og transport PAKT, sjøarealplan og marine grunnkart. Vi vil vidareutvikle dette samarbeidet i regionen både politisk og administrativt.
- Arbeide saman med regionen for å redusere personbiltrafikken og auke trafikktrygginga på riksveg 658 mellom Ålesund og flyplassen.

Slik vil vi ha det

Naturleg del av ein stor regional arbeidsmarknad



- Samarbeide med private og offentlege instansar om å utvikle Ytterland trafikknutepunkt med busstasjon, innfartsparkering og sykkelhotell.
- Stå på for eit bedre kollektivtilbod eksternt og internt.
- Etablere kollektivpunkt på handelsenter Sætra og delsenter Roald.
- Dele og vidareutvikle kompetanse i regionen.
- Synleggjere Giske kommune som ein attraktiv kompetansearbeidsplass.



3. Klimabudsjett 2024

Kva er eit klimabudsjett?

Eit klimabudsjett er eit nyttig verktøy for å nå vedtekne klimamål. KS har valt å definere eit klimabudsjett som "et styringsverktøy for å oppnå klimagassreduksjonar og andre vedtekne klimamål". Eit klimabudsjett er ikkje eit økonomisk budsjett, men ei oversikt over klimatiltak som vert planlagt gjennomført i Giske kommune.

Klimabudsjettet viser i nokre tilfelle kor mykje klimagassutslepp som reduserast ved gjennomføring av tiltaket. Styrken til eit klimabudsjett er at mål og tiltak vert kopla tettare saman i kommunen sitt viktigaste styringsdokument, kommunen sin handlings- og økonomiplan. Gjennom klimabudsjettet får kommunen eit verktøy for å styre mot utsleppsmåla. Klimabudsjettet sikrar at kommunen iverksett og finansierar tiltak for å redusere utsleppa. Ansvaret for oppfølging av tiltaka er tydeleg definert. Gjennom regelmessig rapportering på tiltaka, vert resultat og framdrift målt opp mot måla for utsleppsreduksjonar.

Klimabudsjettet viser om tiltaka som er vedtatt er tilstrekkelege for å nå målet, eller om det er behov for styrka innsats. Årleg oppdatering av klimabudsjettet gir moglegheit til å justere kursen.

Klimabudsjettet er transparent og synleggjer ovanfor avgjerdstakarar og interessentar kva som er utfordringsbildet og korleis kommunen prioriterer innsatsen for å nå målet.

Giske kommune sitt klimabudsjett

Giske kommune ønsker å vedta sitt første klimabudsjett i 2024, klimabudsjettet skal gjelde for 2024-2027 med årleg justering. Klimabudsjettet vert eit styringsverktøy for kommunen sitt klimaarbeid. Klimabudsjettet viser klimatiltaka som vert planlagt gjennomført i Giske kommune og kven som har ansvar for gjennomføringa. Klimaarbeidet skal rapporterast på lik linje med kommunen si økonomirapportering. Kommunen prioriterer tiltak som kjem frå einingane og som dei vurderer at dei har kapasitet, økonomi og ressursar til å gjennomføre. Dette er tiltak som bidrar til å bygge opp klimakompetansen i kommunen og tiltak som styrker kommunen sitt kunnskapsgrunnlag. Sjølv om nokre av tiltaka er små og fleire ikkje kan talfestast i utsleppsreduksjon, dannar det grunnlaget for klimaarbeidet i åra som kjem. Det er derfor nødvendig for vidare utsleppsreduksjon i kommunen.

Kommunen skal vere ein pådrivar for at Giskesamfunnet sitt klimagassutslepp vert redusert med 50 prosent innan 2030. Skal Giskesamfunnet nå dette målet, må innbyggjarar, næringsliv, andre kommunar og forvaltingsnivå samarbeide og legge inn ein felles innsats. Det er spesielt viktig at staten følger opp nasjonale klimaambisjonar med ytterlegare tiltak som gjer det mogleg med klimaomstilling på kommunalt nivå.

Klimamål for Giske kommune

Klimautfordringa er av mange omtalt som den største utfordringa i vår tid. I Meld. St. 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021-2030 står det: Dei globale klima- og miljøutfordringane krev omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innan naturen si tolegrenser. Det må skje ein overgang til produkta og tenester som gir betydeleg mindre negative konsekvensar for klima og miljø enn i dag. Samfunnet må igjennom eit grønt skifte. Det vil vere krevjande, men fullt mogleg.

Parisavtalen frå 2015 stadfestar eit globalt mål om å styrke samarbeidet på klimaområdet. Føremålet med avtalen er å avgrense auken i den globale gjennomsnittstemperaturen i år 2100 til 2 oC over førindustrielt nivå. Det skal jobbast mot å avgrense temperaturauken til 1,5 oC. Vidare skal avtalen auke evna til å tilpasse seg dei negative konsekvensane av klimaendringar og fremme utviklinga av robuste samfunn med lave utslepp.

Norge har meldt inn ei forplikting under Parisavtalen om å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 og opp mot 55 prosent innan 2030 samanlikna med 1990. Det er eit avgjerande steg på vegen mot at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050.

I kommuneplanen sin samfunnsdel til Giske kommune står det:

Utsleppa av CO2 i kommunen har samla auka dei siste åra samanlikna med referanseåret 2015, jf. Fig 7. I Giske kommune medfører skipsleia, flyplassen og riksvegen at dei vesentlege CO2-utsleppa kjem frå sjøfart, luftfart og vegtrafikk. Sektorvis er det auke i sjøfart og luftfart og ein mindre nedgang i vegtrafikk. Utsleppa frå vegtrafikk og jordbruk er omlag like store. Det er ein nedgang i CO2-utslepp for sektorane jordbruk, anna mobil forbrenning, avfall og avløp og oppvarming. Grunna pandemien er det for 2020 ein markert nedgang i utsleppa frå sektorane sjøfart og luftfart.

Arbeidet med klimabudsjettet

KS har utarbeida ein rettleiar for klimabudsjettarbeid, som Giske kommune vil følgje. Arbeidet med klimabudsjett kan delast opp i fire faser: 1) Oppstart, 2) Utarbeide og rekne ut effekten av tiltak, 3) Utarbeide klimabudsjettet og 4) Rapportering og oppfølging. Giske kommune er avhengig av at alle einingar i kommunen samarbeider med utarbeidinga og oppfølging av tiltaksplan til klimabudsjettet

Med klimabudsjett i Giske kommune vil kommunen arbeide for å nå FNs bærekraftsmål nr 7, 11, 12, 13, 14, 15 og 17.



Klimabudsjett Giske kommune 2024

	DIREKTE KLIMAUTSLEPP	Ansvarleg	Finansiering	Oppstartsår
1.	**Overgang til utsleppsfri bilpark i kommunen innan 2030**			
	Ladeinfrastruktur skal vurderst	Teknisk	Innan driftsramma	2024
	Sikre at alle nye kommunale bilar er elektriske	Bilansvareg	Innan driftsramma	2023
	Innføre bildelingsordning	Stab	Innan driftsramma	2024
2	**Redusere bruk av fossilt kjøretøy i Giskesamfunnet**			
	Arbeid for at barn/unge skal gå/sykle til skulen	Oppvekst	Innan driftsramma	2024
	Kommunalt tilsette nyttar kollektivtrafikk til jobb/møter, samkjører til møter o.l.	Stab	Innan driftsramma	2023
	Kommunen tilrettelegg for sykkelparkering med overdekte og låsbare sykkelskur ved skular og kommunale arbeidsplassar	Teknisk	Innan driftsramma	2024
	Prioritere mjuke trafikantar i planar	Teknisk	Innan driftsramma	2023
	Samarbeid med Fylkeskommunen om gangfelt, gang-og sykkelvegar	Teknisk	Innan driftsramma	2024
	Utrede moglegheit for samordning av varelevering	Alle	Innan driftsramma	
3	**Overgang til fleire elektriske bussar**			
	Samarbeid med Fylkeskommunen om overgang til elektriske bussar	Fylkeskommunen, teknisk	Innan driftsramma	2024
4	**Auka kollektivsatsing**			
	Kommunen bidrar til vidareutvikling av kollektivtilbodet gjennom dialog med Fylkeskommunen og FRAM	Teknisk, Fylkeskommunen	Innan driftsramma	2024
5	**Utsleppsfri maskin- og utstyrspark**			
	Overgang til elektriske grasklipparar der det er mogleg	Teknisk	Innan driftsramma	2024
6	**Utsleppsfrie byggeplassar**			
	Utrede innføring av utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar i kommunale prosjekt	Teknisk	Innan driftsramma	2024
7	**Redusere klimagassutsleppa gjennom samfunns- og arealplanlegging**			
	I arbeid med ny arealdel skal kommunen ha fokus på grep som kan gi positiv effekt på klima t.d føringane i PAKT, auka vekt på og tilrettelegging av tilbod innan kollektivtransport, karbonfangst i myr. Styre etter godkjent samfunnsdel.	Stab	Innan driftsramma	2023

	INDIREKTE KLIMAUTSLEPP	Ansvarleg	Finansiering	Oppstartsår
8	**Vurdere tilpassing i anskaffelsesreglementet**	**Økonomiavd**	**Innan driftsramma**	
	Sirkulær innkjøpsstrategi knytt til møblar og inventar. Ombruk og kjøp av brukte møblar og inventar der det er mogleg.	Stab, teknisk	Innan driftsramma	2023
	Mat og embalasje, redusere bruk evt gjennbruk	Kjøkkenet, oppvekst, omsorg	Innan driftsramma	2024
9	**Redusere forbruk av materiell i kommunen si drift**			
	Redusere bruk av eingongsutstyr	Pleie og omsorg	Innan driftsramma	2024
	Flyt av læremidlar mellom skulane	Oppvekst	Innan driftsramma	2024
	Bruk av digitale læremiddel	Oppvekst	Innan driftsramma	2023
	Foliering av skulebøker for å auke levetida	Oppvekst	Innan driftsramma	2023
	Miljøtårnsertifisering av barnehagane	Oppvekst	Innan driftsramma	2024
10	**Redusere utslepp frå kommunale bygningar**			
	Kompetanseheving	Teknisk	Innan driftsramma	2024
	Meir effektiv bruk av kommunen sitt areal	Teknisk	Innan driftsramma	2023
	Vurdere gjennbruk av eksisterande bygg	Teknisk	Innan driftsramma	2024
	Vurdere bruk av solceller på nye og eksisterande bygg	Teknisk	Innan ramme/budsjett	
	Utskifting av vindauge og etterisolering av bygg, utbetre ventilasjonsanlegg	Teknisk	Innan ramme/budsjett	2024
11	**Redusere Klimautslepp for kommunale lyspunkt**			
	Gatelysstyring og utskrifting av lyspunkt	Teknisk	Innan ramme/budsjett	2024
	Utskifting av armaturer	Teknisk	Innan ramme/budsjett	2024
12	**Redusere matsvinn i kommunen**			
	Matsvinnprosjekt i barnehagane	Oppvekst	Innan driftsramma	2023
	Matsvinnprosjekt i bufellesskap og omsorgssenter	Pleie og omsorg	Innan driftsramma	2024
13	**Renovasjon**			
	Lage retningslinjer for kildesortering i kommunen sine lokaler	Stab	Innan driftsramma	2024

	TILRETTELEGGANDE AKTIVITETAR	Ansvarleg	Finansiering	Oppstartsår
14	**Kommunikasjon og mobilisering**			
	Kommunikasjon om klimaløysingar	Stab	Innan driftsramma	2024
	Markedsføre tilskotsordningar som kan vere aktuelle for innbyggjarar og næringsliv i Giske	Stab, teknisk	Innan driftsramma	2024
15	**Kunnskapsgrunnlag**			
	Vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget for framtidige klimabudsjett	Stab	Innan driftsramma	2024



4 Innleiing og føresetnader for økonomiplanen 2024 – 2027

Om økonomiplanen

Økonomiplan og årsbudsjett er heimla i kommunelova § 14. I kommunelova §§ 14-3 og 14-4 er det m.a. sagt følgjande om økonomiplan og årsbudsjett:

- Kommunestyret skal ein gong i året vedta ein økonomiplan for dei neste fire åra, og årsbudsjettet for det komande året
- Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyret sine prioriteringar, løyvingar og dei måla og premissane som økonomiplanen og årsbudsjettet er bygd på
- Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse, vere realistiske, fullstendige og oversiktlege
- Kommunestyret vedtek økonomiplanen og endringar av denne på grunnlag av tilråding frå formannskapet
- Formannskapet si tilråding til økonomiplanen skal ligge ute til allment ettersyn i minst 14 dagar før han blir behandla i kommunestyret. Dette gjeld likevel ikkje ved innstilling som gjeld endringar i økonomiplanen
- Vedteken økonomiplan og endringar av denne skal oversendast til departementet v/statsforvaltaren til orientering. Økonomiplanen har si forankring i kommunen sine overordna planar som kommuneplan, tema-/fagplanar og kommunedelplanar. Gjennom økonomiplanen skal målsetjingar i desse planane iverksetjast.

Økonomiplanen skal vise korleis kommunen disponerer inntektene sine til drift og investeringar over ein 4-årsperiode. Økonomiplanen gir ikkje løyvingar, men er retningsgivande for planlegging og budsjettarbeidet. *Det første året i planen er alltid budsjett for det komande året.*

Om årsbudsjett

Budsjettet for kommunen er ein plan over utgifter og inntekter til drift og investeringar i det komande året. Det er bindande for kommunen sine politiske og administrative organ.

- Kommunestyret skal innan utgangen av året vedta budsjettet for det komande året
- Kommunestyret vedtek sjølv årsbudsjettet og endringar i dette. Vedtaket blir gjort på grunnlag av innstilling frå formannskapet
- Innstillinga til årsbudsjettet med alle dei framlegga til vedtak som ligg føre, skal leggast ut til allment ettersyn i minst 14 dagar før det blir behandla i kommunestyret

- Kommunestyret sitt vedtak om årsbudsjett med saksdokument skal sendast til departementet v/fylkesmannen til orientering
- Krav om budsjettheimel på tidspunkt for utbetaling gjeld ikkje for utbetalingar som kommunen er rettsleg forplikta til å foreta
- Årsbudsjettet skal omfatte heile kommunen si verksemd
- Årsbudsjettet skal vere realistisk. Det skal utarbeidast på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kommunen kan forvente i budsjettåret
- Årsbudsjettet skal vere stilt opp på ein oversiktleg måte. Kommunestyret sine prioriteringar, samt dei målsetningar og premisser som årsbudsjettet byggjer på, skal kome tydeleg fram
- Årsbudsjettet skal vere inndelt i ein driftsdel og ein investeringsdel
- Det skal budsjetterast med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetningar
- I årsbudsjettet kan det avsetjast midlar til bruk i seinare år
- Departementet kan gi nærare reglar om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet

4.1. Kommunen sine økonomiske handlingsreglar (MÅL)

3.1.1 Økonomi

Dei overordna økonomiske måla for Giske kommune er:

1. Det skal vere økonomisk balanse i drifta kvart år i planperioden
2. Netto driftsresultat skal vere 1,75 % av brutto inntekter frå 2024
3. Det skal setjast av til disposisjonsfond kvart år i perioden
4. Disposisjonsfondet skal vere 10 % av brutto driftsinntekter innan 2028

3.1.2 Handlingsreglar, retning for dei kommunale tenestene i planperioden

I ny kommunelov er det vedteke å lovfeste krav om at alle kommunar skal ha eit økonomiregelverk og bruke finansielle måltal i økonomistyringa. Med finansielle måltal er det sikta til politisk vedtekne mål for kommunen si økonomiske utvikling. Den enkelte kommune må sjølv velje måltal og vurdere kva nivå desse bør ligge på. I kommunestyret, sak 52/19, vart økonomiske måltal vedtekne.

Nøkkeltal	Vedteke nivå k.sak 52/19
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	3-5%
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	5-10%
Netto finansutgifter i % av driftsinntekter	2-3%
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maks 100%
Avvik frå budsjett	0,5-1%

I tabellen nedom er måltala rekna ut med bakgrunn i ny økonomiplan for heile planperioden. Det kjem fram av tabellen at kommunen ikkje vil klare å nå måltala i denne økonomiplanperioden. Både netto finansutgifter i % av driftsinntekter og netto lånegjeld i % av driftsinntekter har ein vekst i staden for ein reduksjon. Med ein så høg auke i lånegjeld og finansutgifter bør kommunen ha ein plan for korleis den høge gjelda skal handterast.

Nøkkeltal	Vedteke nivå k.sak 52/19		Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter		3-5%	0,22	- 0,35	- 0,97	- 0,00
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter		5-10%	- 3,12	- 3,66	- 4,82	- 5,01
Netto finansutgifter i % av driftsinntekter		2-3%	- 8,54	- 8,81	- 8,95	- 9,28
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maks 100%		- 146,91	- 152,22	- 166,15	- 173,85
Avvik frå budsjett		0,5-1%	I/A	I/A	I/A	I/A

Netto driftsresultat i % av driftsinntekter

- Hensikta med måltalet er at kommunen skal ha handlefridom til å takle utforutsette edringar av driftsvilkår, samt at kommunen skal ha eigenkapital til investeringar.
- Måltalet viser forholdet mellom inntekter og utgifter, og dermed korleis drifta i kommunen går i balanse.
- Framskrivinga er gjort etter forslag til ny økonomiplan.

Disposisjonsfond i % av driftsinntekter

- For å sikre økonomisk buffer til uforutsette hendingar er det viktig å bygge eit disposisjonsfond
- For å ha ein sunn økonomi er det anbefalt at disposisjonsfondet er ca 10% av driftsinntektene
- Framskrivinga er gjort etter forslag til ny økonomiplan.

Netto finansutgifter i % av driftsinntekter

- Rente- og avdragsbelastning målt ved finansutgifter
- Gir uttykk for kor eksponert kommunen er for ei endring i rentenivået.
- Framskrivinga er gjort etter forslag til ny økonomiplan
- I økonomiplanen er driftsinntekter i 2023-kroner, medan gjeldsrentene er framskrivne. Legg ein inn føresetnad om 3 % auke i driftsinntektene, blir talet meir reelt.

Lånegjeld i % av driftsinntekter

- Talet fortel kor eksponert kommunen er for renteendringar. Utgjer gjelda over 100 % av inntektene, er kommunen svært eksponert for renteendringar.
- Generasjonsprinsippet tilseier at investeringar i dag må tilpassast eit nivå slik at framtidig nedbetaling ikkje vert urimeleg belastande på kommande generasjonar.
- Framskrivinga av nøkkeltal for Giske kommune bygger på framlegg til ny økonomiplan.
- I økonomiplanen er driftsinntekter i 2023 -kroner, medan gjelda er framskriven. Legg ein inn føresetnad om 3% auke i driftsinntektene, vert talet meir reelt.

4.2 Ytre vilkår for den kommunale økonomien

Statlege rammeoverføringar og skatteinntekter (frie inntekter) er den viktigaste inntektskjelda til kommunane. For Giske kommune utgjer desse overføringane i 2024 kr 617 800 000.

Samla overføring inneber ein auke på kr 28 500 000 eller 4,8 %.

I budsjettrammene til kommunane er den største veksten i frie inntekter begrunna med

- Maksimal foreldrebetaling er foreslått redusert til kr 2 000 per månad frå 1. august 2024
- Kontantstøtta er foreslått endra frå 1. august 2023. Kontantstøtte foreslås gitt til barn mellom 13 -. 19 månader, og ikkje 13 - 23 månader som i dag.
- Pensjon i private barnehagar - redusert tilskot
- Ny opplæringsov skal etter planen tre i kraft hausten 2024
- Nytt prøvegjennomføringssystem som vil auke grad av digitalisering som vil gi gevinstar for kommunene

Heilårseffektar innarbeidd i 2023-budsjettet

- Maksimalpris foreldrebetaling barnehage er redusert til kr 3 000 frå 1. januar 2023
- Gratis barnehageplass fra tredje barn i familier som har barn i barnehage
- 12 timar gratis SFO på andre trinn, innført frå haust 2023
- Pasienttilpassa basistilskot innført frå 1. mail 2023
- Auke i veiledende sosialhjepssatser vart heva med 100 prosent frå 1. juli 2023
- Barnetillegget i kvalifiseringsprogrammet vart auka frå 1. februar 2023

Normalt blir ikkje statlege tiltak som kommunane skal iverksete finansierte fullt ut. Dette gir ein effektiviseringsgevinst i kommunal sektor som det ikkje er rekna på

Utviklinga i rentenivået påverkar også den kommunale økonomien i sterk grad. Tilsvarande gjeld resultat av lønsoppgjer og kommunen sine pensjonskostnader, samt reglar for føring av premieavvik og amortisering av premieavvik.

Kommunen har plasseringar av kapital i aksjar og obligasjonar, og endringar i aksjemarknad og avkastning av obligasjonar påverkar den kommunale økonomien. Ustabilitet i aksjemarknaden ser ein effekt av. Om kommunen berre skal overvake situasjonen eller sette i verk moglege tiltak, vil bli drøfta i formannskapet.

Generelt ser ein ei innstramming i overføringane som gjer den økonomiske situasjonen svært krevjande.

4.3 Generelle kommentarar til budsjettet for 2024 og økonomiplan 2025 – 2027

4.3.1 Løns- og prisauke (kommunal deflator) i statsbudsjettet for 2024

Løns- og prisauke i kommunesektoren frå 2023 til 2024 (kommunal deflator) er i statsbudsjettet rekna til 4,3 % med ein forventa lønsvekst på 4,9 %.

Administrasjonen sitt utgangspunkt for økonomiplanarbeidet går fram av budsjettrundskriv til einingane.

I budsjettverktøyet ARENA blir alle lønsdata lesne inn frå lønssystemet. Alle einingane har gått over dette grunnlaget og kontrollert og sjekka at alle fast tilsette er komne med, og at dei har fått rett årsløn, ansiennitet, stillingsprosent og eventuelle tillegg. Løna frå august var oppdatert med endringar etter sentralt lønsoppgjer og lagt til grunn for å berekne årsløna. Det er ikkje budsjettert med sjukelønsrefusjon, og utgifter til vikar er rekna berre i dei tilfelle vikar blir sett inn ved sjukefråvær frå dag 1. Det same gjeld der det er nødvendig med ferievikar.

Grunnlaget for det konsekvensjusterte budsjettet er kva det i 2024 og framover vil koste å drive kommunen sitt tenestetilbod ut frå den standard og det volum som er etablert, herunder full årseffekt av endringar/sparetiltak som er sette i gong i løpet av 2023. Grunnlaget er deretter korrigert slik:

- Løn er lagt inn med venta heilårsverknad av lønsoppgjeret for 2023. Dette utgjer 2,84 % lønsauke frå 1.5.2024 og er i samsvar med lønsvekstanslaget i statsbudsjettet.
- Det skal takast omsyn til prosjekt/tiltak i 2023 som er under avvikling for å få drifta i balanse
- Endringar i tenestetilbod og brukarar skal arbeidast inn i konsekvensjustert budsjett
- Kommunestyrevedtak og kjende endringar som påverkar drifta blir innarbeidde
- Endringar i tenestetilbod og oppgåvedeling som følge av statsbudsjettet for det komande året

I budsjettet er det ikkje lagt inn generell prisauke på kjøp av varer og tenester. Det skal vere tatt høgde for prisauke i konsekvensjustert budsjett.

Einingane blei bedne om å legge til grunn ein generell auke i kommunale betalingssatsar på 10% der dette var mogleg.

Inntekter frå utleige av næringsareal er lagt inn med 4 mill.kr for 2024 og med ei opptrapping på 5 mill.kr per år frå 2025 - 2027.

4.3.2 Løns- og prisauke i økonomiplan for åra 2024– 2027

I økonomiplanen for åra 2024 – 2027 er det ikkje lagt inn generell prisauke. Alle tala er i 2024-kroner.

4.3.3 Pensjon

Pensjonssatsane er redusert i høve budsjett 2023. Dette skriv seg i hovudsak frå Reguleringspremie som vart endra våren 2023. Pensjonssatsen er redusert med 2,09 % frå 22,12 % i 2023 til 20,03 % i 2024 for sjukepleiarar. For fellesordninga er den redusert med 1,5%, frå 16,24 % til 14,74%.

4.3.4 Skatteinntekter og statlege rammeoverføringar

Det er lagt inn fylgjande skatteinntekter og statlege rammeoverføringar i økonomiplanen for 2024 - 2022027

Løyvingsoversikt drift jfr § 5-4 første ledd	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Kommunedirektøren sitt forslag						
Rammetilskudd	-262 905 439	-283 486 000	-300 391 000	-305 227 000	-305 230 000	-305 239 000
Inntekts- og formuesskatt	-311 009 204	-298 826 000	-317 363 000	-317 363 000	-317 363 000	-317 363 000
Eiendomsskatt	-28 024 416	-21 375 000	-30 000 000	-30 500 000	-30 500 000	-30 500 000
Andre generelle driftsinntekter	-24 893 555	-19 383 300	-33 576 600	-31 963 600	-33 576 600	-32 163 600
SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	**-626 832 614**	**-623 070 300**	**-681 330 600**	**-685 053 600**	**-686 669 600**	**-685 265 600**

4.3.5 Brutto driftsresultat, netto driftsresultat og korrigert netto driftsresultat

Budsjett for 2024 viser eit brutto driftsresultat på kr 42 514 569 og eit negativt netto driftsresultat på - kr 1 867 000. Eit anbefalt netto driftsresultat på 1,75% av driftsinntekter ville til samanlikning vere 14,6 mill.kr.

Kommunen har utgifter til stortingsval i 2025 og kommuneval i 2027 er innarbeidde i framlegget til økonomiplan.

Ved utrekninga av renteutgifter er det nytta prognose frå Bergen Capital Management, og Norges bank sin renteprognose ligg til grunn for utrekninga.

4.3.6 Skatt og statlege rammetilskot

Det er i 2024 budsjettert med kr 617 754 000 samla i skatt og rammetilskot. Viser her til tabell og kommentarar innleiingsvis. KS sin prognosemodell versjon 2304KS er brukt ved utrekninga. i rammetilskotet er også kr 400 000 i ordinært skjøn inkludert.

4.3.7 Eigedomsskatt

På grunn av kommunen sin økonomiske situasjon vart det frå 2014 innført eigedomsskatt i Giske kommune med 2 ‰ . Denne vart seinare auka til 4 ‰, men set ned til 3 ‰ frå 2023. For 2024 og åra framover der eigedomsskatten budsjettert med ein sats på 4 ‰. Ved utrekning av eigedomsskatt er det teke omsyn til endringar i regelverk for verk og bruk, som fører til ein nedgang. Eigedomsskatten vil i 2024 utgjere kr 30 000 000.

4.3.8 Øvrige generelle statstilskot

Det er budsjettert med kr 1 300 000, og det er rentekompensasjon for "skule-pakkane" og "kyrkje-pakkane", og kompensasjons-tilskot i samband med utbygging av omsorgsbustader. Dette er basert på rekneskap 2022, og vert utbetalt frå Husbanken ca. 20. desember kvart år.

Utbetaling frå Havbruksfondet er budsjettert med kr 2 943 000. Dette er basert på prognose utrekna av Telemarksforskning.

4.3.9 Statstilskot flyktningar

Det er budsjettert med kr 28 137 600. Dette er statstilskot som skal dekke kommunen sine utgifter i samband med mottak av flyktningar og introduksjonsprogram for desse. Dette føreset at vi ikkje har fråflytting og at ein

greier å busetje 40 nye i 2024. På grunn av situasjonen i Ukraina er anslaget svært usikkert. Deler av utgiftene er derfor ført i ramme 3 og kan fordelast på dei rammeområda som får auka utgifter ein ser korleis dette utviklar seg.

4.3.10 Finansinntekter / finansutgifter og lån

Det er budsjettert med kr 49 845 760 i renteutgifter på eigne lån. Vidare kr 3 283 580 i renteutgifter på formidlingslån med tilsvarande budsjettert renteinntekter. Utrekning av rentekostnadar er gjort av Bergen Capital Management og Norges Bank sin renteprognose brukt.

Vidare er det budsjettert med kr 43 311 000 i avdragsutgifter på lån til kommunale investeringar.

Det er budsjettert med kr 12 643 580 i avkastning på finansplasseringar, renter bankinnskot, renteinntekter kundar og renteinntekter på formidlingslån. Av dette er kr 7 000 000 avkastning på kommunen sine langsiktige finansplasseringar. Det er då teke utgangspunkt i kommunen sitt kraftfond og ei avkastning som føreset av vi må ha noko høgre risikoprofil enn vi har per i dag.

Kommunen sitt kraftfond utgjer per 31.12.2022 kr 103 783 000, medan marknadsverdien av kommunen sine langsiktige plasseringar 30.09.2023 var på kr 134 372 000. Dette er plassert i aksjar 35 % og obligasjonar / bank / pengemarknad 65 %.

Pr. 30.9.2022 hadde dei langsiktige plasseringane ein gevinst på kr 8 288 000.

4.3.11 Avskrivingar

Avskrivingane har motpost på utgiftssida på dei ulike ansvarsområda (hovudart 15 finansutgifter). Avskrivingar er budsjettert med kr 39 615 835.

4.3.12 Kalkulatorisk rente

Dette er kalkulatoriske renter innan vatn, avløp og renovasjon (VAR-området), som også har motpost på desse budsjettområda. Kalkulatoriske renter er budsjettert med kr 13 345 000.

4.3.13 Disposisjonsfond

Det er ikkje budsjettert med avsetning til disposisjonsfond i 2024.

4.3.14 Overføring til investeringsbudsjett

Det er budsjettert med kr 1 600 000 i kapitalinnskot til KLP for 2023.

4.3.15 Investeringsbudsjett

Lånegjelda til investeringar vil per 31.12.2023 vere kr 1 288 548 000. Av dette vil ca. kr 330 000 000 gjelde lån innan vatn, avløp og renovasjon, der renter og avdrag blir dekte av eigedomsavgifter, som tilsvarar avskrivningsgrunnlaget innan VAR-området.

Det er budsjettert med kr 101 275 000 i bruk av lån, i tillegg kjem kr 8 000 000 startlån frå Husbanken til vidare utlån.


BRACO ALUMINIUMPÅBYGG
GISKE
BRANNVESEN
A.4.1

4.4 Økonomiplan 2025 - 2027

4.4.1 Skatt og rammetilskott

Viser til tabell og kommentarar innleiingsvis. KS sin prognosemodell versjon 2304KS er brukt ved utrekninga.

4.4.2 Havbruksfond

Havbruksfond er lagt inn med kr 2 943 000 for 2024, kr 1 330 000 for 2025, kr 2 943 000 for 2026 og kr 1 530 000 for 2027. Samla utbetaling for økonomiplanperioden vert kr 8 746 000.

4.4.3 Lånegjeld. Renter og avdrag

I framlegget til økonomiplan for 2024 – 2027 vil kommunen si lånegjeld ved utgangen av 2027 vere kr 1 485 474 000 og ha hatt ein auke frå 2023 med kr 315 000 000. Det er ikkje tatt høgde for tilbakebetaling for forskotteringsprosjektet Gjøsund Nasjonal Fiskerihamn i denne perioden.

Ved utrekninga av kommunen sine renteutgifter er det teke omsyn til låneopptak i investeringsbudsjettet. Kommunen sine inntekter er ikkje justert opp med kommunal deflator kvart år. Det betyr at delar av auken i finansutgifter utover i økonomiplanperioden vil kunne bli dekt av auka inntekter.

4.4.4 Renteinntekter og utbyte


Renteinntekter av bankinnskot og utbyte frå kapitalforvaltning er budsjettert med kr 8 250 000 per år i heile planperioden. Dette inneber at kommunen har same risiko med kapitalplassering som i 2023, og at kommunen sitt kraftfond er uendra.

4.4.5 Bruk av disposisjonsfond.

Det er ikkje budsjettert med bruk av disposisjonsfond i perioden.

4.4.6 Overføring frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet

Det er lagt inn overføringar frå driftsbudsjettet til investeringar med kr 1 650 000 for åra 2025 - 2027, for å dekke kapitaltilskot i KLP.



5. Rammeområde

Rammebudsjett er eit budsjett som fastset fordelinga av runde summar på større einingar i verksemda. Eit slikt budsjett føreset ei seinare detaljert allokering av pengane på de enkelte undereiningane, ofte foretatt av lavare instansar.

Rammebudsjettering er vanleg i offentleg sektor, både i staten og i kommunesektoren. Tidligare var det meir detaljert kontroll med offentlege budsjett, men i seinare år har det blitt mer vanleg med rammebudsjettering for å gi meir lokal styringsfridom.

I handlings- og økonomiplanen er budsjettet til Giske kommune delt opp i desse rammeområda:

1. Politisk styring
2. Kommuneleiing- Stab, kultur, service og næring
3. Fellesutgifter - Fellesinntekter
4. Diverse tenesteområde
5. Oppvekst
6. Barn, famile, helse
7. Pleie og Omsorg
8. utgår (tidligare miljø og kultur)
9. Teknisk
10. Kyrkjelege føremål



1 Politisk styring

Rammeområde 1 Politisk styring omfattar tenestene:

1000 – 1070 som er kommunestyre, politiske utval, formannskap, diverse rådsorgan, stønad til politiske parti, revisjon og kontrollutval, samt finansiering av kommuneval og stortingval.

Driftsbudsjett - kommunedirektøren sitt forslag

Tal i heile 1 000 kroner

Teneste	1 Politisk Styring	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1000	KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	2 787	2 233	2 940	2 940	2 940	2 947
1005	POLITISKE KOMITEAR	103	203	244	244	244	244
1010	DIVERSE UTVAL/STYRE/RÅD	144	467	242	242	242	242
1020	ELDRERÅD	26	37	38	38	38	38
1050	ØKONOMISK STØNAD TIL POLITISKE PARTI	94	50	50	50	50	50
1060	KOMMUNEREVISJONEN - KONTROLLUTVAL	1 322	1 408	1 479	1 479	1 479	1 479
1070	STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	7	368	-	368	-	382
	Sum ramme 1 Politisk styring	**4 484**	**4 766**	**4 993**	**5 361**	**4 993**	**5 383**

Ref budsjettal for teneste 1005 frå 2022/23. Teneste 1005 Politiske komitear er ikkje belasta rett i rekneskap i 2022. Dette blir retta opp i 2023.
Overføringar til Sunnmøre Regionråd er inkludert i teneste 1000.

For kommunestyreperioden 2019 – 2023 er den politiske organiseringa endra. Det er no 2 utval: livsløpsutvalet og teknisk utval. Det er lagt inn kostnadar tilknytta oppretting av ungdomsråd teneste 1010.

Dei økonomiske rammene innan området er konsekvensjustert i høve til budsjett 2023. Det er tatt høgde for stortingsval i 2025 og kommuneval i 2027.



2 Kommuneleiing - Stab, kultur, service og næring

Rammeområde 2 er delt mellom reine stabstenester og driftstenester. Det vert lagt vekt på digitalisering, samhandling og koordinering av oppgåver for å oppnå meir effektiv drift.

Kommuneleiing og stab omhandlar tenesteområda 1200 – 1260 (kostra funksjon 120) som er kommunedirektør, kommunalsjefar og stabsfunksjonar.

Staben skal levere tidsrette støttefunksjonar i samsvar med krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar. Arbeidsoppgåver er blant anna planlegging, støtte, oppfølging og styring. Dette omfattar blant anna oppgåver knytt til kvalitet og internkontroll, beredskap, fellesfunksjonar, økonomiforvaltning, arbeidsgivarpolitikk, løn og personalforvaltning.

Einingа kultur, service og næring skal saman med resten av staben tilrettelegge for politiske og administrative avgjerdsprosessar, verksemdstyring, analyse og utgreiingsarbeid. Einingа har også ansvar for kulturarbeidet i Giske, dette gjeld bibliotek, frivilligsentral, kulturminnearbeid, friluftsliv og samhandling med lag og organisasjonar. Informasjonsarbeid og fellesfunksjonar som post og arkiv, oppfølging av avtalen med Ålesund knytt til landbruk, samt viltforvaltning er også ein del av einingа. Det næringsretta arbeidet til kommunen samt etableringsstøtte/hoppid blir også fulgt opp her. I tillegg kjem oppfølging av avtale om kjøp av IKT og brukarstøtte frå eKommune samarbeidet.

2. Kjerneverksemd

Ansvar	Årsverk 2021	Årsverk til bruk i 2022	Årsverk til bruk i 2023	Årsverk til bruk i 2024
1200 KOMMUNELEIING - STAB	6,86	5	6	8
1220 ØKONOMI	3,7	3,7	4	5
1240 PERSONAL OG LØN	3,9	3,9	3,9	3,9
1250 KULTUR, SERVICE OG NÆRING	11,2	11,1	11,6	14,4
Sum	**25,66**	**23,7**	**25,5**	**31,3**

3. Driftsbudsjett - kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Teneste	2 Kommuneleiing - Stab, kultur, service og næring	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1000	KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	-	-	404	404	404	404
1200	RÅDMANN - KOMMUNALSJEFAR	5 256	5 938	5 937	5 937	5 937	5 937
1210	PERSONAL OG LØN	2 689	2 690	2 721	2 721	2 721	2 721
1220	ØKONOMI	3 043	3 995	4 590	4 590	4 590	4 590
1230	SERVICEKONTORET	2 506	2 984	2 792	2 792	2 792	2 792
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	18	-	-	-	-	-
1250	IKT	777	816	875	875	875	875
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	807	893	967	967	967	967
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	1 364	491	1 262	1 262	1 262	1 262
2120	GRUNNSKOLE	212	480	1 218	1 218	1 218	1 218
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	-	-	989	989	989	989
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	50	779	1 025	1 025	1 025	1 025
2412	PSYKISK HELSEVERN	105	106	113	113	113	113
2423	MOT - PROSJEKTET	-	25	-	-	-	-
2440	BARNEVERNTENESTE	259	255	269	269	269	269
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	-	25	396	396	396	396
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	755	979	1 076	1 076	1 076	1 076
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	-	99	-	-	-	-
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	- 1	- 50	-	-	-	-
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	428	367	376	376	376	376
2831	Formidlingslån (frå 2020)	-	-	- 120	- 120	- 120	- 120
3010	PLANLEGGING / REGULERING	-	-	1 313	1 313	1 113	1 113
3100	FORMIDLINGSLÅN	- 165	- 120	-	-	-	-
3250	NÆRINGSKONTORET	710	184	731	731	731	731
3253	JORD- OG SKOGBRUK	538	543	785	785	785	785
3610	VILTFORVALTNING	128	63	63	63	63	63
3620	FRILUFTSLIV	193	261	200	200	200	200
3650	KULTURMINNEVERN	- 116	25	11	11	11	11
3700	BIBLIOTEK	924	1 587	1 625	1 625	1 625	1 625
3750	MUSEER	-	28	25	25	25	25
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	95	140	140	140	140	140
3810	IDRETT	285	230	255	255	255	255
3850	KULTURKONTORET	426	788	880	880	880	880
3851	ANDRE KULTURTILTAK	200	159	148	148	148	148
3852	FRIVILLIGSENTRAL	502	518	426	426	426	426
	Sum ramme 2 Kommuneleiing - Stab, kultur, service og næring	**21 988**	**25 276**	**31 492**	**31 492**	**31 292**	**31 292**

Auken i budsjett frå 2023 til 2024 på 6 216 000 kroner kjem i hovudsak av:

- Administrativt personell er flytta frå oppvekst og helse til kultur, service og næring.
- Ny stilling som ungdomsarbeider
- Ny stilling som Controller
- Planlegger flytta frå Teknisk til Stab
- Pedagogisk rettleiar er flytta frå Ramme 5 Oppvekst til Ramme 2 Stab

4. Utfordringar og mål

4.1 Utfordringar

- Levere lovpålagde tenester innanfor tilgjengelege økonomiske rammer.
- Etablere effektiv organisering, støtte og tenestenivå som er tilpassa bemanning og trange økonomiske rammer. Dette inneber blant anna tydeleg prioritering mellom arbeidsoppgåver, forventingsavklaring, og ikkje minst sikring av tvillingkompetanse slik at viktige funksjonar vert levert ved eventuell sjukdom, ferie og anna fråver.
- Svært pressa bemanningssituasjon kan gå utover fullverdig tenesteleveranse.
- Implementering av nye digitale verkty, opplæring og størst muleg gevinstrealisering.
- Finne rett organisering under rammeområda for betre samhandling.
- Øve på uforutsette beredskapshendingar.
- Sikre nødvendig kvalitet- og internkontroll i kommunen.
- Systematisk informasjonsarbeid, rett utvikling av heimeside, intranett og bruk av sosiale medier.
- Tilrettelegge for døgnopen forvaltning ved å betre innbyggardialogen slik at innbyggarane kan vere sjølvhjelpte uavhengig av arbeidstid.

4.2 Satsingsområde

- Framhaldande fokus på og oppfølging av systematisk HMS arbeid
- Sjukefråversarbeid frå A - Å i samarbeid med NAV og Bedriftshelsetenesta (BHT)
- Styrking av leiarkompetanse på budsjett- og økonomisk styring
- Oppfølging av tiltak i helse og omsorgssektoren for å imøtekome framtidas behov (Leanprosjekt)
- Tilrettelegging for nytt IKT-system for økonomi, løn og personal, nytt styringsverktøy
- Vurdere samarbeid med andre kommunar eller innkjøp av tenester av sentrale stabsfunksjonar som er sårbare i dag (løn, rekneskap, arkiv m.m)
- Framhaldande fokus på kvalitet og internkontroll
- Framhaldande fokus på beredskapsarbeid
- Kontinuerleg forbetringsarbeid

4.3 Styringskort og styringsindikator

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2024
Innbyggarar	Kvalitet tilpasse dei økonomiske rammevilkåra	Plassering i forbrukarrådet sine testar av kommunal service	100 eller betre av kommunane i landet. 10 eller bedre av kommunane i Møre og Romsdal
	Velfungerande informasjons- og kommunikasjonskanal	Relevant informasjon er lett tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette døgnet rundt. System med digitale søknader mm fungerer godt	Videreutvikle og arbeide meir strategisk med informasjon til innbyggarane. Giske kommune si heimeside er oppgradert. Utarbeide fleire digitale skjemaer for innbyggarane
Medarbeidarar	Beredskapsarbeid med rett kvalitet eksternt og internt	Gjennomførte beredskapsøvingar og ajourført beredskapsplan	Beredskapsøvingar er gjennomført. Kompetanseheving i beredskapsarbeid er gjennomført.
	Velfungerande kvalitets- og internkontroll	Statistikk over avvik og forbetringsforslag	10% auke i meldte avvik og forbetringsforslag i alle einingar
		Internkontroll er integrert i planverk og rapportering	Alle einingar rapporterer systematisk på internkontroll
		Plassering i kommunebiletet	Heve plasseringa på alle område i kommunebildet
	IT - sikkerheit	Medarbeidarar som meistrar og kjenner seg trygge på IT-sikkerheit.	Alle medarbeidere har gjennomført opplæring i personvern og informasjonssikkerheit
	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Nærversprosent	96 %
	Velfungerande HMS-arbeid på alle nivå i organisasjonen.	Vernerunder og arbeid i HMS-utval. Opplevd kvalitet på samarbeid mellom verneteneste/tillitsvalde og arbeidsgivar.	Systematisk HMS-arbeid vert gjennomført i tråd med HMS-årshjul og handlingsplanar. Samlingar med vernerunde er gjennomført med rett kvalitet.
	Redusere sårbarheit i viktige stabsfunksjonar	Det er etablert tvillingkompetanse eller etablert samarbeid som fungerer med god kvalitet	Samarbeid med andre kommunar eller kjøp av tenester for sentrale stabsfunksjonar som er sårbare i dag (løn, rekneskap, arkiv m.m) er etablert.
Økonomi	Lav andel av administrative ressursar. God økonomistyring	Alle leiarar har kompetanse og forståelse for økonomi og økonomistyring	Kompetanseheving i budsjett og økonomistyring er gjennomført.
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 administrasjon per innbyggar	≥ kr 3 500 per innbygger
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 som andel av totale utgifter	6 %
		Avvik i % av netto driftsramme	≤ 0



3 Fellesutgifter - fellesinntekter

På dette området blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon, og som ikkje kan knytast opp mot einskilde einingar eller stab.

Driftsbudsjett - Kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Teneste	Beskrivelse	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 797 575	1 504 939	1 643 698	1 643 698	1 643 698	1 643 698
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	299 414	363 010	369 115	369 115	369 115	369 115
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	12 485 879	10 989 264	11 512 237	11 512 237	11 512 237	11 512 237
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	-23 146 919	-11 000 000	-9 000 000	-9 000 000	-9 873 537	-9 873 537
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	-731 337	-504 000	-827 524	-827 524	-827 524	-827 524
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	6 157 631	6 602 525	8 505 697	6 491 456	6 491 456	6 491 456
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	259 178	179 605	437 650	437 650	437 650	437 650
1720	PENSJON	176 515	0	19 000	19 000	19 000	19 000
1730	PREMIEFOND	-27 776 264	0	0	0	0	0
1800	DIVERSE FELLESUTGIFTER	16 330	6 283 800	1 436 000	1 436 000	1 436 000	1 436 000
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	1 975 882	534 932	284 426	284 426	284 426	284 426
2120	GRUNNSKOLE	2 582 687	238 457	245 276	245 276	245 276	245 276
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	495 846	267 917	237 642	237 642	237 642	237 642
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	1 887 995	-105 864	-27 030	-27 030	-27 030	-27 030
2546	GISKE OMSORGSSENTER	1 597 589	628 148	332 321	332 321	332 321	332 321
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	2 911 038	263 294	345 016	345 016	345 016	345 016
	Sum andre tenester knytt til fordeling av pensjonskostnader i 2022	12 339 133	0	0	0	0	0
	Sum ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter	**-6 671 828**	**16 246 027**	**15 513 524**	**13 499 283**	**12 625 746**	**12 625 746**

Teneste 1212 og 1215

Her blir det ført løn til frikjøpte tillitsvalde og hovudverneombod, bedriftshelseteneste, velferdsordningar og kursutgifter på tvers av einingane.

Teneste 1240

Under teneste 1240 diverse fellesfunksjonar er det budsjettert med felles utgifter som:

- Felles kontormateriell på rådhuset
- Bevertning til møte og kurs
- Utgifter til porto, telefon og datakommunikasjon
- Kommunen si ansvarsforsikring
- Lisensar og serviceavtaler for felles IT-program og utstyr
- Utgifter til leige av kopimaskiner
- Serviceavtalear for anna teknisk utstyr som felles kopimaskiner m.v.
- Kontingent til Kommunenes Sentralforbund KS
- Avskrivningar på felles IT-program og utstyr

Teneste 1700 - 1730

Premieavvik og amortisering av premieavvik frå KLP og SPK er budsjettert på ansvar 1300.

Premieavviket er forskjellen mellom innbetalt premie og berekna pensjonskostnad.

Premieavviket er budsjettert med bakgrunn i tal frå Kommunal Landspensjonskasse og Statens Pensjonskasse og avstemt mot samla pensjonskostnad. Premieavviket blir anslått til kr 9 827 000, inkludert arbeidsgiveravgift. Dette er tal som skal budsjetterast som inntekt.

Tilsvarande er amortisert premieavvik berekna til kr 8 943 000 for 2024.

Sidan det er forskjell mellom premieinnbetaling og berekna pensjonskostnad, vil effekten for Giske kommune bli at likviditeten i 2024 blir forverra.

Giske kommune sitt akkumulerte premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift var ifølge kommunen sin balanserekneskap pr. 31.12.2021 på 19,9 mill. kr og kan ved utgangen av 2023 kome opp i 41,8 mill. kr.

Dette premieavviket skal utgiftsførast i rekneskapen i løpet av 15 år, for premieavvik oppstått før 2011 og over 10 år for premieavvik oppstått i perioden 2011 – 2014, og 7 år for premieavvik oppstått frå 2015. Dette betrar såleis budsjettbalansen i høve til om kommunen ikkje fordelte dette over dei 7 åra.

Teneste 1800

I denne tenesta ligg nokre av utgiftene knytt til tiltak 44 Flyktninger. Det er knytt stor usikkerheit til flyktningsituasjonen og korleis dette vil påverke utgiftene til kommuna. I tiltaket er utgifter knytt til dette dels ført på dei rammeområda som allereie er råka av auken i flyktningar. Resten er lagt til ramme 3 slik at det kan fordelast på dei områda som får auka utgifter når flyktningane kjem. Inntektene frå flyktningtilskotet ligg i andre overføringar og tilskot frå staten.

Tenestene 2110, 2120, 2343 og 2540

Løn til lærlingar er ført her. Giske kommune har totalt 7 lærlingar: 4 helsefagarbeidarar, 2 barne- og ungdomsarbeidarar og 1 kokk. Kommunen har avtale med Sunnmøre kommunale opplæringskontor om administrasjon av lærlingordninga, og får kr. 20 000,- i tilskot per lærling frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Lærlingar frå Giske kommune har i fleire år delteke i opplæringskontoret si rekrutteringspatrulje der målet er å rekruttere ungdomskuleelevar til fagarbeidarutdanning.



4. Diverse tenesteområder

Ramme 4 omhandlar sosiale tenester som vert gitt av NAV Giske.

Driftsbudsjett - Kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Teneste	4 - Diverse tenesteområde	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	3 515	3 528	4 548	4 548	4 548	4 548
2760	KVALIFISERINGSPROGRAM	1 105	1 238	1 533	1 533	1 533	1 533
2810	ØKONOMISK SOSIALHJELP	4 386	3 927	6 911	6 911	6 911	6 911
2851	NAV DRIFT - STATLEG DEL	- 0	-	-	-	-	-
	Sum ramme 4 Diverse tenesteområde	**9 005**	**8 694**	**12 992**	**12 992**	**12 992**	**12 992**

Sosialtenesta, Nav

Lov om sosiale tenester i NAV inngår i kommunen sitt samla velferdsansvar og omhandlar kommunale tenester og oppgåver som NAV Giske skal utføre og medverke i. Dei obligatoriske kommunale tenestene (minimumsløysinga) som inngår i NAV Giske er opplysning, råd og rettleiing (medrekna økonomisk rådgjeving), økonomisk stønad, mellombels bustad, individuell plan og kvalifiseringsprogram.

Ut over minimumsløysinga deltek NAV Giske i introprogrammet for flyktningar med arbeidsrelatert opplæring/bistand.

Oppgåvene er til dels forankra i lov, som økonomisk sosialhjelp, og i nasjonale program som kvalifiseringsprogrammet. Desse er førande for kommunen sitt arbeid i høve grupper som treng særskild oppfølging. Giske kommune og NAV Giske har eit tett og godt samarbeid, noko som gjer at tenestene vert kvalitativt betre og heng betre saman. Kvalifiseringsprogrammet og kvalifiseringsstønad må sjåast i samanheng med økonomisk sosialhjelp. Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig verkemiddel i arbeid mot fattigdom. Målet med programmet er å fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet ved hjelp av tettare og meir forplikta bistand og oppfølging, også i dei tilfella vegen fram kan vere relativ lang og usikker.

Auka i ramme 4 er knytt til:

- Budsjettert høgare ramme for økonomisk sosialhjelp, sosial rådgjeving og veiledning grunna auka tal flyktningar.
- Løns- og prisvekst.

Driftstiltak i 2024:

- Endringar i flytningarbeidet. Fellestiltak. Reduksjon kr 0,75 mill
- Felles ramme 4 og ramme 6. Flyktning Ukraina. Auke kr 1 mill
- Kontinuerleg forbetring. Reduksjon kr 0,1 mill

Utfordringar og satsingsområder for sosiale tenester

Spesielle utfordringar:

- Ein erfarer at busette flykningar har hatt større behov for sosiale tenester også under introduksjonsprogram. Auka utbetaling av økonomisk sosialhjelp.
- Stor auke i busette flyktningar. 49 flyktningar i 2022, ca 40 i 2023, planlegg for 40 nye i 2024.
- Mange har ikkje rett til introduksjonsprogram grunna alder. Dette gir auke i utgifter til økonomisk sosialhjelp
- Grunna auke i behov for kommunale tenester som sosialhjelp, samtidig som ein opplever statleg nedtrekk, kan ein få auke i ungt utanforskap
- Endra statlege reglar har ført til fleire brukarar som må ha sosialstønad. Høgare kostnad per brukar (mellom anna som følge av høgare levekostnader)
- Ein skal ikkje lengre inntektsberekne barnetrygd i utmåling av økonomisk sosialhjelp
- Flere brukarar med meir komplekse gjeldsproblem
- Auka tal brukarar med samansette utfordringar
- Imøtekome nye oppgåver og krav til tenesteutvikling
- Vidareutvikle samarbeid mellom NAV og kommunen
- Ein arbeidsmarknad som har større krav til kompetanse

Satsingsområde for tenestene

- Arbeide for tettare samarbeid med kommune og privat næringsliv ved hjelp av jobbkonsulent og medarbeidar flykning
- Tett oppfølging av utsatte grupper ved hjelp av inkluderingskompetanse for å styrke arbeidsinkludering
- Digital innbyggartenester (Digisos) for å betre kvaliteten og effektiviteten på saksbehandling ytterlegare
- Oppretthalde fokus på konkrete og individuelle vurderingar i saksbehandlinga knytt til vedtak om økonomisk sosialhjelp, slik at nivået på KOSTRA-tala samanlikna med behovsjustert indeks blir oppretthalde
- Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgjeving
- Oppretthalde fokus og satsing på Kvalifiseringsprogrammet
- Oppretthalde fokuset på vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk sosialhjelp
- Auka innsats for å betre overgang til arbeid for flyktningar

Kostra nøkkeltal 2022

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ulstein	Sula	Sykkylven
Sosialhjelpstilfelle	Antal	123	296	109	97
Sosialhjelpstilfeller som forsørger barn under 18 år	Antal	35	98	28	31
Sosialhjelpstilfelle med sosialhjelp i 6 mnd eller meir	Antal	29	72	21	23
Langtidstilfeller med sosialhjelp som hovudinntekt (6-12 mnd)	Antal	10	35	3	13
Sosialhjelpstilfelle med sosialhjelp i 6 mnd eller meir	Antal	29	72	21	23
Samla stønadssum (bidrag + lån)	1000 kr	4639	11633	3476	3636
Tal på barn under 18 år i familiar som mottok sosialhjelp	Antal	71	175	57	51

Styringskort og styringsindikator

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2024
Brukere	Auke tal brukarar som nyttar digitale tenester	Brukarar på sosialområdet som kan nytte digitale tenester skal nytte DIGISOS som plattform for søknader om sosialhjelp.	90%, sidan ikkje alle brukarane er digitale
	Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgjeving	Alle som melder behov skal få tilbod om bistand	25
	Vurdere Kvalifiseringsprogrammet (KVP) for brukarane og tilby program til alle som fyller vilkåra	Giske kommune har i rammetilskotet budsjett til 7 brukararar i KVP	7
	Sette vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk sosialhjelp til brukarar under 30 år.	Følge intensjonen i Sosialtenestelova § 20	100%
Medarbeidere	En trygg og sikker arbeidsplass	NAV Giske sin verksemdsplan	Systematisk HMS-arbeid
Økonomi	Systematisk HMS-arbeid	NAV Giske sin HMS/IA plan	Følgje NAV Giske sin HMS/IA plan
	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme	Halde tildelt budsjett.



5 Oppvekst

1. Introduksjon

Rammeområde 5 oppvekst omfattar barnehage, grunnskule, kulturskule og vaksenopplæring.

Systematisk og kunnskapsbasert samhandling på tvers av fagområder, med fokus på rett og tidleg innsats, er forstått som ein føresetnad for god kvalitet i laget rundt barnet, og for god kvalitet i barnehage og skule. Ein viktig suksessfaktor for å utvikle system, strategi og arenaer for samhandling, har vist seg å vere koordinator som er fristilt frå sektorane.

God kvalitet i barnehage og skule er forstått som ein føresetnad for å førebyggje utanforskap. God kvalitet og tidleg innsats er eit viktig grunnlag for ein god oppvekst, og viktigast for sårbare barn og unge.

Kommunebilete peikar på for få barnehagelærarar og for høg del tilsette utan formalkompetanse som hovudgrunnlag for å vurdere barnehageområdet i Giske kommune som "svakt".

Grunnskulen vert vurdert som "middels" på bakgunn av positiv utvikling knytt til mobbetal og også positiv utvikling av grunnskulepoeng. Grunnskulepoenga ligg under landssnittet for 2022 og andel elevar med spesialpedagogisk tilbod er over landssnittet.

Det er oppretta Samhandlingsteam for god oppvekst, med politisk forankring. Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar er vedteken, og det skal i planperioden utarbeidast og forankrast ein handlingsdel. BTI-modellen er påbegynt, det skal arbeidast vidare med tiltak for nivå 2 og 3, nivåa som fordrar samhandling i størst grad.

Barnehagane og skulane i Giske kommune arbeider målretta og langsiktig med å utvikle varige betre praksisar. Det er fokus på inkluderande praksis der barnet får erfare «*Det var bra eg kom!*». Barnet skal være i sentrum, læring og utvikling skal være sosial og ha fokus på samarbeid. Barnet sin motivasjon/emosjonar er vektlagd og forkunnskap og individuelle forskjellar vil være ein ressurs. I oppvekst Giske skal barnet bli utfordra utan å verte overbelasta. Vurdering blir brukt som læringsmål og framovermelding i grunnskulen. Barnet skal erfare samanheng på tvers av fag/aktivitet/grupper i og utanfor barnehagen og skulen.

Det er etablert inkluderingsteam i alle einingar i oppvekst. I inkluderingsteama blir utfordringar møtt med tverrfagleg blikk og analytisk tilnærming.

Tenestene i oppvekst skal utviklast i samhandling med dei andre tenesteområda i kommunen og i tråd med sentrale og lokale styringssignal. Det er to kommunale barnehagar og fem grunnskular som alle er sjølvstendige

resultateiningar. Det er skulefritidsordning ved alle barneskulane. Det er etablert ein felles ungdomsskule. Ramme 5 Oppvekst har også ansvar for finansiering og oppfølging av seks private barnehagar. Samfunnsplanen legg til grunn eit mål om fleire kommunale barnehageplassar. Spesialpedagogisk team er organisert i stab og har ansvaret for fagleg utviklingsstøtte til barn med spesialpedagogiske vedtak i barnehagealder, og for støtte til systemarbeid i einingane.

2. Kjerneverksemd

Kjerneverksemd	Tal brukarar 2022	Tal brukarar 2023	Årsverk 2022	Årsverk 2023
2 komm. bhg	109	105	24,8	29,1
6 priv. bhg	438	398	-	-
Spesped bhg ** §31	27	27	5,7	5,7
Tilrtettelegging § 37				
Norsk og samf. for innvandrarar ***	17	30	-	-
Grunnskule vaksne	2	3	-	-
Administrasjon oppvekst	-	-	3	3

** GSI (Grunnskolens Informasjonssystem)*

*** BASIL (Barnehagens Statistikk og Innrapporteringsløsning)*

**** Giske kommune kjøper tenesta frå Ålesund vaksenopplæring, og har difor ikkje eigne tilsette.*

*****Assistent til barn med behov for ekstra støtte er medrekna i årsverk for kommunale barnehagar*

3. Diftsbudsjett - Kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Teneste	Beskrivelse	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1250	IKT	2	0	0	0	0	0
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	79 792	89 386	98 447	101 307	101 307	101 307
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	9 586	10 833	10 347	10 347	10 347	10 347
2120	GRUNNSKOLE	120 925	123 821	132 441	132 396	132 366	132 336
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	1 382	1 099	1 207	1 207	1 207	1 207
2122	SKULEVURDERINGSPROSJEKT(UTD.DIR.)	0	0	0	0	0	0
2130	VAKSENOPPLÆRING	611	4 475	1 475	1 475	1 475	1 475
2140	SPESIALSKOLAR	0	0	0	0	0	0
2150	SKOLEFRITIDSTILBOD	3 713	2 120	6 109	6 109	6 109	6 109
2210	FØRSKOLELOKALER OG SKYSS	0	0	0	0	0	0
2220	SKOLELOKALER	0	0	0	0	0	0
2230	SKOLESKYSS	2 249	684	2 134	2 134	2 134	2 134
2412	PSYKISK HELSEVERN	4	0	0	0	0	0
2423	MOT - PROSJEKTET	311	311	1 052	1 052	1 052	1 052
3830	KULTURSKULE	966	679	851	851	851	851
	Sum Ramme 5 Oppvekst	**219 541**	**233 407**	**254 063**	**256 878**	**256 848**	**256 818**

Grunnskule

Det er behov for å styrke grunnskuleområdet når det gjeld;

-tidleg innsats etter § 1-4,

-auka omfang og kvalitet i symjeopplæringa,

-betre tilgang til varierte læremiddel, analoge og digitale

Symjeopplæringa, per i dag, strekk berre til for svak grad av måloppnåing.

Berre ein av barneskulane har tidleg innsats i tråd med opplæringsloven §1-4, lesekurs, matematikk-kurs m.m.

Driftstilskot private barnehagar

- Driftstilskot blir utrekna med utgangspunkt i rekneskapen for kommunale barnehagar to år i forvegen (2022). For å kompensere for løns- og prisvekst blir tilskotsgrunnlaget justert med kommunal deflator for dei to påfølgjande åra (2023 og 2024). Anslag for deflatorane blir gitt i samband med statsbudsjettet.
- Private barnehagar får eit pensjonspåslag på 11/10 prosent av lønnskostnadane i dei kommunale barnehagane (konsern/frittståande barnehagar).
- Det blir gitt eit administrasjonspåslag på 4,3 % som skal dekkje barnehagane sin del av felles administrasjonskostnadar i kommunen som ikkje er med i utrekninga.
- Private barnehagar i kommunar utan kommunale barnehagar får tilskot basert på nasjonale satsar, fastsett av Utdanningsdirektoratet

Kapitaltilskot private barnehagar

- Private barnehagar får tilskot som skal dekke rente- og avskrivningskostnader. Satsane er fastsette av Utdanningsdirektoratet etter utrekninga gjort av Telemarksforsking.
- Kapitaltilskotet er minimum 11 800 kroner per heiltidsplass. Barnehagar som er nye eller har fått godkjent utviding av areal, får større tilskot, avtakande med alder på bygga.


4. Utfordringar og mål

4.1 Utfordringsbilete

- Komunnebilete si samla vurdering av barnehageområdet er farga raudt, "SVAK". Kommunen har lågare utdanningsgrad og lågare pedagogtettleik enn landssnittet. Det er få barnehagelærarar og høg del av tilsette utan formalkompetanse. Kompetanse og pedagogtettleik er forstått som sentral faktor for å sikre eit godt pedagogisk barnehagetilbod. Antall barn per barnehagelærar er 17,1 i Giske kommune, medan landssnittet er 13,3. Det er høg andel pedagogar på dispensasjon.
- Samfunnsplanen legg til grunn eit fokus på tidleg innsats og førebygging av utanforskap gjennom god kvalitet i barnehage og skule. Laget rundt barnet og samhandling om dette skal verte styrka. Samhandling for god oppvekst, på tvers av fag, er sett på som ein føresetnad for å lukkast med dette arbeidet.
- Nye oppgåver og ansvar tildelt kommunene, gjer, saman med samfunnsendring, arbeidet med barn og unge meir komplekst og samansett, krev nye praksisar og forpliktande samhandling. Ein ser større utfordringar tidlegare, både i barnehage og i skuleløpet, med utfordringar knytt til sjølvregulering, og i skulen ufrivillig skulefråvèr.
- Det er påvist stor samanheng mellom åtferdsvanskar og manglande språk- og omgrepsutvikling. Systematisk, kunnskapsbasert språkutvikling tidleg i barnehagealder vil vere ei viktig prioritering, det same gjeld lesekurs, omgrepskurs og matematikkurs i grunnskulen.
- Det er stor usikkerheit knytt til kostnadsbildet for overføringar til private barnehagar, samt handlingsrom for å kunne etablere rett kapasitet. Samfunnsplanen legg til grunn at andelen kommunale barnehageplassar skal aukast.

- Andel pedagogar og fagarbeidarar i barnehage skal aukast frå 2025 og også vidare. Rekruttering av rett kompetanse er utfordrande, og fordrar strategisk arbeid.
- Auka kvalitet i det allmennpedagogiske i både barnehage og skule, saman med tidleg innsats, tverrfagleg samhandling og god kompetanse og kvalitet på tilpassa opplæring vil vere viktige innsatsområder for redusert spesialundervisning.
- Klassens time på alle steg i grunnskulen, for medverknad, arbeid med klassemiljø og kompetanse i medborgarskap.
- Vi vil vektlegge å sikre gode overgangar mellom barnehage og skule, barneskule og ungdomsskule.
- Vidareføre arbeidet med TALK-prosjektet
- Fleire barn, unge og vaksne signaliserer auka sårbarheit og dermed utvida behov og forventning om støtte og hjelp.

Demografisk utvikling



Demografimodellane som er utarbeidde av KS, viser at utgiftsbehovet for grunnskule vil auke kraftig fram mot 2023 og vere høgare enn 2020 nivået fram til 2030. Utgiftene til barnehage vil bli kraftig reduserte fram mot om lag 2026.

4.2 Satsingsområde

Barnehage

Tenesteområde 2110 Førskule og private barnehagar

Kommunebilete peikar på fokusområde:

-alle skal ha eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø

-barn som treng hjelp, skal få det tidleg, slik at alle skal få utvikla potensialet sitt

-dei tilsette i kunnskapssektoren skal ha høg kompetanse

-alle skal ha god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

8 av 10 barn i Giske kommune går i private barnehagar. Samfunnsplanen legg til grunn at ein større andel barnehageplassar skal vere kommunale. Rett barnehagekapasitet er eit kommunalt ansvar. Tilskot til private barnehagar er basert på kostnader i kommunale barnehagar to år tilbake, med indeksregulering og justerte pensjonsutgifter. Det er gjennomført omfattande innsparingar i dei kommunale barnehagane. Stykkprisen for 2023 er hausten utrekna til kr 226 196 (for andre ordinære barnehagar) / 228 622 (enkeltståande barnehagar) per år for barn under tre år og kr 108 911/110 158 per barn over tre år. Giske kommune sine satsar for driftstilskot er heilt i nedre sjikt. Det er ulike satsar for enkeltståande barnehagar og barnehagar i kjede. Sum drifts- og kapitaltilskot blir betalt ut frå barnetal per 15.12.2022. Dei to kommunale barnehagane lokalisert på Giske og Vigra har 105 barn og driftar med svært låge driftskostnad per barn. Økonomien i barnehagedrifta er sårbar med tanke på pålagd fagleg kvalitet og barnehagekapasitet. Leiarane i private barnehagar er med på styrarmøte og fagdagar i oppvekst.

To av barnehagane har kristen formålsparagraf: Daggry barnehage på Valderøya og Tryggheim barnehage på Godøya. Tryggheim ynskjer å byggje ny barnehage og har søkt om dette over tid. Barnehagekonsernet Norlandia Barnehager AS eig Norlandia Nordstrand og Norlandia Sætra. Skjong barnehage og Myra barnehage er foreldreeigde. Regjeringa legg til grunn at det skal være 50% pedagogar i barnehagane frå august 2025, noko som inneber ei ca 10 % fagleg styrking, med kostnadsauken det inneber. Regjeringa vedtok også at 25% av dei tilsette skal vere barne- og ungdomsarbeidarar. Det er fokus på språk, adferd og tilpassing innafor det allmenpedagogiske for å utvikle ein meir inkluderande praksis også i barnehagane. Tidleg innsats knytt til språk og omgrep er ein viktig beskyttelsesfaktor mot åtferdsvanskar og utanforskap.

Tenesteområde 2111 Styrka tilbod til førskulebarn

Kommunen gir tilbod til førskulebarn med særskilte behov i både private og kommunale barnehagar. Førskuleteamet gir spesialpedagogisk tilbod til enkeltbarn og grupper i barnehagane og bidrar også til kvalitetsutvikling og samanheng i det allmennpedagogiske. Kommunen finansierer assistentstøtte til barn med særskilte behov. Vi ser stor auke i behovet for assistentstøtte knytt til låg grunnbemanning og krevjande drift.

Grunnskule

Giske kommune har fire barneskular: Vigra skule, Valderøy barneskule, Godøy skule og Giske skule. Giske ungdomsskule samlar ungdomstrinnet i kommunen.

Kommunebilete vurderer grunnskulen til "middels" og peikar på desse fokusområda:

-eit godt og inkluderande læringsmiljø for alle elevar

-spissa arbeid med fagleg innkludering i grunnskulen

-barn og unge som har behov for det, får hjelp slik at dei får utvikla sitt potensiale

-alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Netto driftsutgifter per barn 6-15 år i Giske kommune var i 2021 på 96 779 kroner, for 2022 var summen 102 528.

Frå 2019 gjorde skulane betydelege sparetiltak, noko som resulterte i drift under lovleg norm. Frå 2022 er skulane drifta opp til minste lærarnorm.

Giske kommune har digitalisert med nettbrett 1:1 i skulane og det er starta ei investering i pc-ar til ungdomstrinnet. Leiarar og tilsette i grunnskulen etterlyser større mangfald i både digitale og analoge læremiddel, etter at dette har vore salderingspost gjennom Robek-åra.

TALK-arbeidet fokuserer på elevar som er diagnostisert med ASF-H (Autismespekterforstyrring, høgtfungerande). Dette prosjektet har gått i grunnskulen i fleire år. Helse- og omsorgssektoren er også i gang med dette arbeidet.

Betre inkluderande praksis og tidleg innsats

Det er stort fokus på felles kvalitetsutvikling innafor fagområdet inkluderande praksis med felles retning for heile oppvekstsektoren. Kompetanse handlar her om å utvikle varige betre praksisar – bruke dei viktige timane barn og unge er på skulen, til å gjere meir av det som har best effekt.

Elevane får no symjeopplæring i nokon grad, faget fysisk aktivitet og tilbod om leksehjelp. I tillegg til ressursar til lærarnorm kjem ein tidsressurspott med to årstimar per elev, og ein innleiande ressurs for ungdomssteget med 57 årstimar per klasse. Skulane må og ha ressurs til kontaktlærarteneste med 42, 75 årstimar per kontaktlærar, og nedsett undervisningstid for nyutdanna lærarar dei to første åra, rettleiing av desse, samt redusert leseplikt for lærarar over 57 år.

Kompetente lærarar

Dei nyutdanna lærarane har no kompetanse på masternivå.

I ordninga "Kvalitet for kompetanse" kan lærarar få vidareutdanning for å møte kvalifikasjonskrava. Ordninga er eit spleiselag mellom stat, kommune og den enkelte deltakaren, der staten betaler vikar etter fastsett sats for lærar som tek godkjend vidareutdanning i utvalde undervisningsfag. Kommunen betaler bøker og utstyr samt reise og opphald i samband med studiet. Deltakaren får permisjon i 37,5% stilling. Studiet er sett til 50% arbeidsbelastning. 12,5% stilling er dermed deltakaren sitt bidrag i "spleiselaget".

Spesialundervisning

Kommunestyret har sett i verk eit arbeid for å redusere omfanget av spesialundervisninga og inkludere fleire elevar i den ordinære tilpassa opplæringa. 8,8 % får spesialundervisning i 2023, i 2022 var talet 10,8. Nedgangen skuldast nok i hovudsak manglande kapasitet til sakshandsaming i PPT gjennom 2022-23, andelen er forventa å auke.

Utfyllande informasjon om skulesektoren er å finne i Skoleporten og i GSI (Grunnskolens Informasjonssystem).

Skulebygg

I 2017 fekk kommunestyret presentert rapportar, utført av Norconsult, som viser eit klart behov for utbygging og oppgradering av skulebygga. Mest prekært er behovet på Vigra skule. Godøy skule har fått noko oppgradering gjennom arbeidet med å samle 1-7. Både på Godøy og Vigra skule manglar tilrettelagd uteområde.

Giske ungdomsskule har fått på plass modulbygg for å romme ein større elevflokk og skulekjøkkenet er renovert Godøy skule 1-7 har for nytt uteområde med alderstilpassa leikeapparat. Det er gjort vedtak om å bygge ny skule på Vigra.

Barn i grunnskulealder ser ut til å trenge støtte til Livsmeistring i større grad enn før. Årsakane er samansette og komplekse, og må sjåas i samanheng med den totale samfunnsutviklinga.

Årsverk i grunnskulen

	2022-23	2023-24
Rektor/avdelingsleiar *	9,8	9,8
Undervisningspersonale **	119,1	119,95
Assistent/anna elevretta arbeid ***	21,28	23,54
Kontor ****	1,6	0,3

Kjelde: Data rapportert i GSI (Grunnskolens Informasjonssystem (https://gsi.udir.no) 1. oktober 2023.

**Alle avdelingsleiarstillingar er no tilsett, nokre er konstituert*

***Ønska dreiing å redusere bruk av assistent til fordel for lærarkompetanse. Opplæringa ligg no nærare tidleg innsats/lærarnorm.*

****Nye brukarar med behov for ekstra støtte*

*****Merkantil ressurs er frå august 2023 organisert under eininga Kultur, servise og næring*

Elevtal

Skule	1. kl.	2. kl.	3. kl.	4. kl.	5. kl.	6. kl.	7. kl.	Sum 1.-7. klasse	8. kl.	9. kl.	10. kl	Sum 8.-10. klasse	
Giske skule	16	15	14	17	10	10	11	**93**					**93**
Godøy skule	26	17	20	23	17	24	13	**140**					**140**
Vigra skule	27	25	30	30	24	25	24	**185**					**185**
Giske ungdomsskule									132	133	106	**351**	**351**
Valderøy barneskule	68	68	62	61	60	58	58	**435**					
I alt	**137**	**125**	**126**	**131**	**111**	**117**	**106**	**853**	**132**	**133**	**106**	**351**	**1204**

Tal henta frå GSI (Grunnskolens Informasjonssystem) https://gsi.udir.no

Teneste 2121 Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste omfattar fagleg pedagogisk støtte til system, struktur og individsaker i oppvekst skule, samt vaksenopplæring. Hovudfokus er på å utvikle inkluderande, likeverdige tilbod. Ansvar for planlegging, koordinering, støtte til forsøk og arbeid med søknadar om midlar frå fylke og stat. Einingane får samlande oppfølging av sine planar og rapportar for mest mogleg felles kommunale planar og prosedyrer. Ansvar for kurs og rettleiing til leiarar, fellesutgifter til kurs (inntekter og utgifter), midlar interkommunalt arbeid blir også ført her. Giske kommune har ei 100 % stilling knytt til denne tenesta. Stillinga som pedagogisk konsulent står vakant.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar både grunnskule, spesialundervisning på grunnskuleområdet for vaksne, samt opplæring i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar med rett og plikt til slik opplæring etter introduksjonslova § 17. Kommunen får tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Grunnskuleopplæring for vaksne skal dekkjast av rammetilskotet. Tilskotet til norsk og samfunnskunnskap er todelt med eit grunntilskot på 610 000 kroner per år og persontilskot på 146 600 fordelt på tre år. Så langt i 2023 har vi motteke noko over 1 mill.

30 personar får for tida opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Giske kommune kjøper denne tenesta Ålesund vaksenopplæring. Giske kommune har ikkje tilbod til arbeidsinnvandrarar frå EØS-området, som ikkje har rett på gratis opplæring og heller ikkje plikt til å ta norskopplæring. Desse blir vist til ei av nabokommunane våre som har

tilbod til betalingselevar. Deltakarar som har arbeidsgivar, kan få norskopplæring betalt gjennom den statlege støtteordninga Kompetansepluss.

Tre vaksne får for tida grunnskuleopplæring etter § 4 A-1 i opplæringslova. Denne tenesta blir også kjøpt frå Ålesund kommune. Deltakarar i grunnskuleopplæring har rett til gratis skuleskyss.

Teneste 2150 Skulefritidsordning (SFO)

SFO-tilbodet skal vere eit likeverdig tilbod til alle barn på 1.-4. årssteg og til barn i 5.-7. årstrinn med omfattande oppfølgingsbehov. Nasjonal Rammeplan for SFO kom i juni 2021. Både den og Fagfornyinga har tydelege forventningar om kompetanseutvikling for tilsette, utvikling av profesjonsfellesskap. Kommunen dekkjer ekstra kostnader til barn som har omfattande behov for tilrettelegging. Det er innført gratis kjernetid i SFO for 1. og 2. årssteg. Utover dette skal foreldrebetalinga dekkje kostnadene for tilbodet. Sjølvkost for SFO inkluderer utgifter til lokale. Frå hausten 2021 ser vi ei sterk auke i søknader om nedsett betaling i SFO, betalinga skal ikkje overskride 6 % av husstanden si inntekt.

Teneste 2230 Skuleskyss

Elevar som bur meir enn 4 km frå skulen - rekna frå dør til dør - har rett på gratis skuleskyss. For elevar i første klasse er grensa 2 km. Elevar med varig eller kortvarig funksjonshemming, skade eller sjukdom som gir behov for skuleskyss, har rett til skyss uavhengig av avstand. Elevar kan også ha rett til skuleskyss på grunn av trafikkfarleg veg. Fylkeskommunen er ansvarleg for skuleskyssen, og kommunen betaler ein eigenandel som tilsvarar enkeltbillett.

Teneste 3830 Kulturskule

Kulturskulen er organisert under Valderøy barneskule. Tilbodet ved kulturskulen har blitt tilpassa den økonomiske situasjonen og slik redusert. 224 elevar får per 1. okt opplæringstilbod i kulturskulen. Kulturskulen er tidleg innsats for livsmeistring og utgjer første trinn i omsorgstrappa.

Nøkkeltal per 1. oktober 2023

Kulturskule

Kulturskulen	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Musikkundervisning	133	123	106	71	66
Visuelle kunstfag	30	30	23	30	30
Teater	17	0	0		
Dans	130	129	137	133	128
Andre kunst- og kulturuttrykk	0	0	0		
Samla elevtal	310	282	266	235	224
Årsverk			2,96	2,62	2,42
Rektor/inspektør	0,92	0,7	0,2	0,2	0,2
Kontorhjelp	0	0	0	0	0
Årsverk til undervisning	**4,62**	**3,33**	**2,96**	**2,42**	**2,62**

4.3 Styringskort og styringsindikator

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2024
Brukarar	God kvalitet i oppvekst	Systemretta tiltak i alle einingar for lovfeste tidleg innsats (§ 1-4)	
	God kvalitet i barnehage	*Andel tilsette med utdanning som barnehagelærar	50 %
		**Andel tilsette med Fagbrev	33 %
		Systemretta tidleg innsats for god språkopplæring i barnehage	
	God kvalitet i skule	Brukartilfredsheit totalt	4,6
		*Grunnskulepoeng	45
		Elevar på meistringsnivå 2-3, nasjonale prøver 5. trinn lesing (i prosent)	80%
		Elevar på meistringsnivå 2-3, nasjonale prøver 5.trinn rekning(i prosent)	80%
		Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing på 8. trinn (prosent)	69,5 %
		Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i rekning på 8. trinn (prosent)	63,8%
		Elevundersøking trivsel (skala 1-5)	4,5
Medarbeidarar	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Nærvær	94 %
Økonomi	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme	+/- 0

** Tal frå barnehage og grunnskule er per 2022, nye tal føreligg ikkje før desember/januar.*



6 Barn, familie og helse

Ramme 6 omfattar eining Barn, familie og helse. Eininga har følgjande tenester: legeteneste, kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi, fysio/ergo, logoped, psykisk helseteam barn og unge, PPT, barneverntenesta, hjelpemiddel, helsestasjon og skulehelseteneste, flyktningteneste og introduksjonsprogram.

2. Driftsbudsjett - kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Teneste	6 Barn, familie, helse	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	114	251	358	358	358	358
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	904	1 092	1 002	1 002	1 002	1 002
2120	GRUNNSKOLE	2 509	2 490	2 943	2 943	2 943	2 943
2130	VAKSENOPPLÆRING	201	283	295	295	295	295
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	5 713	6 908	6 614	6 614	6 614	6 614
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	756	758	820	820	820	820
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	1 141	1 260	1 294	1 294	1 294	1 294
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	14 969	14 557	16 478	16 478	16 478	16 478
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	5 650	5 221	6 313	6 313	6 313	6 313
2412	PSYKISK HELSEVERN	1 342	1 085	1 062	1 062	1 062	1 062
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	- 140	- 72	- 122	- 122	- 122	- 122
2421	FLYKTNINGKONTOR	3 154	2 720	4 259	4 259	4 259	4 259
2440	BARNEVERNTENESTE	6 817	7 382	8 284	8 284	8 284	8 284
2510	BARNEVERNTILTAK I FAMILIEN	2 479	3 006	2 917	2 917	2 917	2 917
2520	BARNEVERNTILTAK UTANFOR FAMILIEN	4 285	5 659	6 952	6 952	6 952	6 952
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	2 542	2 556	2 519	2 519	2 519	2 519
2750	INTRODUKSJONSORDNINGA	1 371	2 388	4 057	4 057	4 057	4 057
	Sum ramme 6 Barn, familie, helse	**53 807**	**57 544**	**66 043**	**66 043**	**66 043**	**66 043**

Oppvekstreforma/barnevernsreforma vart gjeldande frå 1.1.2022. Med den nye reforma følgjer oppgåver til barnevernstenesta med nytt ansvar for institusjon og fosterheim. Ut over det ligg reforma til heile organisasjonen å følgje opp arbeid knytt til samhandling, førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Det krev mellom anna tett samarbeid mellom ei rekke tenester. Det ligg ikkje ytlegare styrking i budsjett 2024 til

oppfølging av oppvekstreforma. Statistikk frå SSB viser at 28% av innbyggjarane i Giske kommune er mellom 0-20 år. Denne veksten påverker tenestene i einingа i særs stor grad. Tverrfagleg samarbeid er vektlagd. Det er framleis nasjonal satsing på helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste. Kommunen søkjer tilskot til hjå staten for å styrkje bemanninga i desse tenestene for å møte oppgåvene som er lagt til kommunen.

Psykisk helse og rus er også ei nasjonal satsing. Vidare er satsing og fokus på kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi stor. Frå 2020 vart velferdsteknologi integrert i helse- og omsorgstenestene. Giske kommune har hatt stort fokus på dette sidan 2015 og har kome langt i arbeidet. Giske kommune deltek i interkommunalt samarbeid og kjøper tenester hjå andre kommunar knytt til legevakt natt, barnevernvakt, krisesenter, overgrepsmottak. Giske kommune har eitt kommunalt legesenter, drifta via kommunalt aksjeselskap.

Betre tverrfagleg samabeid (BTS) er ei viktig satsing i kommunen. For å lukkast må arbeidet prioriterast i heile organisasjonen. Kommunen har starta opp nytt digitalt samhandlingsverkty, DIPS, som skal bidra til betre samhandling og dokumentasjon.

Giske kommune tok i mot 49 flyktningar i 2022. Kommunen ventar å ta i mot 44 nye flyktningar i år. Vidare planlegg kommunen å ta i mot ytlegare 40 nye i 2024. Heile organisasjonen har ansvar for at kommunen lukkast best mogleg med mottak av nye innbyggjarar. Fokus på arbeid, skule/utdanning, bustad, bustadsosialt arbeid og fritid/aktivitet.

Årsak til auke i budsjett 2023 til budsjett 2024 med om lag kr 8,5 mill:

- Auke i utbetaling av basistilskot fastlegane og auke i kostnader kjøp av tenester med om lag kr 2 mill. Basistilskotet vert delvis finansiert gjennom tilført midlar til kommunen.
- Flyktningtenesta er styrkja med kr 1,5 mill og budsjett utbetaling av introduksjonsstønad er auka med kr 1,6 mill, dette grunna stor auke tal flyktningar.
- Auke i barneverntiltak utanfor heim, om lag kr 1,3 mill
- Psykolog er tilbake i budsjett for 2024
- Fysio/ergo, koordinator velferdsteknologi. Finansiert frå ramme 7.
- Generell løns- og prisvekst.

Driftstiltak 2024:

- Ramme 3, Felles, Flyktning Ukraina, ramme 4 og 5. Auke kr 2,23 mill
- Ramme 2,4,5,6,7,9 Samhandling og koordinering.
- Ramme 2: Stab, Kontinuerleg forbetring, reduksjon kr 0,6 mill
- Ramme 6. BFH, Kontinuerleg forbetring, reduksjon kr 1 mill
- Ramme 6 og 4, Endringar i flyktningarbeidet, reduksjon kr 0,75 mill

3. 1 Utfordringsbilde

- Einingа har redusert stilingar i fleire tenester frå 2019 til 2022. Utfordringa blir å klare å levere lovpålagde tenester med denne reduksjonen. Ytterlegare reduksjon vil føre til at vi må redusere tilbod og nokre av oppgåvene må eventuelt overførast til andre tenester. Andre tenester i organisasjonen får konsekvens, til dømes omsorg og oppvekst.
- Rekruttering av tilsette med naudsynt kompetanse, som må kunne løyse stadig fleire oppgåver i mindre fagmiljø. Oppgåver som blir overført frå Helseføretaket til kommunalt nivå, gjer at vi må yte meir spesialiserte oppgåver.
- Høgt sjukefråvær i fleire tenester.

- Digitalisering og ta i bruk dei verktøya vi allereide har. Erstatte individuell oppfølging med digitale hjelpemiddel.
- Fastlegeordninga er i endring og rekruttering av fastlegar kan vere ei utfordring. Basistilskot til fastlegane auka i 2023. Denne vert ikkje fullt ut finansiert frå staten. Kommunen får difor ein kostnad knytt til dette i 2024.
- Levere lovpålagde tenester innan budsjettramma.
- Halde lovpålagde fristar i barnevernstenesta og PPT.
- Førebu arbeidet med å bygge opp naudsynte hjelpetiltak for å i møtekome krava i Barnevernsreforma som trådde i kraft frå 2022.
- Klare å halde oppe arbeid knytt til satsinga BTS. Samhandlingsplikt og samordningsplikt.
- Nødvendige omstillingsprosessar må gjennomførast. Omstillingsprosessar krev tett oppfølging av leiarane som må arbeide med omstilling og samstundes bidra inn i den daglege drifta.

3.2 Moglegheit og fokusområde

- Betre tverrfagleg samhandling (BTS)
- Tidleg innsats og førebyggjande arbeid
- Samanhengande tenester i organisasjonen. Vi bygger laget rundt barna. Samarbeid mellom helse, omsorg, oppvekst, NAV, legekontor og spesialisthelsetenesta.
- Sikre samanheng i alle satsingane: Kompetansereforma, Inkluderande praksis, Betre tverrfagleg samarbeid, BTS-prosjekt. TALK-prosjektet, Oppvekstreforma/barnevernsreforma og barnekoordinator.
- Bygge kapasitet og kultur for kontinuerleg forbetringsarbeid
- Digitalisering og bruk av ny teknologi.

Oversikt tal årsverk i eining barn, familie og helse

Teneste	2019	2020	2021	2022	2023	2024
PPT, logoped	5	3,8	4,3	4	4	4
Helsestasjon, jordmor	10,3	10,3	10,3	10,3	10,3	9,6
Legetenesta	2,58	2,58	2,58	2,63 årsverk fast tilsett kommunale legar, 9 fastlegeheimlar	2,63	2,13 årsverk. Snart 11 fastlegeheimlar
Fysio/ergo/kvardagsrehab	7,6	6,6	6,6	6,6	6,6	6,6
Psykisk helseteam barn/unge	3	2	2	1	1	1
Barnevernstenesta	8	7	7	8	8	8
Frisklivssentralen	0,2	0	0	0	0	0
Tildelingskontor	4,7	3,7 frå1.8.2020	3,8	3,8	3,8	3,8
Flyktningteneste	1,63	1,63, 1 årsverk frå 1.7,220	1	1 fast, 1,5 på engasjement grunna flyktningsituasjonen	3,5. 2,5 er midlertidig	1 årsverk fast. 2,5 midlertidig grunna flyktningsituasjonen
Totalt årsverk	**42,81**	**38,18**	**37,48**	**39,73**	**38,83**	**38,63**

Kostra, helsetenester 2022

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ulstein	Sula	Kostragruppe 1	Møre og Romsdal
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar	Årsverk	12,9	14,7	10,4	12,2	13,2
Avtalte legeårsverk	Årsverk	11,2	12,9	10	333,8	354,5
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar	Årsverk	6,2	9,1	7,3	9,8	9,4
Avtalte årsverk i helsestasjon- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar 0-20 år	Årsverk	46,8	72,8	49,9	54,2	54
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar 0-5 år	Årsverk	172,9	283,3	192,5	219,7	215,2
Andel heimebesøk av helsesjukepleiar til nyfødde	Prosent	59,8	92,4	95,7	94,5	97
Andel heimebesøk av jordmor innan tre døgn etter heimkomst	Prosent	58,9	67,4	84	61,6	74

Kostra, Barnevern, 2022

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ulstein	Sula	Kostragruppe 1	Møre og Romsdal
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar	kr	1 695	1 988	2 516	2 573	2 158
Barn med melding ift. innbyggjar 0-17 år	Prosent	2,8	1,8	3,4	3,9	3,3
Prosentandel barn med undersøking ift innbyggjarar 0-17 år	Prosent	2,8	2,2	3,1	4,1	3,1
Brutto driftsutgifter per barn med undersøking eller tiltak	Kr	76 545	99 458	70 604	80 069	82 078
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet	Kr	51 592	19 945	28 091	47 803	32 061
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet	Kr	306 571	345 095	491 962	482 709	416 438
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk	Tal	17,5	11,8	17,4	16,6	14,7
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 mnd	Prosent	94	66	90	87	87
Netto driftsutgifter per barn i barnevernet	kr	133 927	163 439	174 424	170 337	168 226
Barn med barnevernstiltak ift innbyggjar 0-24 år	Prosent	2,2	2,8	3,0	3,5	2,9

Styringskort

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2024
Brukarar og tenesteutvikling	Betre koordinerte tenester og tidleg innsats	Tal brukarar i DIPS. Individuell plan, individuell opplæringsplan, stafettlogg.	Fortsetje prosjekt Betre tverrfaleg samhandling. Følgje opp arbeidet. Tverrfagleg samhandling i eininga og mot andre tenester i kommunen.
	Omstillingsarbeid	Ikkje avvik i tenestene som bryt lova	Levere lovpålagte tenester innan ramma.
Medarbeidarar	Kompetanseutvikling og rekruttering	Kompetanseplan	Gjennomføre tiltak utarbeida i kompetanseplan for eininga.
	Nærver 93%	Følgje opp fråværs-statistikk, rapportere. Setje i verk nødvendige tiltak. Samarbeid med tilitsvalde og verneombod.	Sjukefråværet skal ikkje overstige 5 %
Økonomi	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme. Alle tenesteområda rapporterer kvar månad på status drift og økonomi.	Avvik ≤ 0



7 Pleie og omsorg

1. Introduksjon

Ramme 7 omfattar einingane Valderøy omsorgsdistrikt, Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt og eining Meistring og psykisk helse. Ramme 7 har også eit ansvarsområde knytt til kjøp av tenester Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod og utskrivingsklare brukarar.

Einingane yter tenester med heimel i helse- og omsorgstenestelova.

2. Driftsbudsjett - kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Teneste	7 Pleie, omsorg og sosial	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	1 330	-	-	-	-	-
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	3 632	4 044	5 056	5 056	5 056	5 056
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	1 170	1 172	3 363	3 363	3 363	3 363
2412	PSYKISK HELSEVERN	2 502	2 919	2 907	2 907	2 907	2 907
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 817	1 716	1 820	1 820	1 820	1 820
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	9 762	10 473	11 484	11 484	11 484	11 484
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	371	422	428	428	428	428
2533	VIGRA OMSORGSSENTER - FJELLRO/NORDSTOVA	-	-	13 934	13 934	13 934	13 934
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	55 765	50 738	32 067	32 067	32 067	32 067
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	13 919	11 739	9 846	9 846	9 846	9 846
2543	AVLASTNING	16 501	14 938	16 877	16 877	16 877	16 877
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	6 942	6 443	7 587	7 587	7 587	7 587
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	11 411	11 676	12 560	12 560	12 560	12 560
2546	GISKE OMSORGSSENTER	30 590	29 935	30 184	30 184	30 184	30 184
2547	Godøy Bukollektiv	9 107	9 479	10 062	10 062	10 062	10 062
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	34 881	24 539	30 673	30 673	30 673	30 673
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	549	806	787	787	787	787
	Sum ramme 7 Pleie, omsorg, Sosial	**200 249**	**181 039**	**189 635**	**189 635**	**189 635**	**189 635**

Giske kommune har tre omsorgssenter. Giske omsorgssenter (28 heildøgnsplassar), Vigra omsorgssenter (24 heildøgnsplassar) og Godøy og Alnes bukollektiv (9 heildøgnsplassar). Omsorgssentra driv bukollektiv-drift med unntak av 8 institusjonsplassar ved Vigra omsorgssenter. Frå 1.1.2024 vert Vigra omsorgssenter drifta som sjukeheim med 24 plassar. Samla har kommunen 61 heildøgnsplassar. 11 av desse plassane er korttidsplassar, 8 plassar ved Giske omsorgssenter og 3 ved Vigra omsorgssenter. Den største tenesta er heimebasert teneste som blir gitt både i bukollektiv og i heim til brukar. Kommunen har eige storkjøkken som leverer tenester av høg kvalitet både til omsorgssenter, til eigen heim, møtemat og liknande. Giske kommune har bufellesskap til menneske med utfordringar innan psykisk helse og rus (Løkevegen, 5 heildøgnsplassar), og bufellesskap til menneske med nedsett funksjonsevne, (Gudmundvegen, Skomakarvegen, Reset, med til saman 15 heildøgnsplassar), avlastningsbustad/barnebustad på Godøya (2 plassar, etablert i 2022) og dagtilbod (Kingelveven) til menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunen har dagtilbod ved Giske omsorgssenter og dagtilbod for demente ved Vigra omsorgssenter.

Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050, vedteke i Giske kommunestyre juni-22, vert viktig for å møte veksten og nødvendig utvikling innan helse og omsorg.

Kommunestyret har vedteke følgjande overordna strategiar:

- Heilskapleg bustadpolitikk for rett teneste, meistring og trivsel
- Heilskapleg tenesteutvikling
- Samskapingskommunen Giske

Sjå lenka for meir informasjon: Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050

Samfunnet står overfor store endringar og framtidsbiletet viser at dagens lokalisering, organisering og drift av tenestene ikkje vil vere berekraftig i framtida. Endringar i demografi, oppgåver, forventningar, digitalisering og teknologiske løysingar vil vere store og skje i eit raskare tempo enn tidlegare. Kommunen må ha strategiar og plan for å møte dette og vidare samla følge desse opp. Framskrivingane viser at behovet for pleie og omsorgstenester vil auke med 150% om vi held fram med å yte tenester på same måte som i dag. Kommunen vil verken ha økonomi eller hender nok til å imøtekome dette. «Å vekse smartare» vil kreve ei heilskapleg tilnærming og eit tett samarbeid mellom politikk, administrasjon og kommunen sine innbyggjarar.

Tenesteutvikling er eit kontinuerleg arbeid og kommunen må ta inn over seg at endringar er ein del av kvardagen. Tenestene vert i stor grad påverka av samfunnsutvikling, demografi, nasjonale føringar, overføringar av oppgåver og endringar innan spesialisthelsetenesta. Det inneber mellom anna at kommunane i større grad må ruste seg for å ha meir spesialisert kompetanse i tenestene og handtere meir lokalt og nær brukaren. Knappleik på personell framover gjer mellom anna at det i større grad må nyttast nye arbeidsmetodar og digitale løysingar i møte med brukarane.
Velferdsteknologi er ei nasjonal satsing og ein ser store menneskelege og økonomiske fordelar ved at det i større grad vert nytta i helsetenestene. Det er forventa at den tverrfaglege måten å jobbe på i samspel med teknologiske løysingar skal gi store positive effektar både på tenestekvalitet, effektivitet og økonomi.

I dag er 4 % av innbyggarane 80 år eller eldre, framskrivinga viser 6,8 % i 2040. Om lag 28 % av innbyggjarane er i gruppa 0-20 år, det viser at vi har ei relativt ung befolkning. Vi må vere budde på utfordringar innan denne gruppa. Framskrivinga viser at vi framover vil ha relativt store grupper i alderen 30-54 år og 74-84 år. Kartleggingar som er blitt gjort i kommunen viser at vi har særleg vekst og utfordring når det gjeld tenestetilbod til demente og til barn og unge med særlege behov.

Strategiane skal bidra til at Giske kommune når mål om å ha likeverdige og heilskaplege tenester av god kvalitet som er lett tilgjengelege for alle. Kommunen skal ha helsefremjande, trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge, og vere eit aldersvennleg samfunn der den einskilde har ein meiningsfull og helsefremjande kvardag, høg grad av sjølvstende og moglegheit for deltaking i samfunnet. Kommunen må vere i stand til å levere gode og målretta tenester innan tilgjengelege rammer, samtidig tilpasse kommunen sine utgifter til eit bærekraftig nivå. Strategiane skal bidra til at det vert skapt bevisstheit rundt den positive helseeffekten som ligg i deltaking, aktivitet og mestring.

Kommunen må auke bruk av tiltak med helsefremjande effekt, slik at kommunen kan bidra til innbyggjarane sin livskvalitet og helse lengst mogleg. Strategiane skal også skape bevisstheit rundt at helse- og omsorgstenestene i ulik grad grip inn i tenestemottakar sitt liv, og viktigheita av å gi tenester på rett nivå for å oppretthalde funksjonar og ikkje redusere dei. FN'S Berekraftsmål skal følgje oss i alt vi gjer.

Eigenandel for kommunen knytt til ressurskrevjande tenester utgjer i 2024 18% av total budsjettramme for pleie og omsorg. Sum refusjon er 22,2 mill. 13 brukarar.

Giske kommune er i stor omstilling knytt til tenestene innan pleie og omsorg. Leanprosjektet *Pleie og omsorgstenester i takt med framtida* har pågått sidan mai-22, gjennom heile 2023 og vil fortsetje i 2024. Det er gjort store omstillingar innan brukargruppa andre i hovudsak eldre og psykiatri/rus. Giske kommune har no ei dekningsgrad på heildøgn ved institusjon og bukollektiv på 16%. Kommunen har utarbeidd tydelege

tildelingskriterier som vert nytta ved søknader på helse og omsorgstenester. Bufellesskap for psykiatri og rus har no ei dekningsgrad med 5 senger, ein reduksjon frå 10 senger i 2022. Vidare er det etablert ambulant team psykatri/rus. Det vert arbeidd vidare med brukargruppa mennesker med nedsett funksjonsevne, etablering av ambulant team, tildelingskriterier, innhald dagtilbod og innsatstrapp. Kommunen gjorde omstilling for 13 mill i 2023. Driftstiltaket på 22 mill var ikkje mogleg å gjennomføre, 9 mill vert vidareført i 2024.

Årsak til endringar frå budsjett 2023 til budsjett 2024 med om lag 8 mill.

- Løns- og prisvekst

Driftstiltak ramme 7, 2024, samla reduksjon kr 14,2 mill:

- Ramme 7: Pleie og omsorg, Fellestiltak pleie og omsorg kr 12,1 mill.
- Ramme 2: Stab, Kontinuerleg forbetring kr 1,5 mill
- Ramme 2,4,5,6,7,9 Samhandling og koordinering, kr 0,1 mill

Ramme 7 har til saman driftstiltak på kr 14,2 mill i 2024. Auka i budsjettet frå 2023 til 2024 dekkjer ikkje behov i drift eller pris- og lønsveksten innan området. Nødvendig omstilling som ligg i driftstiltaka vert svært krevjande å gjennomføre. Mange er involvert, både leiarar på alle nivå, tillitsvalde, tilsette og stab. Politikarane vil bli jevnleg informert om status i arbeidet. Kommunikasjon og informasjon ut til innbyggjarane vert viktig. Omstillinga fordrar også eit omfattande haldnings- og kulturarbeid og tett samarbeid mellom politikk og administrasjon. Grunna den økonomiske situasjonen i kommunen fordrar det å omstille drifta i eit raskare tempo. Budsjettet til ramme 7 vart justert ila 2023 frå kr 181 mill til 192 mill, gjennom budsjettendring. Dermed vert budsjett for 2024, 3 mill lavare enn budsjett for 2024.

3.1 Utfordringsbilde

- Demogafiske endringar og den økonomiske situasjonen gjer det utfordrande å yte lovpålagde tenester.
- Stort arbeidspress og mange oppgåver gjer at ein står i fare for å ikkje klare å levere nødvendig helsehjelp til ei kvar tid.
- Høgt sjukefråvær og vanskeleg å rekruttere til stillingane.
- Auke i tal barn og unge med særlege behov. Det er kartlagt om lag 50 barn med ulike utfordringar som vil trenge bu- og tenestetilbod innan ei viss tid. Det er vanskeleg å planlegge då vi ikkje veit kor tid hjelpebehovet slår inn.
- Risiko for nye brukarstyrt personleg assistent-brukarar, auka behov for avlastning og tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. Behovet er svært lite føreseieleg og vanskeleg å planlegge for, då brukarane kan kome på kort varsel og kan ha behov for store ressursar. Innan omsorg er dette den største økonomiske risikoen.
- Auke i tal demente. I snitt er det registrert 53 nye brukarar i året sidan 2016.
- Oppgåveoverføringar frå andrelinjetenesta gjer at brukarane kjem tidlegare heim og er dårlegare enn før. Vi må i større grad yte spesialiserte tenester innan somatikk, psykiatri og rus.
- Rekruttering av helsepersonell, særleg sjukepleiarar og vernepleiarar, og rekruttering av gode leiarar er spesielt utfordrande
- Auka press på avlastningstenesta og korttid- og langtidsplassar.
- Generell auke i tal brukarar og tal tildelte tenester

3.2 Moglegheiter og fokusområder

- Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Operasjonalisering av strategiane.
- Omstillingsprosjekt: Pleie og omsorgstenester i takt med framtida
- Tydelige tildelingskriterier til dei ulike tenestene. Fastsette dekningsgrad heildøgn.
- Styrkje tenestene som ligg lavt i innsatstrappa, vurdere nye tenester.
- Styrkje heimebasert og ambulant teneste
- Fokus på tidleg innsats, lavterskeltilbod og vidareutvikle dagtilboda
- Samarbeid på tvers, mellom tenester og einingar
- Styrkje bruk av velferdsteknologi, sjølvhjelpsverkty, digitale løysingar
- Styrkje bruk av kvardagsrehabilitering
- Fortsetje å søkje tilskot/midlar til utviklingsarbeid og styrking av tenestene
- Leiarutvikling

3.3 Oversikt tal brukarar i perioden 2011-2023

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Per 20.09.2023
Brukarar med tenester	462	448	466	500	510	531	734	878	946	951	929	1024	946
Tal tenester	1 690	1 760	1 923	2 185	2 185	2 506	2 820	3 199	3 626	3 675	3 716	4212	4309
Tal vedtak										732	952	924	624
Tal e-meldingar	0	0	2 283	9 201		14 186	14 374	16 605	16 585	18 346	21 535	21185	15292

E-meldingar er kommunikasjonsplattforma mellom helseføretaket, kommunen og fastlegane.

Timetal tenester tildelt

Teneste	31.12.21	31.12.22	02.10.23
Brukarstyrt personleg assistanse, tal brukarar	10	8	8
Brukarstyrt personleg assistanse, timetal per veke	360	280	282
Praktisk bistand/opplæring, tal brukarar	122	104	108
Praktisk bistand/opplæring, timetal per veke	2 716	2268	2271
Heimesjukepleie, tal brukarar	200	214	224
Heimesjukepleie, timetal per veke	2 202	1822	1870

3.4.1 Oversikt tal årsverk pleie og omsorg, ramme 7

Teneste	2020	2021	2022	2023	2024	Merknadar
Valderøy omsorgsdistrikt	57,75	68,67	73,72	67,93	67,77	
Vigra, Giske om Godøy omsorgsdistrikt	67,07	55,86	58,13	58,13	56,84	
Meistring og Psykisk helse	67,4	69,95	77,13	77,13	73,96	1,48 årsverk prosjekt ambulant teneste. Midlertidig. Barneavlastninga: lovleg drift turnus, 1 årsverk.

Grunna omstilling i pleie og omsorgstenestene er det usikkert kor mange årsverk det vert i 2023 innan området.

KOSTRA, Helse og omsorg, 2022

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ulstein	Sula	Sykkylven	Kostragruppe 01	Møre og Romsdal
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar	kr	33521	32015	33029	35858	35908	39147
Årsverk helse- og omsorg per 10 000 innbyggjar	Årsverk	289,3	309	317,5	320	341,3	367,2
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunens samla netto driftsutgifter	Prosent	36,9	32,1	34,7	35	35,9	38,8
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta med helseutdanning	Prosent	79,7	77,3	75,7	79,6	79,2	76,6
Årsverk per brukar av omsorgsteneste	Årsverk	0,82	0,46	0,47	0,43	0,51	0,59
Andel innbyggjarar 80 år og over som brukar heimeteneste	Prosent	31,1	37,4	45,8	30	30,8	31,5
Andel brukarar av heimeteneste 0-66 år	Prosent	33	55	49,9	55,7	50,5	47,5
Andel innbyggjarar 80 år og over som er beboar på sjukeheim	Prosent	1,6	6,3	2,2	6,5	9,3	10,8
Andel brukartilpassa einerom med eige bad/wc	Prosent	100	100	100	90,2	94,6	95,1
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon	Kr	4421	4471	8072	5705	4831	4653
Legetimar per veke per bebuar i sjukeheim	Timar	0,47	0,8	0,7	0,63	0,53	0,5
Andel innbyggjarar 67-79 år med dagaktivitetstilbod	Prosent	1,38	1,2	0,93	1,05	0,53	0,84

3.5 Styringskort

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2023
Brukarar og tenesteutvikling	Pleie og omsorgstenester i takt med framtida	Gjennomføre tiltak innan Leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Måleindikatorar vil vere venteliste heildøgnsplassar, kostnader utskrivingsklare brukarar ved helseføretaket, tal brukarar og tal tildelt tenester, tal timar, dekningsgrad ikkje over 16%.	Dekningsgrad heildøgn 16% . Etablering av ambulant teneste til mennesker med nedsett funksjonsevne. Alle vedtak vert gjennomgått. Tildelingskriterier for dei ulike tenestene. Styrke tenestene lengst nede i innsatstrappa som dagtibod og heimebasert teneste.
Medarbeidarar	Nærvær 93%	Jobbe kontinuerleg med nærværstiltak.	93%
	Vi klarer å rekruttere nødvendig kompetanse.	Oversikt stillingar og funksjonar.	Vi klarer å rekruttere og har rett kompetanse på rett plass
Økonomi	God økonomistyring	Rekneskap skal ikkje overskride budsjett. Jevnleg rapportering status økonomi	≤ 0



9 Teknisk

Generelt og satsingsområde

Dei fleste tenesteområda innan ramme 9 er budsjetterte innanfor regelverket for sjølvkost. For å få fram balansen i sjølvkost vert teknisk eining sitt budsjett presentert på ansvarsområda. Samla inntekter, utgifter og nettokostnad går fram av tabellen nedanfor. Overskot innan eit sjølvkostområde vert sett av til fond og underskot vert dekt med bruk av fond. Betalingssatsane er justerte i tråd med sjølvkostregleverket. For 2024 har vi også vedteke ny forskrift for vatn og avløp som påverkar gebyra og gjer at ein ikkje kan samanlikne tala frå 2023 med 2024 tala, jamfør eiga sak.

Områda som ikkje er sjølvfinansierte er eigedomsavdelinga, reinhald, brannvern, grunnkjøp, kart, rettleiing og tilsyn på byggesak, opparbeiding av utbyggingsområda, vegar og parkar samt gravferdsteneste, overordna plan samt regulering.

Regulering er ikkje eit vedteke sjølvkostområde, men gebyra legg opp til auka dekningsgrad med mål om å vere sjølvfinansierande.

Satsingsområde:

Eigedomsforvaltning

Området heng saman med samfunnsplan og tilhøyrande arealplan - der arbeidet vart starta opp i 2022. Vi må kartlegge kommunale areal og kommunal bygningsmasse. Samfunnsplan med arealplan vil vere styrande dokument som gir føringar for kva areal som kan seljast, brukast av kommunen sjølv eller leigast vekk. Bygningsmassen må også karleggast og vurderast - kva skal vi ta vare på og utnytte på best mogleg måte, kva bygg kan vi selje eller bruke til noko anna og kva nybygg er nødvendig i eit 5,10,15,20 års perspektiv. Arbeidet med ein eigedomsstrategi kan skje parallelt med arealplanarbeidet.

Utviklingsarbeid- spesielt når det gjeld Gjøsundet hamn og næringsområde- vidare utvikling

Teknisk har i fleire år tatt tak i fleire utviklingsoppgåver i kommunen. I første rekke gjeld dette Gjøsundet. Arbeidet har kome på toppen av anna arbeid i mange år. Teknisk eining fekk tilsett einingsleiar frå april 2023. Gjøsundprosjektet fekk tilsett prosjektleiar i halv stilling frå 1.10.23. Dette gjer det mogleg å etablere ei gruppe som kan arbeide med utvikling- og ivaretaking av kommunale areal og bygningar. Målet må vere å ta vare på verdiane til Giske kommune i eit berekraftperspektiv og etter formuesbevaringsprinsippet i kommunelova.

Avlasting av tunnellane

Tunnellane frå Ålesund til Giske kommune- er i periodar sterkt belasta. Statens vegvesen arbeider no med å konsekvensutgreie ulike alternativ som i sin tur skal innarbeidast i nasjonal transportplan. Forslaget som statens vegvesen vil gå for, blir klart vår/sommar 2024. Realisering av vald alternativ vil ta tid. I mellomtida er det viktig å få ned trafikken gjennom tunnellane. Dette kan vere mogleg ved å auke kollektivbruken. Pendlarparkering på Ytterland kombinert med gratis buss/båt kan vere aktuelle tiltak som kommunen kan spele inn ovanfor statens vegvesen og fylkeskommunen.

Byggesak

Byggesak vil vere eit satsingsområde i 2024. Bemanninga vart styrka i 2023 noko som har gitt resultat. I dag klarer teknisk å ta unna dei nye byggesakene som kjem inn. I tillegg har byggesaksbehandlarane no makta å avslutte ein del gamle saker. Målet er å avslutte alle gamle saker i løpet av første halvår 2024 samstundes som nye saker blir behandla og det blir gjort lovpålagt tilsyn.

Viser til rapporten over statsforvaltar sitt hovudbilete av kommunen om klagesaker etter plan og bygningslova:

Statsforvaltaren har behandla 33 plan- og byggesaker frå Giske kommune i perioden 2019-2022. Talet er relativt høgt i forhold til
innbyggjartalet, men kommunen har eit stort utbyggingspress, særleg i deler av kommunen.
Vår samla vurdering er at kommunens vedtak i hovudsak blir gjort i samsvar med plan- og bygningslova. Vi peikar likevel på nokre område kommunen bør ha fokus på framover.

Det gjeld at reguleringsplanane for fleire press- og fortettingsområde ikkje er oppdatert i samsvar med kommuneplanen sin fortettingsstrategi, og kommunen blir oppmoda om å oppdatere reguleringsplanane i dei største pressområda.
Statsforvaltar ber også kommunen merke seg at i dispensasjonsvurderingar må kommunen ta konkret stilling kva verknad dispensasjonen kan gi. Kommunen har i fleire av klagesakene vore for generell i vurderinga av om vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt.

Rullering av arealplanen

Rullering av arealplanen er eit krevjande arbeid. Teknisk med sin spesielle kompetanse, må bidra tungt i mange av dei planlagde utgreiingsbehova i åra framover til og med 2025.

Viser til statsforvaltar sitt hovudbilde av kommunen om Miljø og klima:

Organisering av teknisk eining

Det er behov for nærmare gjennomgang av organiseringa av teknisk eining. Eininga består i dag av hovudområda (1) forvaltning, (2) driftsavdeling, (3) eigedomsavdeling og (4) reinhald. Teknisk utval har gjort ei vurdering av strukturen etter kommunestyrevedtak 016/22 av 28.04.22. Tilrådd modell bør vere utgangspunkt for vidare arbeid.

Investeringar vatn og avløp

Det er behov for vesentlege investeringar i vatn- og avløpsanlegg komande år. Ny hovudplan er no godkjent. Opptrapping i tråd med dei nødvendige investeringane lagt i hovudplanen vil påvirke gebyrnivået både for privathushaldningar og bedrifter. Nye EU krav til reinsing av avløp vil mest truleg bli innført og vil gjelde for alle norske kommunar. Nytt regleverk vil føre til auka reinsekrav for avløp og auka investeringsbehov i åra framover.

Overordna blikk - utfordringar

Teknisk eining har ansvar for eit svært breitt spekter av oppgåver. Samtidig er vi få tilsette på kvart ansvarsområde. Dette gjer oss sårbare ved sjukdom og jobbskifte og er ei vedvarande utfordring i arbeidet med å rekruttere- og behalde tilsette. Det er eit gap mellom forventningar og lovkrav og kva teknisk reelt sett kan klare å levere.

Byggesaksavdelinga

Bemanningssituasjonen har betra seg i 2023, og det er i dag 5 tilsette som arbeidar med byggesak. I 2023 har det vore ein snuoperasjon. Vi har klart å svare alle nyinnkomne sakar, og ta gebyr for alle saker. Det har ikkje vore tapte gebyr på byggesak i 2023. Vi har også klart å følgje opp gamle sakar, og har målsetning i 2024 om å lukka alle gamle sakar.

Byggesak er ikkje eit reint sjølvkostområde, og det blir gjenspeila i årets budsjett. Ansvaret er delt i 70% sjølvkost og 30% ikkje sjølvkost, noko som er i tråd med gjeldande regelverk. Dei 30% dekker mellom anna rettleiing, (rettleiing i Plan- og bygningsregelverket), tilsyn og klagehandsaming.

Rekneskap frå 2020 – september 2023

År	2020	2021	2022	tom. September 2023
Inntekter:	1 892 276	1 880 461	1 453 418	2 065 145

Bygg og eigedom

Viser til forvaltningsrapport utarbeidd i 2021 som viser at Giske kommune ikkje har sett av midlar til vedlikehald. I realiteten dekker løyvingane kun drift. Denne situasjonen har vort uendra over mange år. Manglande vedlikehald påverkar tenestene og brukarane av bygga.

Giske kommune står ovanfor eit vegval - kva vi skal gjere med vår bygningsmasse framover, skal vi utføre verdibevarande vedlikehald eller skal bygga forfalle. For enkelte av bygga er situasjonen pr. dags dato slik at manglande vedlikehald blir sjølvforsterkande, og tilstanden er alt svært dårleg. Dette gjeld mellom anna fleire av omsorgsbygga.

For å maksimere brukstid/nytteverdi av bygga må ein ha midlar til oppgradering for å møte endra krav til funksjon (brukstilpasning) og energibruk. Samla sett "forbrukar" ein bygningsmassen mykje raskare enn forventa levetid og gjer at sanering og nybygg tvingar seg fram. Dette er ei utvikling som på sikt er uøkonomisk og lite berekraftig.

Etterslepet er berekna til minst 100 mill. kroner. Teknisk foreslår at løyvingane til vedlikehald av den kommunale bygningsmassen vert trappa opp med kr 2 million i 2024 og aukar med same beløp dei 3 påfølgande åra, til kr 8 million pr år. Berre på denne måten kan Giske kommune hente inn att vedlikehaldsetterslepet.

Ansvar veganlegg

Ansvarsområdet dekkjer drift av veganlegg, gatelys, gravferdsteneste, parkar og plassar. Ansvarsområdet er ikkje sjølvkostfinansiert.

Snøbrøyting/vinterdrift:

Giske kommune har i dag 7 brøyteroder. Av desse brøyter kommunen 1 rode sjølv. Giske kommune set opp brøytestikker for alle rodene. Giske kommune strør sand for alle rodene utanom rode T6 Godøya (innleige av private her). Det er i dag ca. 88 km med kommunal køyreveg og ca. 20 km med gang- og sykkelveg i kommunen. For 2024 må kommunen auka brøytebudsjettet. Rekneskapen pr. august 2023 er på 1 482 000. Budsjettet for 2023 er på 1 800 000. Forventa rekneskap i slutten av året er dermed estimert til kr. 2 468 000. Dette tilsvara ei overskriding på ca. kr 700 000 og skuldast i hovudsak nye brøyteavtalar samt auka stillingsprosent frå 30 til 70 på saksbehandlar veg.

Drift og vedlikehald av gatelys er hovudsakleg delt inn i to budsjettpostar "Straumutgifter" og "Vedlikehald anlegg":

Giske kommune har ansvar for drift og vedlikehald for ca. 3100 gatelys. Dette er gatelys på kommunale vegar, fylkesvegar og delar av riksveg i kommunen. For drifta og vedlikehaldet av gatelys på riksveg og nokre av fylkesvegane får vi refusjon frå Statens vegvesen og Fylkeskommunen. På fylkesveg får vi refusjon på dei vegane som har årsdøgntrafikk (ÅDT) på over 1200. Størsteparten av drifts- og vedlikehaldskostnadane er naturleg nok i vinterhalvåret med tilsvarande reduserte kostnader sommarhalvåret.

Giske kommune har løyvd særs lite til drift og vedlikehald av kommunale vegar over mange år. For delar av vegnettet er slitasjen no så stor at det er behov for nyinvesteringar. I 2022 vart det asfaltert for kr 1.2 mill og i 2023 vert det asfaltert for kr 2 mill. I tillegg blir det asfaltert i samband med rehabilitering av ledningsanlegg.

Gatelysa skulle ha vore skifta til LED lys for å redusere straumforbruket, men så langt har ein ikkje hatt midlar til innfasing av LED. Enovastøtta opphøyrde i 2017.

Gravferdsteneste

Kyrkja dekker tenesta med knappe 1,2 mill. Dette motsvarar 2 stillingar. Føring av timar viser at behovet for å dekke tenesta ligg på 2,8 stillingar til dette arbeidet. Også når det gjeld kjøp av utstyr i samband med gravferdstenesta (heve- og senkeapparat og grøftekasse) så dekker teknisk halvparten, noko som går på drifta.

Det er behov for nærmare gjennomgang av organiseringa av teknisk eining. Einingа består i dag av hovudområda (1) forvaltning, (2) driftsavdeling, (3) eigedomsavdeling og (4) reinhald. Teknisk utval har gjort ei vurdering av strukturen etter kommunestyrevedtak 016/22 av 28.04.22. Tilrådd modell bør vere utgangspunkt for vidare arbeid.

Det er behov for vesentlege investeringar i vatn- og avløpsanlegg komande år. Ny hovudplan er no godkjent. Opptrapping i tråd med dei nødvendige investeringane lagt i hovudplanen vil påvirke gebyrnivået både for privathushaldningar og bedrifter.

Kommunalt kartverk

Lovpålagd teneste som ikkje er sjølvfinansiert. Omfattar drift- og oppdatering av alle kartopplysningar. Flyfoto vil bli utført i 2024.

Kommunen har delteke i felles kartleggingsprosjekt saman med nye Ålesund kommune og Statens kartverk der sjøområda i kommunen er kartlagde. Det er undersjøisk topologi og grunnforhold som er kartlagt. Ut frå desse datasetta angis undersjøisk fauna og biologisk masse. Framtidig vidareutvikling/ kvalitetsheving i form av nykartleggingar på utvalde tema som til dømes forureiningspunkt, område med dårleg resipient, straumforhold osv må vurderast på lik linje med fortløpande kvalitetsheving av kommunens landbaserte kart.

Denne kartlegginga er no fullført og kommunen kan i løpet av 2023 be om utbetaling av 1,3 mill som kommunen har forskuttert.

Formannskapet har i sak 115/21 den 20.09.21 gjort vedtak om å inngå intensjonsavtale med fylkeskommunen om ytterlegare styrking av marint kunnskapsgrunnlag i fylket. Kartlegging av sjøområda vil vere eit avgjerande verkty for berekraftig planlegging- og forvaltning av sjøområda i kommunen. Marine grunnkart vil vidare vere viktig beslutningsgrunnlag for landbaserte aktivitetar/utbyggingar og andre menneskeskapte påverknader som har konsekvens for sjøområda.

Oversikt tal årsverk

Ansvar	Årsverk 2019	Årsverk 2020	Årsverk 2021	Årsverk 2022	Årsverk 2023
5000 - Byggesak	3,80	2,53	3,33	3,33	4,33
5100 - Eigedomsavdelinga	22,54	23,58	22,22	21,68	22,18
5300 - Brannvern	7,30	4,70	0,00	0,00	0,00
5310 - Feiing og tilsyn	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
5400 - Kommunalt kartverk	1,30	1,80	0,80	0,83	0,83
5410 - Oppmåling	0,90	0,62	0,60	0,85	0,80
5500 - Regulering	1,70	1,85	1,80	1,53	1,33
5510 - Plan	0,00	0,55	0,65	1,08	1,33
5520 - Grunnkjøp	1,50	1,50	1,40	1,93	2,33
6000 - Opparb. utbygging	0,00	0,70	1,50	1,00	1,00
6100 - Veganlegg	4,38	4,73	3,64	3,66	3,86
6200 - Vassforsyning	4,97	3,29	5,45	4,98	4,88
6300 - Avløp og reinsing	5,03	4,00	4,35	4,88	4,43
6350 - Slamtømming	0,00	0,15	0,10	0,85	0,80
6400 - Renovasjon	2,37	2,33	2,88	2,78	2,78
Sum	**55,79**	**52,33**	**48,72**	**49,38**	**50,88**

Driftsbudsjett - Kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Ansvar	Ramme 9 Teknisk	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
5000	BYGGESAK - Sjølvkost	2 832	957	1 341	1 341	1 341	1 341
5021	Byggesak (vegleeing, klagehandsaming - ikkje sjølvkost) frå 2023	-	-	1 383	1 383	1 383	1 383
5100	EIGEDOMSAVDELING	37 694	38 926	31 625	31 625	31 625	31 625
5300	BRANNVERN	9 283	10 154	11 001	11 001	11 001	11 001
5400	KOMMUNALT KARTVERK	2 893	3 254	3 335	3 335	3 335	3 335
5500	REGULERING	915	988	759	759	759	759
6000	OPPARBEIDING UTBYGGINGSOMRÅDER	- 1 341	- 1 352	- 5 209	- 10 209	- 15 209	- 20 209
6100	VEGANLEGG	7 833	9 349	10 012	10 012	10 012	10 012
6200	VASSFORSYNING - VAR	220	- 150	- 238	- 238	- 238	- 238
6300	AVLØP OG RENSING - VAR	756	- 150	383	383	383	383
6350	SLAMTØMMING - VAR	- 10	-	26	26	26	26
6400	RENOVASJON - VAR	852	-	34	34	34	34
5310	FEIING OG TILSYN - Sjølvkost	-	-	- 3	- 3	- 3	- 3
5410	OPPMÅLINGSFORRETNING - Sjølvkost	- 51	-	- 2	- 2	- 2	- 2
5510	PLAN	1 073	1 297	662	662	662	662
5520	GRUNNKJØP	1 610	1 701	1 766	1 766	1 766	1 766
5110	REINHALD	-	-	11 196	11 196	11 196	11 196
	Sum ramme 9 Teknisk	**64 558**	**64 974**	**68 071**	**63 071**	**58 071**	**53 071**

Sjølvkostområde er budsjettert med 0 kroner. Dette kjem av at områda er sjølvfinansierande, og overskot eller underskot blir ført til/eller dekt av sjølvkostfond.

Utvalde kostratal

Alle tal i kroner

	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Årsgebyr for vassforsyninga - eksl. mva.					
Kommunalt avløp	3 074	3 394	6 454	4 761	4 435
Kommunal vassforsyning	2 459	2 566	4 053	3 814	4 033
Hushaldningsavfall	2 690	3 320	3 318	3 001	3 140
Samferdsel					
Brutto utgifter til gatebelysning pr. kilometer belyst veg	22 829	14 777	14 482	21 406	25 675
Netto driftsutgifter til kommunale vegar og gater pr. km.	77 368	169 497	184 603	116 024	166 720
Eigedomsavdeling					
Utgifter til vedlikehald pr. kvadratmeter	48	223	20	84	109
Herav utgifter til reinhald	179	175	90	163	172
Herav energi-kostnader pr. m2	57	101	43	128	143

Ansvar 5000 Byggesak - Sjølvkost

Byggesak står til ei kvar tid i spennet mellom kunde, søkjar, lovverk og politisk vedtekne planar. Som tidlegare påpeika - sist i årsmeldinga for 2020 - er dispensasjonsgraden i Giske alarmerande høg. I den grad dispensasjonsgraden er eit uttrykk for at den faktiske politiske vilje ikkje samsvarar med overordna regelsett i kommuneplanens arealdel - så må aktuelle regelsett vurderast/justerast i den førestående rulleringa av arealdelen. Det er difor avgjerande at rulleringsarbeidet blir prioritert.

Bemanningsituasjonen har vore kritisk over lengre tid med notorisk underbemanning kombinert med stor turnover. Arbeidet med rekruttering, opplæring og behalde tilsette over tid, vil alltid vere særleg utfordande i ein liten organisasjon. Situasjonen pr. i dag - med tre av fire nytilsette sakshandsamarar - fordrar ekstraordinær tilnærming.

I prognose for månadsrapport for oktober har ein etter prognose meldt om manglande gebyrinntekter på 1,5 mill. ved utgangen av året. Pr. dags dato ligg dekningsgraden på 34% i høve budsjetterte inntekter. Ein har ikkje ikkje tilgjengelege sjølvkostmidlar (fond) på området og kommunen må dekke manglande gebyrinntekter.

Dei siste fem åra har kommunen til saman dekt om lag kr 6 mill. i manglande gebyrinntekter. Det er eit tankekors at kommunen ikkje har valgt å finansiere opp tilstrekkeleg produksjonskapasitet gjennom gebyrauke.

For budsjettåret 2023 tilseier sjølkostberekningane eit driftsbudsjett på kr. 3,3 mill. Ut frå bemanninssituasjonen (produksjonskapasiteten) og påløpte restansar, må ein ta høgde for at det vert vesentleg underdekning i gebyrinntektene) også for budsjettåret 23.

Grunna arbeidssituasjonen har ein ikkje prioritert raportering for året 2021. Gitt dagens situasjon kan ein heller ikkje pårekne at ein maktar å gjennomføre rapportering for inneverande år.

Ansvar 5210 Feiing og tilsyn - Sjølvkost

Kommunen kjøper tenesta frå Ålesund kommune.

Ansvar 5410 Oppmåling - Sjølvkost

Kommunen kjøper oppmålingstenester frå to ulike landmålarføretak. Gebyrområdet har over fleire år hatt jamn- og god produksjon. Gebyrsatsane vart reduserte for inneverande for å kunne redusere eldste delen av opparbeidd sjølvkostfond.

Ansvar VAR - Vatn, avløp og renovasjon: 6200 Vassforsyning, 6300 Avløp og reinsing, 6350 Slamtømming. 6400 Renovasjon - Sjølvkost

Drift og vedlikehald av vassforsyninga, som saman med avløp og reinsing, slamtømming og renovasjon blir regulert av eige lov- og regelverk, og skal drivast innanfor særavgifter, er sjølvfinansierande. Noko vatn blir kjøpt frå Ålesund kommune sidan dette er nytta som reservevassforsyning, og ein må ha kontinuerleg flyt av vatn i leidningane. Vidare er teneste 3400 Behandlingsanlegg og teneste 3450 Leidningsanlegg eigne tenesteområde under sjølvkost, der det er store investeringsbehov.

Slam og renovasjon blir kjøpt frå - og er administrert av ÅRIM. Vi legg satsane til ÅRIM til grunn.

I samband med kartlegging av grunn på kommunal eigedom på Gjøsundet er det hausten 2023 avdekka eit gammalt søppeldeponi. For å kunne bruke området må det gjerast tiltak- avhengig av kva området skal brukast til. Kostnadar i samband med etterarbeid av gamle deponi kan førast på renovasjon, og ein må i 2024, eventuelt i 2025 investere i tiltak grunna desse tilhøva.

Ansvar 5500 Regulering - Ikkje sjølvkost, men vedteken sjølvfinansiert

Ny gebyrforskrift iverksett 01.01.2021. Regulering er ikkje eit vedteke sjølvkostområde, men gebyra forutset som prinsipp at området i størst mogleg grad skal vere sjølvfinansierande. For året 2020 var dekningsgraden 83%.

Grunna tørke i oppstarta/nye reguleringsplanar (gjeld i perioden 2020, 2021 og så langt i inneverande år) har ein for inneverande år budsjettert med gebyinntekter på kr. 445 000 . Samla driftsutgifter er budsjetterte til kr. 1,7 mill. Prognose pr. oktober tilseier eit årsresultat på om lag kr. 215 000.

Ansvar 5510 Plan

Består av overordna planarbeid:

- Rullering av kommuneplanens samfunnsdel forutsettast sluttført i løpet av 2022.
- Rullering av kommuneplanens arealdel vert å starte opp i løpet av vårparten 2023.

Vi er første generasjon som handfast opplever menneskeskapte klimaendringar. Samstundes er vi den siste generasjon som realistisk sett kan påverke (redusere/bremse) desse. Møre og Romsdal fylkeskommune har sett seg som mål å vere berekraftsfylke nr.1. Plan for Areal, Klima og Transport (PAKT) er no vedteken for Ålesundsregionen.

Implementering av FNs berekraftsmål vurderast som avgjerande i all kommunal planlegging og er elles i samsvar med forvaltningsansvaret som kommunen har etter plan- og bygningslova § 1.

Det er avgjerande at ein i arealdelen arbeider vidare med dei styringssignal som er gitt i samfunnsdelen for framtidig busetnadsmønster, tettstad-/senterstruktur, trafikkmønster, trafikktrygging, kollektivtransport, næringsutvikling, landbruk/jordvern, struktur for skule- og helsetenester mm. Slik sett vert arealdelen ikkje berre ein plan for arealdisponering, men også ein plan for utbyggingstakt og ein viktig premissleverandør for kostnader med framføring av teknisk infrastruktur.

Kommunebilde (statsforvaltar):

Giske kommune har ikkje stort og roboust miljø på plansida, men kommunen er flink til å bruke plan som verktøy for utbygging. Kommunen kan jobbe meir med å bruke det overordna planverket som strategisk veerktøy i si planlegging.

Statsforvaltar merkar også at kommunen har utfordringar knytt til forvaltning av arealressursane i strandsona, særleg på Valderøya. Aktive og offensive utbyggjar, utbyggingspress og eit avgrensa tilgjengeleg areal kan ver utfordrande å handtere for kommunen som planmyndigheit.

Når det gjeld framtidsperspektiv peikar statsforvaltar på at Giske kommune er ein av få kommunar i fylket med vekst i folketalet. Nærleiken til Ålesund gjer Giske attraktiv som bustadkommune for mange, for etablering av næringar mv. Kommunen er slik i posisjon til å ta styring over arelabruken sin, og legge føringar for korleis areala skal forvaltast. Statsforvaltar trekker også fram at samarbeid med nabokommunar om strategiske plan - og utviklingsoppgåver som vil kunne styrke kompetanse og kapasitet på planområdet.

Ein kan merke her at kommunen samarbeider alt om ein del strategiske plan - og utviklingsoppgåver, som mellom anna PAKT planen, arealplalegging i sjø, og samarbeid om marine grunnkart.

Ansvar 5100 Eigedomsavdeling

Bygg og eigedomsavdelinga

Viser til forvaltningsrapport utarbeidd i 2021 som viser at Giske kommune ikkje har sett av midlar til vedlikehald. I realiteten dekker løyvingane kun drift. Denne situasjonen har vort uendra over mange år. Manglande vedlikehald påverkar tenestene og brukarane av bygga.

Giske kommune står ovanfor eit vegval - kva vi skal gjere med vår bygningsmasse framover, skal vi utføre verdibevarande vedlikehald eller skal bygga forfalle. For enkelte av bygga er situasjonen pr. dags dato slik at manglande vedlikehald blir sjølvforsterkande, og tilstanden er alt svært dårleg. Dette gjeld mellom anna fleire av omsorgsbygga.

For å maksimere brukstid/nytteverdi av bygga må ein ha midlar til oppgradering for å møte endra krav til funksjon (brukstilpasning) og energibruk. Samla sett "forbrukar" ein bygningsmassen mykje raskare enn forventa levetid og gjer at sanering og nybygg tvingar seg fram. Dette er ei utvikling som på sikt er uøkonomisk og lite berekraftig.

Etterslepet er berekna til minst 100 mill. kroner. Teknisk foreslår at løyvingane til vedlikehald av den kommunale bygningsmassen vert trappa opp med kr 2 million i 2024 og aukar med same beløp dei 4 påfølgande åra, til kr 8 million pr år. Berre på denne måten kan Giske kommune hente inn att vedlikehaldsetterslepet.

Ansvar 5300 Brann- og oljevern

Giske kommune kjøper no tenesta frå Ålesund kommune. Giske kommune deltek i det Interkommunale utvalet mot akutt forureining IUA.

Ansvar 5400 Kommunalt kartverk

Lovpålagd teneste som ikkje er sjølvfinansiert. Omfattar drift- og oppdatering av alle kartopplysningar.

Kommunen har delteke i felles kartleggingsprosjekt saman med nye Ålesund kommune og Statens kartverk der sjøområda i kommunen er kartlagde. Det er undersjøisk topologi og grunnforhold som er kartlagt. Ut frå desse datasetta angis undersjøisk fauna og biologisk masse. Framtidig vidareutvikling/ kvalitetsheving i form av nykartleggingar på utvalde tema som til dømes forureiningspunkt, område med dårleg resipient, straumforhold osv må vurderast på lik linje med fortløpande kvalitetsheving av kommunens landbaserte kart.

Kartlegging av sjøområda vil vere eit avgjerande verkty for berekraftig planlegging- og forvaltning av sjøområda i kommunen. Marine grunnkart vil vidare vere viktig beslutningsgrunnlag for landbaserte aktivitetar/utbyggingar og andre menneskeskapte påverknader som har konsekvens for sjøområda. Formannskapet har i sak 115/21 den 20.09.21 gjort vedtak om å inngå intensjonsavtale med fylkeskommunen om ytterlegare styrking av marint kunnskapsgrunnlag i fylket.

Ansvar 5520 Grunnkjøp

Ein legg opp til budsjettmessig ressursbruk på om lag 2,3 stillingar. Ei stilling står vakant, noko som har gjort at der er lang kø av gamle saker. Arbeidet omfattar alt førebuande arbeid i samband med kjøp/avhending av kommunal eigedom - både for det som er delegert til kommunedirektøren - jf delegeringsreglementet kap 7, samt saker lagt fram for formannskapet.

Arbeidet med utbyggings- og avhendingsporteføljen i samsvar med økonomiplan har vore særs arbeidskrevjande. Arbeidet har i realiteten hatt karakter av å vere eigedomsutvikling snarare enn tradisjonell avhending. Etter planen skulle ein avhende areal for å kunne finansiere utbygging av tekniske anlegg på andre områder. Føremålet med slik utbygging av tekniske anlegg er å kunne selge som byggeklare tomter. I 2023 har ein lukkast i å få fram prosjekt Jusspimarka/Sundnesmarka.

Ansvar 6100 Veganlegg

Ansvarsområdet dekkjer drift av veganlegg, gatelys, gravferdsteneste, parkar og plassar. Ansvarsområdet er ikkje sjølvkostfinansiert

Snøbrøyting/vinterdrift:

Giske kommune har i dag 7 brøyteroder. Av desse brøyter kommunen 1 rode sjølv. Giske kommune set opp brøytestikker for alle rodene. Giske kommune strør sand for alle rodene utanom rode T6 Godøya. Det er i dag ca. 88 km med kommunal køyreveg og ca. 20 km med gang- og sykkelveg i kommunen.

Drift og vedlikehald av gatelys er hovudsakleg delt inn i to budsjettpostar "Straumutgifter" og "Vedlikehald anlegg":

Giske kommune har ansvar for drift og vedlikehald for ca. 3100 gatelys. Dette er gatelys på kommunale vegar, fylkesvegar og delar av riksveg i kommunen. Drift og vedlikehald av gatelys på riksveg og nokre av fylkesvegane får vi refusjon frå Statens vegvesen og Fylkeskommunen. På fylkesveg får vi refusjon på dei vegane med ÅDT over 1200. Størsteparten av drifts- og vedlikehaldskostnadane er naturleg nok i vinterhalvåret med tilsvarande reduserte kostnader sommarhalvåret.

Parkar og plassar:

Sjølv med auka overføringar frå kyrkja er tenesta framleis underfinansiert og underbemanna. Kyrkja dekker tenesta med knappe 1,2 mill. Dette motsvarar 2 stillingar. Føring av timar viser at behovet for å dekke tenesta ligg på 2,8 stillingar til dette arbeidet. Det betyr at 80% stilling i realiteten vert sponsa av vatn, avløp og renovasjon. Også når det gjeld kjøp av utstyr i samband med gravferdstenesta (heve- og senkeapparat og grøftekasse) så dekker teknisk halvparten, noko som går på drifta.

Ei oppjustering av driftsmidlane er difor påkrevd for å halde parktenesta på dagens nivå og er foreslått i neste års budsjett.

Utfordringsbilete

- Ny hovudplan for vatn og avløp er under sluttføring og vil legge føringar for framtidig utbygging/utskifting av leidningar, reinseanlegg samt framtidig leidningsstruktur. Slik utbygging forutset vesentleg gebyrauke i åra som kjem.
- Komplekse byggesaker tek mykje ressursar og er krevjande. Omfanget av dispensasjonar som gis er særs arbeidskrevjande og er - så langt administrasjonen kan sjå - ei vesentleg forklaring på utfordringane med å handtere saksmengda innan tidsfristane etter lova. Forholdet mellom den enkelte reguleringsplan og den seinare- og overordna kommuneplan er på mange områder uklart - både for administrasjonen og søkar.
- Stort vedlikehaldsetterslep i kommunale bygg i ein storleik av om lag kr 100 mill.
- Det er utfordrande å oppnå jamn og stabil utleige - utleigebygg kan bli ståande tomme. Enkelte bustadar har ikkje hensiktsmessig lokasjon - særleg med tanke på kollektivtilbod.
- Fragmentert ansvar for utleigebygga (utleige, fakturering, vedlikehald, inngåing av husleigeavtalar). Gjennomført LEAN-prosess - men ikkje teke stilling til ansvar og finansiering av funksjonen eigedomsforvaltar.
- Vi treng ein forvaltningsplan for kommunal eigedom (kva skal vi eige og kva skal vi selje?) Må avklarast gjennom rullering av samfunnsdel og arealdel i kommuneplan.
- Plan - rullering av ny samfunnsdel og arealdel i 2021 og 2022. Kapasietsmessig er dette særs utfordrande for eininga. Det er behov for å revidere og spisse samfunnsdelen av kommuneplanen slik at han blir eit

styringsverktøy. Det er stort behov for å sjå samanhengen i dei kommunale planane. Det er utfordrande å sikre at prosessen vert gjennomført slik at heile kommunen får eigarskap til styringsdokumentet.

Styringskort og styringsindikatorar

FOKUSOMRÅDE	MÅL	MÅLINDIKATOR	RESULTATMÅL 2023
BRUKARAR:			
Abonnentar	Sikre trygg leveranse	Rangering i kostra samt effektivitetsbarometer samt eigne laboratorieanalyser for vatn.	Avklare opptrappingsplan for gebyrområda i samsvar med hovudplan for vatn og avløp
Søkjarar	Saksbehandling i samsvar med lov, forskrift og kommunale planar innan tidsfrist	Rangering i kostra	Alle saker skal handsamast innan frist
Brukarar av føremålsbygg	Tilby bygg med ein akseptabel (minimum) standard	Rangering i kostra samt kommunens eige FDV-system (IK-bygg)	Ingen: Budsjetterte midlar går fullt ut til å dekke fortløpande drift
MEDARBEIDARAR:	Behalde- og rekruttere rett kompetanse	Målstruktur og målformulering må synleggjerast - Er ikkje klart nok definert på einingsnivå.	Avklare behov for kompetanse på ansvar-/tenesteområde
	Sikre naudsynt kompetanseutvikling		Behovskartlegging gjennom medarbeidarsamtaler
	Sikre trivsel i ein økonomisk krevjande situasjon		Synleggjere/forklare føremål og effekt av budsjett i balanse.
ØKONOMI:	Auka ressurstilgang til einingа for å sikre bemanning for oppgåver utanfor sjølvkostområda.	Grad av samsvar mellom forvaltningsområde/lovområde - slik desse går fram av delegeringsreglementet - og bemanningsgrad/stillingsprosent på det enkelte ansvars- og tenesteområde.	Gjennomgang av delegeringsreglementet samt effektuere ny vidaredelegering frå kommunedirektøren
	God økonomistyring	Avvik i % av vedteken netto driftsramme, Månadleg rapportering	≤0



10 Kyrkjelege føremål

Driftsbudsjett, kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Teneste	10 Kyrkjeleg føremål	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
3900	KYRKJER	4 344	4 531	4 828	4 828	4 828	4 828
3930	GRAVPLASSAR	1 160	1 220	1 336	1 336	1 336	1 336
	Sum ramme 10 Kyrkjeleg føremål	**5 505**	**5 751**	**6 164**	**6 164**	**6 164**	**6 164**

På rammeområde 10, Kyrkjelege føremål er overføring til kyrkjeleg fellesråd kr 4 371 400 og kr 60 000 til teneste 3930 Gravplassar.

Kr 160 000 er intern overføring til stab, fellestenester og kr 1 160 000 er overført til teknisk eining for tenester som kommunen leverer ifylgje tenesteavtale for adinistrative tenester, tekniske tenester og vedlikehald av kyrkjegardane.

6. Løyvingsoversikter - Kommunedirektøren sitt forslag



6.1 Løyvingsoversikt drift jfr § 5 - 4 første ledd- Kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Løyvingsoversikt drift jfr § 5-4 første ledd	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Kommunedirektøren sitt forslag						
Rammetilskudd	- 262 905	- 283 486	- 300 391	- 305 227	- 305 230	- 305 239
Inntekts- og formuesskatt	- 311 009	- 298 826	- 317 363	- 317 363	- 317 363	- 317 363
Eiendomsskatt	- 28 024	- 21 375	- 30 000	- 30 500	- 30 500	- 30 500
Andre generelle driftsinntekter	- 24 894	- 19 383	- 33 577	- 31 964	- 33 577	- 32 164
SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	**- 626 833**	**- 623 070**	**- 681 331**	**- 685 054**	**- 686 670**	**- 685 266**
	-	-	-	-	-	-
Sum bevilgninger drift, netto	529 102	556 897	599 200	595 374	588 902	584 261
Avskrivinger	40 650	40 650	39 616	39 616	39 616	39 616
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	**569 753**	**597 547**	**638 816**	**634 990**	**628 518**	**623 877**
	-	-	-	-	-	-
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	**- 57 080**	**- 25 523**	**- 42 515**	**- 50 064**	**- 58 151**	**- 61 388**
	-	-	-	-	-	-
Renteinntekter	- 2 518	- 3 168	- 5 594	- 5 119	- 4 582	- 4 450
Utbytter	- 93	- 50	- 50	- 50	- 50	- 50
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	3 901	- 6 000	- 7 000	- 7 000	- 7 000	- 7 000
Renteutgifter	26 055	37 911	53 329	53 421	53 551	60 209
Avdrag på lån	37 790	43 130	43 312	45 456	47 558	52 302
NETTO FINANSUTGIFTER	**65 136**	**71 823**	**83 997**	**86 708**	**89 477**	**101 010**
	-	-	-	-	-	-
Motpost avskrivinger	- 40 650	- 40 650	- 39 616	- 39 616	- 39 616	- 39 616
	-	-	-	-	-	-
NETTO DRIFTSRESULTAT	**- 32 595**	**5 650**	**1 867**	**- 2 971**	**- 8 291**	**6**
	-	-	-	-	-	-
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	-	-	-	-	-	-
Overføring til investering	1 500	1 550	1 600	1 650	1 650	1 650
Avsetninger til bundne driftsfond	4 406	5	523	523	523	523
Bruk av bundne driftsfond	- 6 043	- 8 343	- 3 990	- 3 990	- 3 990	- 3 990
Avsetninger til disposisjonsfond	33 829	1 138	-	4 788	10 108	1811
Bruk av disposisjonsfond	- 1 097	-	-	-	-	-
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
SUM DISPONERINGERELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	**32 595**	**- 5 650**	**- 1 867**	**2 971**	**8 291**	**-6**
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	**0**	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**

6.2 Løyvingsoversikt drift - Rammeområde jf. 5-4 andre ledd - Kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Ramme	Løyvingsloversikt drift Rammeområde jf. 5-4 andre ledd - Kommunedeirektøren sitt forslag	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1	POLITISK STYRING	4 484	4 766	4 993	5 361	4 993	5 383
2	KOMMUNE LEIING - STAB, KULTUR, SERVICE OG NÆRING	22 868	25 933	31 584	31 584	31 384	31 384
3	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	-8 722	14 403	14 431	12 417	11 543	11 543
4	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	8 547	8 694	12 992	12 992	12 992	12 992
5	OPPVEKST	221 252	234 364	255 063	257 878	257 847	257 817
6	BARN, FAMILIE, HELSE	54 470	57 544	66 043	66 043	66 043	66 043
7	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	199 758	180 818	189 401	189 401	189 401	189 401
8	MILJØ OG KULTUR	0	0	0	0	0	0
9	TEKNISK	20 457	25 737	20 003	15 003	10 003	5 003
10	KYRKJELEGE FØREMÅL	5 505	5 751	6 164	6 164	6 164	6 164
12	SKATT, RAMMETILSKOT, FINANS	484	-1 114	-1 473	-1 468	-1 468	-1 468
	Sum bevillinger drift, netto	**529 102**	**556 897**	**599 200**	**595 374**	**588 902**	**584 261**

Avvik i høve tabellar som kjem fram i på kapitla om dei enkelte rammeområda skriv seg blant anna frå avskrivingar, bruk av og avsetning til driftsfond. Desse beløpa er i løyvingsoversikt drift B tatt ut då dei er tekne med i løyvingsoversikt drift A

6.3 Økonomisk oversikt drift jf. § 5 - 6 - Kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000

Økonomisk oversikt drift jf § 5 - 6	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Kommunedirektøren sitt forslag						
Rammetilskudd	- 262 905	- 283 486	- 300 391	- 305 227	- 305 230	- 305 239
Inntekts- og formuesskatt	- 311 009	- 298 826	- 317 363	- 317 363	- 317 363	- 317 363
Eiendomsskatt	- 28 024	- 21 375	- 30 000	- 30 500	- 30 500	- 30 500
Andre skatteinntekter	-	-	-	-	-	-
Andre overføringer og tilskudd fra staten	- 24 894	- 19 383	- 33 577	- 31 964	- 33 577	- 32 164
Overføringer og tilskudd fra andre	- 94 060	- 52 694	- 53 656	- 53 690	- 53 451	- 53 490
Brukerbetalinger	- 20 302	- 20 455	- 19 669	- 19 094	- 19 094	- 19 094
Salgs- og leieinntekter	- 62 204	- 65 048	- 81 582	- 86 582	- 91 582	- 96 582
SUM DRIFTSINNTEKTER	**- 803 398**	**- 761 267**	**- 836 237**	**- 844 420**	**- 850 796**	**- 854 432**
	-	-	-	-	-	-
Lønnsutgifter	365 756	347 212	373 256	373 381	373 199	373 364
Sosiale utgifter	86 448	98 032	105 009	103 006	102 103	102 096
Kjøp av varer og tjenester	223 985	225 523	246 473	248 944	248 358	248 598
Overføringer og tilskudd til andre	29 479	24 327	29 369	29 408	29 369	29 369
Avskrivninger	40 650	40 650	39 616	39 616	39 616	39 616
SUM DRIFTSUTGIFTER	**746 318**	**735 744**	**793 723**	**794 356**	**792 645**	**793 043**
	-	-	-	-	-	-
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	**- 57 080**	**- 25 523**	**- 42 515**	**- 50 064**	**- 58 151**	**- 61 388**
	-	-	-	-	-	-
Renteinntekter	- 2 518	- 3 168	- 5 594	- 5 119	- 4 582	- 4 450
Utbytter	- 93	- 50	- 50	- 50	- 50	- 50
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	3 901	- 6 000	- 7 000	- 7 000	- 7 000	- 7 000
Renteutgifter	26 055	37 911	53 329	53 421	53 551	60 209
Avdrag på lån	37 790	43 130	43 312	45 456	47 558	52 302
NETTO FINANSUTGIFTER	**65 136**	**71 823**	**83 997**	**86 708**	**89 477**	**101 010**
	-	-	-	-	-	-
Motpost avskrivninger	- 40 650	- 40 650	- 39 616	- 39 616	- 39 616	- 39 616
	-	-	-	-	-	-
NETTO DRIFTSRESULTAT	**- 32 595**	**5 650**	**1 867**	**- 2 971**	**- 8 291**	**6**
	-	-	-	-	-	-
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	-	-	-	-	-	-
Overføring til investering	1 500	1 550	1 600	1 650	1 650	1 650
Avsetninger til bundne driftsfond	4 406	5	523	523	523	523
Bruk av bundne driftsfond	- 6 043	- 8 343	- 3 990	- 3 990	- 3 990	- 3 990
Avsetninger til disposisjonsfond	33 829	1 138	-	4 788	10 108	1 811
Bruk av disposisjonsfond	- 1 097	-	-	-	-	-
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	**32 595**	**- 5 650**	**- 1 867**	**2 971**	**8 291**	**-6**
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	**0**	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**

6.4 Løyvingsoversikt investering jf. §5-5 første ledd - Kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Løyvingsoversikt investering jf. § 5-5 første ledd	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Kommunedirektøren sitt forslag						
Investeringer i varige driftsmidler	145 504	92 053	112 860	130 403	207 593	146 943
Tilskudd til andres investeringer	2 459	-	-	200	5 200	5 200
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 217	1 550	1 600	1 650	1 700	1 750
Utlån av egne midler	-	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	-	-	-	-	-	-
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	**149 180**	**93 603**	**114 460**	**132 253**	**214 493**	**153 893**
	-	-	-	-	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	- 25 527	- 7 868	- 11 585	- 19 433	- 32 023	- 20 943
Tilskudd fra andre	- 3 550	-	-	-	-	-
Salg av varige driftsmidler	- 2 797	-	-	- 8 900	- 5 000	- 7 000
Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	-	-	-
Utdeling fra selskaper	-	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	-	-	-
Bruk av lån	- 113 708	- 84 185	- 101 275	- 102 270	- 175 770	- 124 200
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	**- 145 581**	**- 92 053**	**- 112 860**	**- 130 603**	**- 212 793**	**- 152 143**
	-	-	-	-	-	-
Videreutlån	13 304	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000
Bruk av lån til videreutlån	- 13 304	- 8 000	- 8 000	- 8 000	- 8 000	- 8 000
Avdrag på lån til videreutlån	6 332	2 500	5 000	5 000	5 000	5 000
Mottatte avdrag på videreutlån	- 5 297	- 2 500	- 5 000	- 5 000	- 5 000	- 5 000
NETTO UTGIFTER VIDEREUTLÅN	**1 035**	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**
	-	-	-	-	-	-
Overføring fra drift	- 1 500	- 1 550	- 1 600	- 1 650	- 1 700	- 1 750
Avsetninger til bundne investeringsfond	11 015	-	-	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	- 14 150	-	-	-	-	-
Avsetninger til ubundet investeringsfond	-	-	-	-	-	-
Bruk av ubundet investeringsfond	-	-	-	-	-	-
Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	-	-	-
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	**- 4 634**	**- 1 550**	**- 1 600**	**- 1 650**	**- 1 700**	**- 1 750**
Fremført til inndekning i senere år udekket beløp	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**

6.4.1 Bruk av lån - Kommunedeirektøren sitt forslag

kommunedirektøren sitt forslag	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Bruk av lån	- 127 011 467	- 92 185 000	- 109 275 000	- 110 270 000	- 183 770 000	- 132 200 000
Herav Bruk av lån til videreutlån	- 13 303 558	- 8 000 000	- 8 000 000	- 8 000 000	- 8 000 000	- 8 000 000
Bruk av lån til investeringar	**- 113 707 909**	**- 84 185 000**	**- 101 275 000**	**- 102 270 000**	**- 175 770 000**	**- 124 200 000**
Herav lån til VAR	16 622 560	52 810 000	55 380 000	33 800 000	48 100 000	42 500 000
lån til investeringar ut over VAR	**- 97 085 349**	**- 31 375 000**	**- 45 895 000**	**- 68 470 000**	**- 127 670 000**	**- 81 700 000**

Framlegg frå kommunedirektøren.

Lån til VAR

Ansvar		Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
6200	VASSFORSYNING - VAR	12 217 830	26 230 000	26 670 000	14 900 000	9 400 000	10 900 000
6300	AVLØP OG RENSING - VAR	4 404 730	26 580 000	28 710 000	18 900 000	38 700 000	31 600 000
Sum	**Sum Lån til VAR**	**16 622 560**	**52 810 000**	**55 380 000**	**33 800 000**	**48 100 000**	**42 500 000**

Framlegg frå kommunedirektøren.

6.4.2 Investering fordelt på rammeområde - Kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Bevillingsoversikt investering jf. § 5-5 andre ledd per rammeområde	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
2 KOMMUNE LEIING - STAB, KULTUR, SERVICE OG NÆRING	-	1 363	1 363	1 363	1 363
3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	6 550	4 100	4 150	2 950	3 000
5 OPPVEKST	725	-	-	-	-
7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	-	2 187	-	-	-
9 TEKNISK	86 328	106 810	126 540	204 980	144 330
10 KYRKJELEGE FØREMÅL	-	-	200	5 200	5 200
Bevillingsoversikt investering jf. § 5-5 andre ledd per rammeområde	**93 603**	**114 460**	**132 253**	**214 493**	**153 893**

Framlegg frå kommunedirektøren.

6.5 Løyvingsoversikt investering -jfr § 5-5 andre ledd - Oversikt prosjekt - Kommunedeirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Prosjekt	Løuvingsoversikt investering jf. § 5-5 andre ledd - Kommunedeirektøren sitt forslag	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
0001	Oppgradering eksisterande leidning til Vigra	-	-	3 000	-	-	-
0003	Renovering av omsorgsbustader ved Gudmundvegen	-	-	-	1 450	2 400	2 150
0006	Renseanlegg Valderhaug	-	-	-	1 000	15 000	14 000
0012	Overføring Sætra - Blomvika	-	-	450	-	-	-
0014	Oppgradering utleigebustadar Ansvar 5100	-	-	630	630	1 880	1 880
0035	Oppgradering sydfasaden Giske idrettshall	-	-	-	1 500	-	-
0039	Renseanlegg Giske	-	-	-	-	-	700
0040	Godøy skule	-	-	-	-	1 630	-
0052	Vøle fasade Godøy skule A-bygg	-	-	-	-	2 500	-
0057	Renovering garderober Godøy skule B-bygget	-	-	-	1 880	1 880	-
0058	Renovering toalett Godøy skule B-bygget	-	-	-	-	1 250	-
0059	Oppgradere lokaler ved symjehall Godøy skule	-	-	-	-	1 250	-
0064	Butilbod til barn med spesielle behov	-	-	-	3 130	-	-
0071	Vøling av gymbygg og streeten ved Giske ungdomsskule	-	-	-	-	-	5 250
0080	Digitalisering og avhending av arkivmateriale	-	-	1 363	1 363	1 363	1 363
0083	Innvendig vøling fellesrom - Godøy bukollektiv	-	-	-	315	315	-
0084	Ombygging skyllerom - Godøy bukollektiv	-	-	-	-	-	160
0085	Utviding parkeringsplass - Godøy bukollektiv	-	-	-	-	310	185
0090	Vøling fasade Hustruhamna	-	-	-	3 750	-	-
0092	Ledningsanlegg Gjerdevegen	-	-	3 500	4 000	-	-
0093	Sykkelskur Godøy skule	-	-	-	-	1 880	-
0097	Utviding parkeringsareal Alnes besøkssenter	-	-	-	-	1 880	-
0119	Ombygging gamle Daggry barnehage	-	-	9 375	-	-	-
0121	Jusspimarka - opparbeiding utbyggingsområde	-	-	6 150	-	-	-
0124	Vigra omsorgssenter - innkjøp utstyr institusjonsdrift	-	-	1 000	-	-	-
0125	Trygghetsalarmer	-	-	1 187	-	-	-
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI	446	5 000	2 500	2 500	1 250	1 250
1304	EIGENKAPITALINNSKOT KLP	1 217	1 550	1 600	1 650	1 700	1 750
2302	IKT-UTSTYR SKULAR	469	600	-	-	-	-
2336	Oppgradering skulekjøkken Giske ungdomsskule	-	2 000	-	-	-	-
2337	Enøk tiltak Formålsbygg	-	250	-	-	-	-
2338	Innvendig vøling Vigra barnehage	-	440	-	-	-	-
2339	Omlegging tak på rådhuset	-	940	-	-	-	-
2340	Oppgradering Skomakervegen BF	-	440	440	440	440	440
2343	Oppgradering utstyr bygg og eigedom	-	500	315	315	315	315
2344	Sanering symjehall Godøy skule	-	1 280	1 280	-	-	-

Prosjekt	Løuvingsoversikt investering jf. § 5-5 andre ledd - Kommunedeirektøren sitt forslag	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
2345	Tilstandsvurdering Giske idrettshall	-	625	-	-	-	-
2346	GISKE UNGDOMSSKULE IT-UTSTYR	-	125	-	-	-	-
2347	Utvendig vøling - Vigra omsorgssenter	-	380	-	380	250	-
2348	Ny varmepumpe - Valderøy barneskule	-	1 250	1 250	-	-	-
5108	RENOVERING GISKE IDRETTSHALL	-	-	790	-	-	-
5122	Kjøp/sal tomter	17	-	-	-	-	-
5123	SAL GISKE KVILEHEIM - BURMAVEGEN 13	109	-	-	-	-	-
5130	NÆRMILJØTILTAK	118	4 070	-	-	-	-
5168	Vigra Skule tilbygg/påbygg/nybygg	163	2 380	2 500	60 000	125 000	76 500
5303	GODØY BRANNSTASJON - UTBETRIN	-	-	-	-	-	1 250
5304	Tankbil brannvesen/vassforsyning	5	-	-	-	-	-
5410	FELLES TEKNISK UTSTYR	183	200	200	200	200	200
5605	SKULEVEGEN GISKE	171	-	-	-	-	-
5702	YTTERLAND NÆRINGSOMR.	1 459	-	-	-	-	-
5756	UTVIKLING AV GJØSUND HAMNE- OG NÆRINGSOMRÅDE	1 799	6 250	6 300	6 300	6 300	6 300
5857	MUDRING GJØSUNDET	115 833	-	-	-	-	-
5858	Opparbeiding av næringsområde Gjøsund	7 669	-	6 300	6 300	6 300	6 300
6056	GANGV./LEIDN.ANL. RESET	-	9 750	15 000	5 250	-	-
6059	Gangveg Geilevika - Teppemyra	-	7 613	12 500	-	-	-
6060	Hovudplan veg	-	1 500	-	-	-	-
6154	GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-T	-	9 710	10 000	-	-	-
6201	MINDRE VEGANLEGG	117	500	500	500	500	500
6202	GATELYS	200	200	200	200	200	200
6204	TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK	-	200	200	200	200	200
6212	Transpormidler og maskiner til uteseksjonen	512	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200
6213	Utstyr og lisensar til prosjektleiarane	-	100	-	-	-	-
6221	ASFALTERING/REPARASJON KOMMUNALE VEGAR	1 499	2 500	-	-	-	-
6250	Modernisering av leidningsanlegg/lekkasjered/Hovudplan	1 297	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200
6252	Overføringsledning Godøy - Giske	610	-	-	-	-	-
6253	Vassledning Giske - Staurneset	2 257	-	-	-	-	-
6256	BYTTE AV GENERATOR ALNES VASSVERK	-	-	2 500	2 500	-	-
6257	NAUDSTRAUMSAGGREGAT TIL HENGAR	-	500	-	-	-	-
6309	OVERVATN ROKKEVEGEN	541	-	-	-	-	-
6310	Sanering nedlagt anlegg	-	500	-	2 500	-	-
6365	LEIDNINGSANLEGG DYB VEST	-	-	180	-	-	-
6372	Nytt hovudnett på Molnes	3 262	-	-	-	-	-
6373	LEIDNINGSANLEGG OG PUMPESTASJONAR VALDERØY	-	7 500	7 500	7 500	7 500	-
6380	TILBYGG ALNES RENSEANLEGG	-	5 000	-	-	-	-
6381	MINDRE LEIDNINGSANLEGG	752	1 350	1 350	1 400	1 400	1 400
6382	PUMPESTASJONAR OPPGRADERING	-	3 000	-	-	-	3 000
6383	FORNYING LEIDNINGSANLEGG	6 917	12 000	12 000	12 500	12 500	12 500
6386	HOVUDPLAN VATN/AVLØP	423	-	-	-	-	-
6390	RENSEANLEGG ROALD	52	1 000	-	-	9 300	8 500

Prosjekt	Løuvingsoversikt investering jf. § 5-5 andre ledd - Kommunedeirektøren sitt forslag	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
6501	MVA JUSTERINGSRETT	82	-	-	-	-	-
7101	Giske Kyrkje - forprosjekt murverk	200	-	-	-	-	-
7300	VALDERØY KYRKJEGARD	800	-	-	-	-	-
7320	Godøy gravplass utviding	-	-	-	200	5 200	5 200
	Sum investeringsutgifter bevillingsoversikt investering jf. § 5-5 første ledd	**149 180**	**93 603**	**114 460**	**132 253**	**214 493**	**153 893**

Detaljert beskrivelse av prosjekta ligg som vedlegg i punkt 7.1





7. Vedlegg

7.1 Investeringsbudsjett - Beskrivelse av prosjekt

Investeringsbudsjett 2024 27 beskrivelse av prosjekt

7.2 Investeringsbudsjett - Oversikt over valgte og ikkje valgte tiltak

231107 Oversikt investeringstiltak kort

7.3 Detaljert oversikt over driftstiltak

Driftstiltak detaljert 2024 27

7.4 Oversikt over driftstiltak

231025 Driftstiltak kort